



STATSMINISTERENS KONTOR

Meld. St. 4

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Anmodnings- og utredningsvedtak
i stortingssesjonen 2023–2024



STATSMINISTERENS KONTOR

Meld. St. 4

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Anmodnings- og utredningsvedtak
i stortingssesjonen 2023–2024

Innhold

1	Innledning	5	8.2	Stortingssesjon 2022–2023	83
1.1	Bakgrunn	5	8.3	Stortingssesjon 2021–2022	87
1.2	Årets melding til Stortinget	6	8.4	Stortingssesjon 2020–2021	90
			8.5	Stortingssesjon 2019–2020	95
2	Arbeids- og inkluderings- departementet	7	8.6	Stortingssesjon 2018–2019	96
2.1	Stortingssesjon 2023–2024	9	8.7	Stortingssesjon 2017–2018	98
2.2	Stortingssesjon 2022–2023	13	8.8	Stortingssesjon 2015–2016	99
2.3	Stortingssesjon 2021–2022	17	9	Justis- og beredskaps- departementet	100
2.4	Stortingssesjon 2020–2021	18	9.1	Stortingssesjon 2023–2024	104
2.5	Stortingssesjon 2019–2020	21	9.2	Stortingssesjon 2022–2023	112
2.6	Stortingssesjon 2017–2018	21	9.3	Stortingssesjon 2021–2022	115
			9.4	Stortingssesjon 2020–2021	118
3	Barne- og familie- departementet	23	9.5	Stortingssesjon 2019–2020	124
3.1	Stortingssesjon 2023–2024	24	9.6	Stortingssesjon 2017–2018	124
3.2	Stortingssesjon 2022–2023	27	9.7	Stortingssesjon 2016–2017	125
3.3	Stortingssesjon 2021–2022	28	10	Klima- og miljø- departementet	126
3.4	Stortingssesjon 2020–2021	30	10.1	Stortingssesjon 2023–2024	128
3.5	Stortingssesjon 2019–2020	34	10.2	Stortingssesjon 2022–2023	132
3.6	Stortingssesjon 2016–2017	36	10.3	Stortingssesjon 2021–2022	137
			10.4	Stortingssesjon 2020–2021	140
4	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	38	10.5	Stortingssesjon 2019–2020	141
4.1	Stortingssesjon 2023–2024	38	10.6	Stortingssesjon 2018–2019	141
4.2	Stortingssesjon 2022–2023	39	10.7	Stortingssesjon 2017–2018	142
4.3	Stortingssesjon 2021–2022	41	10.8	Stortingssesjon 2016–2017	144
4.4	Stortingssesjon 2020–2021	42	10.9	Stortingssesjon 2015–2016	144
			11	Kommunal- og distrikts- departementet	145
5	Energidepartementet	43	11.1	Stortingssesjon 2023–2024	146
5.1	Stortingssesjon 2023–2024	45	11.2	Stortingssesjon 2022–2023	151
5.2	Stortingssesjon 2022–2023	49	11.3	Stortingssesjon 2021–2022	155
5.3	Stortingssesjon 2021–2022	55	11.4	Stortingssesjon 2020–2021	156
			11.5	Stortingssesjon 2018–2019	156
6	Finansdepartementet	58	11.6	Stortingssesjon 2015–2016	157
6.1	Stortingssesjon 2023–2024	59	12	Kultur- og likestillings- departementet	158
6.2	Stortingssesjon 2022–2023	62	12.1	Stortingssesjon 2023–2024	159
6.3	Stortingssesjon 2021–2022	63	12.2	Stortingssesjon 2022–2023	160
6.4	Stortingssesjon 2020–2021	64	12.3	Stortingssesjon 2021–2022	163
6.5	Stortingssesjon 2019–2020	64	12.4	Stortingssesjon 2020–2021	164
6.6	Stortingssesjon 2016–2017	65	12.5	Stortingssesjon 2018–2019	165
			12.6	Stortingssesjon 2017–2018	165
7	Forsvarsdepartementet	66	12.7	Stortingssesjon 2014–2015	166
7.1	Stortingssesjon 2023–2024	67			
7.2	Stortingssesjon 2022–2023	69			
7.3	Stortingssesjon 2019–2020	71			
7.4	Stortingssesjon 2016–2017	71			
8	Helse- og omsorgs- departementet	72			
8.1	Stortingssesjon 2023–2024	75			

13	Kunnskapsdepartementet	167	15	Nærings- og fiskeri-	
13.1	Stortingssesjon 2023–2024	169		departementet	197
13.2	Stortingssesjon 2022–2023	174	15.1	Stortingssesjon 2023–2024	200
13.3	Stortingssesjon 2021–2022	179	15.2	Stortingssesjon 2022–2023	208
13.4	Stortingssesjon 2020–2021	181	15.3	Stortingssesjon 2021–2022	211
13.5	Stortingssesjon 2019–2020	184	15.4	Stortingssesjon 2020–2021	216
13.6	Stortingssesjon 2018–2019	185	15.5	Stortingssesjon 2019–2020	220
13.7	Stortingssesjon 2017–2018	185	15.6	Stortingssesjon 2016–2017	221
13.8	Stortingssesjon 2016–2017	186	15.7	Stortingssesjon 2013–2014	221
13.9	Stortingssesjon 2015–2016	186			
14	Landbruks- og		16	Samferdselsdepartementet	223
	matdepartementet	188	16.1	Stortingssesjon 2023–2024	225
14.1	Stortingssesjon 2023–2024	189	16.2	Stortingssesjon 2022–2023	233
14.2	Stortingssesjon 2022–2023	191	16.3	Stortingssesjon 2021–2022	237
14.3	Stortingssesjon 2021–2022	194	16.4	Stortingssesjon 2020–2021	240
14.4	Stortingssesjon 2020–2021	195	17	Utenriksdepartementet	242
14.5	Stortingssesjon 2017–2018	195	17.1	Stortingssesjon 2023–2024	242
			17.2	Stortingssesjon 2022–2023	243



STATSMINISTERENS KONTOR

Meld. St. 4

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2023–2024

*Tilråding fra Statsministerens kontor 27. september 2024,
godkjent i statsråd samme dag.
(Regjeringen Støre)*

1 Innledning

1.1 Bakgrunn

Stortingets forretningsorden § 14 nr. 8 bokstav b forutsetter at regjeringen legger frem en årlig melding om oppfølging av stortingsvedtak som inneholder en anmodning til regjeringen (anmodningsvedtak), og om behandling av representantforslag som er vedtatt oversendt regjeringen til utredning og uttalelse (utredningsvedtak).

Regjeringen legger vekt på at Stortinget skal få en tydelig tilbakemelding om regjeringens oppfølging av de enkelte anmodnings- og utredningsvedtakene. Tilbakemelding gis i proposisjoner eller meldinger fra fagdepartementene. På den måten får fagkomiteene anledning til en ordinær behandling av regjeringens oppfølging av det enkelte vedtak.

Departementenes årlige budsjettproposisjoner gir en oversikt over hvordan anmodnings- og utredningsvedtakene under det aktuelle departement er fulgt opp. Fremstillingen omfatter alle anmodningsvedtak fra sesjon 2023–2024 og alle anmodningsvedtak hvor rapporteringen ikke er

avsluttet i forbindelse med den årlige behandlingen av stortingsmeldingen om anmodningsvedtak i kontroll- og konstitusjonskomiteen, jf. Innst. 239 S (2023–2024). I budsjettproposisjonene angis det om departementet anser at rapporteringen knyttet til det enkelte anmodningsvedtak kan avsluttes, eller om departementet planlegger å rapportere på vedtaket også i neste års budsjettproposisjon.

Melding om anmodningsvedtak legges frem samtidig med Prop. 1 S (2024–2025). Stortingsmeldingen gjengir omtalen som gis i departementenes budsjettproposisjoner.

Antallet anmodningsvedtak har variert noe mellom stortingssesjonene, og har jevnt over vært på et forholdsvis høyt nivå. Antall nye anmodningsvedtak i forrige stortingssesjon var omtrent på samme nivå som de to foregående sesjonene.

I tilbakemeldingene i Prop. 1 S (2024–2025) anser departementene at det samlet sett er utestående 413 vedtak der rapporteringen ikke kan avsluttes, se siste kolonne i tabell 1.1. Det utgjør 13 pst. av alle anmodningsvedtakene fra og med

Tabell 1.1 Antall anmodningsvedtak de elleve siste stortings sesjonene

Stortings- sesjon	Antall vedtak	Vedtaks- punkter ¹	Vedtak der departe- mentene i Prop. 1 S (2024–2025) har lagt til grunn at rapporteringen ikke kan avsluttes
2023–2024	268	268	159
2022–2023	253	259	96
2021–2022	203	261	48
2020–2021	568	568	61
2019–2020	231	231	13
2018–2019	91	91	10
2017–2018	429	429	15
2016–2017	386	459	7
2015–2016	393	477	3
2014–2015	192	195	1
2013–2014	82	82	0

¹ Stortingets anmodningsvedtak består på noen områder av flere underpunkter.

sesjonen 2013–2014. Tilsvarende tall i fjorårets melding var 14 pst.

1.2 Årets melding til Stortinget

I kapittel 2 til 17, sortert per departement, følger omtale av regjeringens oppfølging av alle vedtak fra stortings sesjon 2023–2024, i tillegg til alle anmodninger fra tidligere sesjoner hvor rapporteringen ikke er avsluttet i forbindelse med behandlingen av Innst. 239 S (2023–2024).

Hvert enkelt kapittel er en direkte gjengivelse av det aktuelle departementets omtale i Prop. 1 S (2024–2025), som legges frem på samme tidspunkt. Ved henvisninger i omtalen i kapittel 2 til 17, vises det til Prop. 1 S (2024–2025) fra det respektive departement. Statsministerens kontor har ikke hentet inn ny informasjon eller gjort egne separate vurderinger i forbindelse med fremleggelsen av stortingsmeldingen.

Det er ikke fattet noen utredningsvedtak i stortings sesjonen 2023–2024.

2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2023–2024, og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S (2023–

2024) mente ikkje var kvittert ut. Tabellen nedanfor visar også om departementet reknar med at rapporteringa om oppmodingsvedtaket no er avslutta eller om departementet vil rapportere konkret om vedtaket også i budsjettproposisjonen neste år.

Tabell 2.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	15	Legge til rette for at pensjonerte sjukepleiarar har gode insentiv for å jobbe i mindre stillingar i det offentlege	Ja
2023–2024	16	Greie ut medlemskap i pensjonsordning for sjukepleiarar for offentleg godkjente sjukepleiarar tilsett i bemanningsføretak	Nei
2023–2024	50	Bruken av omgrepa «tillitsvald» og «tariffavtale» i arbeidsmiljølova	Ja
2023–2024	52	Strategi for å styrke ideell sektor sin rolle og tilbod på arbeids- og velferdsfeltet	Nei
2023–2024	56	Representantforslag om betre ordningar for sjølvstendige og frilansarar ved svangerskap og sjukdom	Nei
2023–2024	69	Oppdatering av rettleiaren om økonomisk sosialhjelp i lys av SIFO-rapport om grunnlaget for dei statlege rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp	Ja
2023–2024	147	Regelverket for pårørande sine permisjonsmoglegheiter i arbeidslivet	Nei
2023–2024	438	Representantforslag om effektivisering av bilstøtteordninga i Nav – saksbehandlingstid	Ja
2023–2024	439	Representantforslag om effektivisering av bilstøtteordninga i Nav – gjennomgang av regelverk og organisering	Ja
2023–2024	550	Sikre krigsseglarane som får krigspensjon ein verdig alderdom	Ja
2023–2024	643	Utgreiing om å fjerne unntaket for helsesektoren i regelverket for innleige	Nei
2023–2024	660	Representantforslag om konkrete tiltak mot æreskriminalitet – økt kunnskap og kompetanse	Nei
2023–2024	661	Representantforslag om konkrete tiltak mot æreskriminalitet – barn og unge som er i utlandet mot sin vilje	Nei

Tabell 2.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	728	Representantforslag om å greie ut korleis staten kan overta inndringa ved dei meir openberre tilfella av lønnstjuveri	Nei
2023–2024	770	Endringar i ekteskapslova (forbod mot ekteskap mellom nære slektningar)	Nei
2023–2024	801	Greie ut forenklingar i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere høykvalifiserte arbeidstakarar frå tredjeland	Nei
2023–2024	842	Vurdering av eit avgrensa unntak frå arbeidsmiljølova for sjølvstendige konsulentar med spesialkompetanse	Nei
2023–2024	843	Oppfølging av arbeidet med oljepionerane i lys av kunnskapen frå NOU 2022: 19 Oljepionerene – en kompensasjonsordning	Nei
2022–2023	37	Endringar i folketrygdlova mv. (synleggjering av folkerettslege forpliktingar til trygdekoordinering)	Nei
2022–2023	61	Oppheve Arbeidstilsynet si øvre gebyrgrense	Ja
2022–2023	491	Utviklingstrekk og tiltak for heimekontor og stedsuavhengige arbeidsplassar	Nei
2022–2023	493	Endringar i arbeidsmiljølova mv. (arbeidstakaromgrepet og arbeidsgivaransvar i konsern)	Nei
2022–2023	530	Utgreiing av heimel for Arbeidstilsynet til å ta beslag i dokument under tilsyn	Nei
2022–2023	531	Greie ut heimel for Arbeidstilsynet til å hente inn informasjon frå «tredjepartar»	Nei
2022–2023	532	Representantforslag om å gjennomgå og vurdere Arbeidstilsynet sine heimlar for tilsyn, informasjonstilgang og sanksjonsmoglegheiter etter arbeidsmiljølova	Nei
2022–2023	533	Representantforslag om å hindre urimeleg tilbakebetaling for utføre som får seg jobb	Ja
2022–2023	604	Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging	Nei
2022–2023	627	Endringar i folketrygdlova (tilgang til å sjukmelde etter e-konsultasjon)	Ja
2022–2023	727	Prioritering av operative kontrollar, sanksjonering og etterforskning frå a-krimsentra	Nei
2022–2023	728	Vurdere bruk av arrest og utlegg frå kriminelle aktørar i a-krim samarbeidet	Nei
2022–2023	730	Plan for samarbeidet mellom a-krimsentra og ikkje-statlege aktørar	Nei
2022–2023	937	Vurdering av omlegging av fribeløpet i uføretrygda	Ja
2021–2022	456	Utgreie om sjølvstendige næringsdrivande og frilansarar skal opparbeide seg sterkare rettar til inntektssikring	Nei

Tabell 2.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (Ja/Nei)
2021–2022	794	Tilgjengelegheit og kvalitet i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving	Nei
2021–2022	813	Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt.	Nei
2021–2022	814	Lovendringar for å styrke tilsette sitt vern mot natt- og alenearbeid	Ja
2020–2021	238	Lovendringar for å redusere kravet til innbetaling av premie frå det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringa	Ja
2020–2021	239	Styrke arbeidslinja for offentleg tilsette født i årene 1944 – 1962	Ja
2020–2021	530	Rapportering om barn etterlatne i utlandet	Ja
2020–2021	615	Pensjonsutvalets vurdering	Ja
2020–2021	686	Studentar i utlandet kan ha deltidsjobb utan å miste medlemskap i folketrygda	Ja
2020–2021	911	Forenkling av yrkesskadereglene	Nei
2020–2021	930	NAV-ombod	Ja
2020–2021	1149	Endringar i arbeidsmiljølova, tilfeldig uttrekk av meddommarar frå kvar av dei særskilt arbeidslivskyndige utvala	Ja
2020–2021	1200	Avkorting i uføretrygd for fosterforeldre	Nei
2020–2021	1342	Evaluering av brillestøtteordninga	Ja
2019–2020	626	Juridisk og økonomisk medansvar for transportkjøparar/transporttingarar	Nei
2019–2020	627	Rettshevdinga til å stanse køyretøy	Nei
2017–2018	42	Særaldergrensen for tilsette i staten	Nei
2017–2018	321	Overgangsordning for fosterforeldre	Nei

2.1 Stortingssesjon 2023–2024

Legge til rette for at pensjonerte sjukepleiarar har gode insentiv for å jobbe i mindre stillingar i det offentlege

Vedtak 15, 7. november 2023

«Stortinget ber regjeringa legge til rette for at pensjonerte sykepleiere har gode insentiver for å jobbe i mindre stillingar i det offentlege, herunder vurdere unntak for innmelding i pen-

sjonsordningen for sykepleiere. Dette bør gjøres i samråd med partene, og regjeringa skal komme tilbake til Stortinget før lovendringa trer i kraft.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 120 L (2022–2023), Innst. 37 L (2023–2024), Lovvedtak 1 (2023–2024).

Regjeringa har saman med partane blitt einige om ei løysing som gjer det mogleg for sjukepleiarar fødd før 1965 å jobbe ved sida av pensjonen utan at pensjonen blir avkorta.

Vedtaket er fulgt opp i lovproposisjonen som følger opp forslaga i Prop. 1 S (2024–2025) og som blir lagd fram for Stortinget i november.

Greie ut medlemskap i pensjonsordning for sjukepleiarar for offentleg godkjente sjukepleiarar tilsett i bemanningsføretak

Vedtak 16, 7. november 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede om offentlig godkjente sykepleiere ansatt i bemanningsforetak og som leies ut til institusjoner under sykepleierpensjonsloven, også bør være medlemmer i pensjonsordningen for sykepleiere.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 120 L (2022–2023), Innst. 37 L (2023–2024), Lovvedtak 1 (2023–2024).

Oppmodningsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bruken av omgrepa «tillitsvald» og «tariffavtale» i arbeidsmiljølova

Vedtak 50, 28. november 2023

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene i arbeidslivet vurdere behovet for en bred gjennomgang av arbeidsmiljølovens bruk av begrepene «tillitsvalgt» og «tariffavtale». Dersom det i denne sammenheng viser seg å være behov for endringer, presiseringer eller begge deler, ber Stortinget regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:251 S (2022–2023), Innst. 73 S (2023–2024).

I samråd med partane har departementet teke inn ei presisering i Rettleiaren for innleigeregulverket som tydeleggjer at det å inngå avtale om innleige med andre enn fagforeiningstillitsvalde, i mange tilfelle vil vere tariffstridig.

Med dette ser departementet oppmodningsvedtaket som fulgt opp.

Strategi for å styrke ideell sektor sin rolle og tilbod på arbeids- og velferdsfeltet

Vedtak 52, 28. november 2023

«Stortinget ber regjeringen fremme en strategi for å styrke ideell sektors rolle og tilbod på arbeids- og velferdsfeltet.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:261 S (2022–2023), Innst. 61 S (2023–2024).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er i dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet om korleis arbeidet direktoratet allereie gjer kan inngå i ein slik strategi, og i kor stor grad det vil vere behov for nye element. Det vidare arbeidet med strategien må sjåast i lys av korleis avkommersialiseringsutvalet blir fulgt opp. Avkommersialiseringsutvalet har levert to rapportar. I delrapporten NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører* foreslo eit samla utval ein juridisk definisjon av ideelle aktørar og å opprette eit register for ideelle velferdsaktørar. Utgreiinga har vore på høyring. Sluttrapporten frå utvalet NOU 2024: 17 *Kommersielle og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester* gir ein gjennomgang av ulike modellar for korleis kommersielle aktørar kan fasast ut av velferdstenestene, også for arbeidsmarknadstiltaka. Utgreiinga er sendt på høyring av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Representantforslag om betre ordningar for sjølvstendige og frilansarar ved svangerskap og sjukdom

Vedtak 56, 30. november 2023

«Stortinget ber regjeringen foreslå bedre ordningar for gründere og selvstendig næringsdrivende ved svangerskap og sykdom for å gi tryggere rammer og større mulighet til å satse.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:234 S (2022–2023), Innst. 68 S (2023–2024).

Regjeringa arbeider med å vurdere utvalde problemstillingar knytt til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar sine sosiale rettigheter. Sjå nærmare omtale av det planlagde oppfølgingsarbeidet i del II, punkt 6.6.2 Sosiale ordningar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar. Sjå også omtale av oppmodningsvedtak 456 (2021–2022). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i samanheng med Prop. 1 S for 2026.

Oppdatering av rettleiaren om økonomisk sosialhjelp i lys av SIFO-rapport om grunnlaget for dei statlege rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp

Vedtak 69, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen oppdatere veilederen for økonomisk sosialhjelp innen 1. juli 2024 for å tydeliggjøre hvordan dekningen av utgifter til

internett, telefon og moderate utgifter til transport skal inngå ved utmåling av stønadsnivå. Oppdateringen skal ses i lys av den kommende SIFO-rapporten om grunnlaget for de statlige veiledende satsene for økonomisk sosialhjelp.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2023–2024), Innst. 2 S (2023–2024).

På oppdrag frå departementet har Arbeids- og velferdsdirektoratet oppdatert rettleiaren om økonomisk sosialhjelp. Direktoratet har på relevante stadar i rettleiaren lagt inn tekst som minner saksbehandlarane i NAV-kontora på at dei må vere merksame på utgifter til internett, telefon og transport. Slik gjer rettleiaren det tydelegare at ein skal vurdere slike utgifter ved utmåling av økonomisk sosialhjelp der det er relevant.

For omtale av rapporten frå SIFO, sjå del II, punkt 6.8 Inkludering i samfunnet og gode levekår for dei mest vanskelegstilte. Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Regelverket for pårørende sine permisjonsmoglegheiter i arbeidslivet

Vedtak 147, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå og forbedre regelverket for pårørendes permisjonsmuligheter i arbeidslivet for å sikre likestilling og bedre mulighetene til å kombinere arbeid og omsorg uten å pådra seg økonomiske problemer eller falle ut av arbeidslivet.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 24 (2022–2023), Innst. 112 S (2023–2024).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om effektivisering av bilstøtteordninga i Nav – saksbehandlingstid

Vedtak 438, 4. januar 2024

«Stortinget ber regjeringa senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2025 legge frem nødvendige forslag for å kutte den unødvendig lange saksbehandlingstiden for bilstøtte i Nav, eksempelvis forhåndsgodkjenning, forhåndsbestilling og langtidsplanlegging.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:24 S (2023–2024), Innst. 154 S (2023–2024).

Personar som ikkje er i stand til å komme seg inn og ut av bilen på eiga hand, utan å bruke heis eller rampe, kan få rente- og avdragsfritt lån til spesialtilpassa bil frå folketrygda. Dette gjeld òg personar med sterkt avgrensa gangsfunksjon eller personar som er utagerande og som må skjermast frå førarmiljøet i bilen av omsynet til trafikktryggleiken.

Regjeringa foreslår å legge om ordninga med stønad til spesialtilpassa kassebil slik at bilane blir førehandsbestilt. I dag bestiller Arbeids- og velferdsetaten bilar først etter at det er fatta vedtak om stønad til bil. Denne omlegginga kan redusere den totale leveringstida for spesialtilpassa kassebilar med seks til tolv månader.

Sjå nærmare omtale i del II, punkt 6.8.4 Hjelpemiddel og programkategori 09.10.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Representantforslag om effektivisering av bilstøtteordninga i Nav – gjennomgang av regelverk og organisering

Vedtak 439, 4. januar 2024

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå regelverket for og organiseringen av bilstøtten i Nav for å sørge for at saksbehandling, bestillinger og logistikk effektiviseres, slik at folk som er avhengig av bilen som hjelpemiddel i hverdagen, ikke risikerer å stå uten bil.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:24 S (2023–2024), Innst. 154 S (2023–2024).

Departementet viser til omtalen under oppmodingsvedtak nr. 438, 4. januar 2024.

Sjå nærmare omtale i del II, punkt 6.8.4 Hjelpemiddel og programkategori 09.10.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Sikre krigsseglarane som får krigspensjon ein verdig alderdom

Vedtak 550, 9. april 2024

«Stortinget ber regjeringa sørge for at krigsseilere som mottar krigspensjon, og som under andre verdenskrig ble pålagt av den norske stat aktivitet som medførte direkte fare for eget liv og helse, sikres nødvendig bistand for å sikre en verdig alderdom uavhengig av om de i dag er norske statsborgere bosatt i Norge eller har utvandret til andre land.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:72 S (2023–2024), Innst. 246 S (2023–2024).

I Prop. 92 L (2023–2024) blei det foreslått endringar i lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimestyrkepersonell og sivilpersonar – om refusjon av eigendelar ved varig innlegging i institusjon i utlandet. Ein einstemmig arbeids- og sosialkomité og eit einstemmig Storting slutta seg til forslaget, sjå Innst. L 291 (2023–2024) og lovvedtak 58 (2023–2024). Lova blei sanksjonert i statsråd og tredde i kraft 1. juni 2024. Vedtaket er dermed følgt opp.

Utgreiing om å fjerne unntaket for helsesektoren i regelverket for innleie

Vedtak 643, 14. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede fjerning av unntaket for helsesektoren i regelverket for innleie, med sikte på å redusere bruken av innleie i helsesektoren, uten å svekke kommunenes og helseforetakenes evne og mulighet til å redusere ventetider og opprettholde en forsvarlig helse-tjeneste.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:108 S (2023–2024), Innst. 296 S (2023–2024).

Oppmodningsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet vil i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet utrede fjerning av unntaket med sikte på å redusere bruken av innleie i helsesektoren. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om konkrete tiltak mot æreskriminalitet – økt kunnskap og kompetanse

Vedtak 660, 23. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen sette fokus på og sørge for at ansatte i skolene, barnehagene, barnevernstjenesten, helsetjenesten og politiet får økt kunnskap og kompetanse for tidlig å avdekke og følge opp der barn blir utsatt for negativ sosial kontroll og æresrelatert vold.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:96 S (2023–2024), Innst. 320 S (2023–2024).

Vedtaket vil bli vurdert i arbeidet med ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald (2025–2028). Det er lagt opp til at handlingsplanen blir ferdig våren 2025.

Representantforslag om konkrete tiltak mot æreskriminalitet – barn og unge som er i utlandet mot sin vilje

Vedtak 661, 23. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen utarbeide, oppdatere og styrke informasjon og veiledere om hvordan barn og unge som befinner seg i utlandet mot sin vilje, skal følges opp og gis hjelp dersom de oppnår kontakt med ambassader, barnevernet eller andre offentlige instanser, for å sikre at barna det gjelder, opplever å bli tatt på alvor»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:96 S (2023–2024), Innst. 320 S (2023–2024).

Vedtaket vil bli vurdert i arbeidet med ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald (2025–2028). Det er lagt opp til at handlingsplanen blir ferdig våren 2025.

Representantforslag om å greie ut korleis staten kan overta inndringa ved dei meir openberre tilfella av lønnstjuveri

Vedtak 728, 7. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan staten kan overta inndringa ved de mer åpenbare tilfellene av lønnstjuveri, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte – med sikte på innføring i 2025.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:142 S (2023–2024), Innst. 376 S (2023–2024).

Oppmodningsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Endringar i ekteskapslova (forbod mot ekteskap mellom nære slektningar)

Vedtak 770, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen legge frem en styrket handlingsplan mot tvangsekteskap og orientere Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 99 L (2023–2024), Innst. 427 L (2023–2024), Lovvedtak 90 (2023–2024).

Vedtaket vil bli vurdert i arbeidet med ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald (2025–2028). Det er lagt opp til at handlingsplanen blir ferdig våren 2025.

Greie ut forenklingar i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere h ykvalifiserte arbeidstakarar fr  tredjeland

Vedtak 801, 17. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede forenklinger i regelverket for norske bedrifter som vil rekruttere h ykvalifiserte arbeidstakere fra tredjeland, utrede om regelverket for selvstendig n ringsdrivende b r justeres, og komme tilbake til Stortinget p  egnet m te.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 23 (2023–2024), Innst. 360 S (2023–2024).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget p  eit seinare tidspunkt.

Vurdering av eit avgrensa unntak fr  arbeidsmilj lova for sj lvstendige konsulentar med spesialkompetanse

Vedtak 842, 20. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere et avgrenset unntak fra arbeidsmilj loven slik at selvstendige IT-r dgivere og konsulenter med spesialkompetanse fortsatt skal kunne levere arbeid og oppdrag.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:154 S (2023–2024), Innst. 449 S (2023–2024).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet har satt i gang eit utgreiingsarbeid for   vurdere ein s rregel for sj lvstendige konsulentar med spesialkompetanse innanfor enkelte bransjar som gjer det mogleg for dem   levere arbeidskraft i tillegg til oppdrag. Etter at saka har vore p  h yring vil regjeringa komme tilbake til Stortinget p  eit seinare tidspunkt.

Oppf lging av arbeidet med oljepionerane i lys av kunnskapen fr  NOU 2022: 19 *Oljepionerene – en kompensasjonsordning*

Vedtak 843, 20. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen, i lys av kunnskapen fra NOU 2022:19 Oljepionerene – en kompensasjonsordning, f lge opp arbeidet med oljepionerene og komme raskt tilbake til Stortinget p  egnet vis.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:161 S (2023–2024), Innst. 444 S (2023–2024).

Regjeringa har vurdert forslag om etablering av ei s rskild kompensasjonsordning for tidlegare oljearbeidarar bl.a. p  bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget i NOU 2022: 19. Regjeringa vil sikre at det raskt blir etablert bistand i yrkesskadesporet til tidlegare oljearbeidarar. Etter ei n rmare kartlegging av moglegheitene innafor det ordin re yrkesskadesystemet vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med ei endeleg vurdering av om det b r etablerast ei eiga kompensasjonsordning for denne gruppa, og ev. korleis ho b r utformast. For ytterlegare omtale, sj  kapittel 6.2 Eit sikkert og seri st arbeidsliv.

2.2 Stortingssesjon 2022–2023

Endringar i folketrygdlova m.m. (synleggjering av folkerettslege forplikningar til trygdekoordinering)

Vedtak 37, 26. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en avklaring av forholdet mellom folketrygdlovens bestemmelser og E S-retten.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 71 L (2021–2022), Innst. 33 L (2022–2023), Lovvedtak 2.

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget p  eit seinare tidspunkt.

Oppheve Arbeidstilsynet si  vre gebyrgrense

Vedtak 61, 24. november 2022

«Stortinget ber regjeringen betydelig heve den  vre grensen for ileggelse av overtredelsesgebyr samt s rge for at arbeidslivskriminalitet av grov karakter skal rutinemessig politianmeldes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:278 S (2021–2022), Innst. 51 S (2022–2023).

Vedtaket er f lgt opp gjennom Prop. 76 L (2023–2024) som blei lagt fram for Stortinget 5. april 2024. I Prop. 76 L (2023–2024) foreslo departementet   heve Arbeidstilsynet si  vre gebyrgrense fra 15 G til 50 G eller inntil 4 pst. av den  rlege omsetninga til ei verksemd.

Departementet sitt forslag i Prop. 76 L (2023–2024) blei vedtatt p  Stortinget. Endringane tr dte i kraft 1. juli 2021.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som f lgt opp.

Utviklingstrekk og tiltak for heimekontor og stedsuavhengige arbeidsplassar

Vedtak 491, 21. februar 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget, på et egnet tidspunkt, med en oppsummering av kunnskapsinnhenting og om utviklingstrekk for heimekontor og stedsuavhengige arbeidsplasser i arbeidslivet samt en vurdering av behovet for ytterligere tiltak i lys av dette.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:34 S (2022–2023), Innst. 188 S (2022–2023).

Departementet har gjennomført ei større kartlegging av omfang, utviklingstrekk og konsekvensar ved bruk av heimekontor og annet fjernarbeid. Kartlegginga har vore avgrensa til ei tid kor heimekontor i stor grad har vore pålagt, og den blir derfor følgt opp vidare i perioden 2021–2026.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget etter at kartlegginga er gjennomført.

Endringar i arbeidsmiljølova mv. (arbeidstakaromgrepet og arbeidsgivaransvar i konsern)

Vedtak 493, 21. februar 2023

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig utrede et lovforslag om å gi Arbeidstilsynet påleggskompetanse med hensyn til arbeidstakerbegrepet definert i § 1-8 og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 14 L (2022–2023), Innst. 181 L (2022–2023), Lovvedtak 41 (2022–2023).

Departementet har satt i gang eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verke-middelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utgreiingsarbeidet og forslag er på offentleg høyring no. Regjeringa tar sikte på å fremme lovproposisjon for Stortinget for behandling der våren 2025.

Utgreiing av heimel for Arbeidstilsynet til å ta beslag i dokument under tilsyn

Vedtak 530, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om en hjemmel for å ta beslag i relevante dokumenter som firmaer ikke vil vise frem under Arbeids-

tilsynets kontroller, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Departementet har satt i gang eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verke-middelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utgreiingsarbeidet og forslag er på offentleg høyring no. Regjeringa tar sikte på å fremme lovproposisjon for Stortinget for behandling der våren 2025.

Greie ut heimel for Arbeidstilsynet til å hente inn informasjon frå «tredjepartar»

Vedtak 531, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag som sikrer Arbeidstilsynet adgang til å hente informasjon fra flere aktører, en såkalt tredjepart, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Departementet har satt i gang eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verke-middelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utgreiingsarbeidet og forslag er på offentleg høyring no. Regjeringa tar sikte på å fremme lovproposisjon for Stortinget for behandling der våren 2025.

Representantforslag om å gjennomgå og vurdere Arbeidstilsynet sine heimlar for tilsyn, informasjonstilgang og sanksjonsmoglegheiter etter arbeidsmiljølova

Vedtak 532, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå og vurdere Arbeidstilsynets hjemler for tilsyn, informasjonstilgang og sanksjonsmuligheter etter arbeidsmiljøloven.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Departementet har satt i gang eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verke-middelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utgreiingsarbeidet og forslag er på offentleg høyring no. Regjeringa tar sikte på å fremme lovproposisjon for Stortinget for behandling der våren 2025.

Representantforslag om å hindre urimeleg tilbakebetaling for uføre som får seg jobb

Vedtak 533, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag som sikrer at uføre som kommer i arbeid, ikke skal få urimelige tilbakebetalingskrav for allerede utbetalt uføretrygd. Endringen må ikke innebære at dagens fribeløp svekkes eller fjernes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:76 S (2022–2023), Innst. 195 S (2022–2023). Viss etteroppgeret viser at årsinntekta har vore så høg at mottakaren eigentleg ikkje hadde rett til uføretrygd, kan Arbeids- og velferdsetaten la vere å krevje tilbake utbetalt uføretrygd viss inntektsoverskridinga blir skulda av eit forsøk på å komme seg tilbake i arbeidslivet. Nærmare reglar om dette (såkalla arbeidsforsøk) er fastsett i forskrift. I desember 2023 sendte departementet eit forslag om endringar i forskrifta på høyring. Forslaget opnar for å gjere unnataket for tilbakekrevjing meir fleksibelt slik at uføre kan prøve seg i arbeid fleire gonger, utan fare for å få eit tilbakebetalingskrav. Sjå nærmare omtale i del II, programkategori 29.50, kap. 2655. Høyringsinstansane har vore positive til forslaget, og departementet tek sikte på å fastsette endringane innan årsskiftet. Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging

Vedtak 604, 18. april 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for nødvendige regelendringer for å gi personer med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging, uavhengig av hvilket fylke man bor i, og med et omfang tilsvarende det som praktiseres i HELT MED. Oppfølgingen må kunne gis også av andre enn Nav, eksempelvis HELT MED eller vekst- og atførlingsbedriftene, gjerne ved at dagens tilskudd erstattes med varig oppfølging av både arbeidstaker og arbeidsgiver. Regjeringen bes komme tilbake med sin oppfølging i forbindelse med statsbudsjettet for 2024.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 8 (2022–2023), Innst. 246 S (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider med å gjere nødvendige endringar i forskrift om arbeidsmarknadstiltak for å gi personar i varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd forsterka oppfølging. Forslag om nye reglar for ei permanent ordning vil bli sendt på høyring.

Arbeids- og velferdsetaten vil i løpet av hausten 2024 sette i gang eit pilotprosjekt med oppfølging av deltakarar i varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd på oppdrag frå departementet. Erfaringar frå pilotprosjektet vil bidra inn i arbeidet med den permanente ordninga.

Endringar i folketrygdlova (tilgang til å sjukmelde etter e-konsultasjon)

Vedtak 627, 27. april 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en evaluering av ordningen med sykmelding basert på elektronisk konsultasjon, senest innen fire år.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 42 L (2022–2023), Innst. 283 L (2022–2023), Lovvedtak 51 (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet signerte juni 2023 avtale med Nasjonalt Senter for E-helseforskning om evaluering av sjukmelding etter e-konsultasjon. Formålet er å evaluere erfaringar og effektar av lovendringa. Forskarane vil undersøke kva erfaringar og haldningar legane og pasientane har med sjukmelding over e-konsultasjonar, kva som kjenneteiknar sjukmeldingane og kva betydning innføringa har for sjukefråværet. Prosjektperioden for oppdraget er 2023–2026.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget med informasjon om funna frå evalueringa på eigna måte. Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgd opp.

Prioritering av operative kontrollar, sanksjonering og etterforskning frå a-krimsentra

Vedtak 727, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at a-krimsentrene prioriterer operative kontroller, sanksjonering og etterforskning, samt at kunnskapsinnhenting innrettes for å understøtte dette.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023)

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Arbeidstilsynet, Arbeids- og

velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krimssamarbeidet. Arbeidet blir følgt opp gjennom fleire tiltak for å målrette innsatsen i det tverretatlege samarbeidet. Etatane har komme med ei foreløpig tilbake-melding i samband med årsrapporteringa for 2023.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Vurdere bruk av arrest og utlegg frå kriminelle aktørar i a-krimssamarbeidet

Vedtak 728, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa sørge for at man i a-krimssamarbeidet prioriterer bruk av arrest og utlegg fra kriminelle aktører.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023)

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krimssamarbeidet. Arbeidet blir følgt opp gjennom fleire tiltak for å målrette innsatsen i det tverretatlege samarbeidet. Etatane har komme med ei foreløpig tilbake-melding i samband med årsrapporteringa for 2023, og rapportert om betra resultat når det gjeld å ta frå dei useriøse aktørane utbytte frå kriminelle handlingar.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Plan for samarbeidet mellom a-krimssentera og ikkje-statlege aktørar

Vedtak 730, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa sørge for at a-krimssentrene har en plan for samarbeidet med ikke-statlige aktører som er tett på ofrene for arbeidslivskriminalitet, samt at det etableres et kontaktpunkt / en tipsløsning.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krimssamarbeidet. Arbeidet blir følgt opp gjennom fleire tiltak for å

målrette innsatsen i det tverretatlege samarbeidet. Etatane har komme med ei foreløpig tilbake-melding i samband med årsrapporteringa for 2023, der det bl.a. blir orientert om kva for samarbeid som er etablert med frivillige organisasjonar, aktørar i næringslivet og partane i arbeidslivet.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Vurdering av omlegging av fribeløpet i uføretrygda

Vedtak 937, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med statsbudsjettet for 2024 komme tilbake med en vurdering av en omlegging av fribeløpet i uføretrygden, herunder en vurdering av en økning av fribeløpet inntil 1 G og andre endringer med mål om at uføre med restarbeidsevne i større grad enn med dagens regelverk kan kombinere arbeidsinntekt med uføretrygd.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 2 (2022–2023), Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa varsla i Prop. 1 S (2023–2024) utlysning av ei ekstern utgreiing for å få eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for vurderinga. Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte rapporten *Utredning av modeller for kombinasjon av arbeidsinntekt og uføretrygd* 27.mai 2024. Rapporten konkluderer med at dagens reglar i hovudsak balanserer ulike omsyn på ein god måte, og at det ikkje er hensiktsmessig å gjere endringar i fribeløpet. SSBs analysar viser at eit fribeløp på om lag dagens nivå har positiv effekt på antalet mottakarar av uføretrygd som deltar i arbeidslivet. Rapporten konkluderer vidare med at eit høgare fribeløp truleg vil bidra i relativt liten grad til å få fleire uføretrygda i arbeid, samtidig som at ein auke av fribeløpet vil skape litt større forskjellsbehandling mellom mottakarar av full og gradert uføretrygd i favør dei med full uføretrygd. Sjå nærmare omtale i del II, programkategori 29.50, kap. 2655.

Departementet ser dermed oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Departementet vil likevel sjå nærmare på andre endringar som kan gjere det enklare å kombinere uføretrygd med arbeid. Rapporten frå SSB inneheld forslag til endringar for nokre grupper uføre som i dag har høge kompensasjonsgrader, og derfor tener lite på å arbeide ved sidan av uføretrygda. Regjeringa vil sjå nærmare på dette, og kjem tilbake med ei vurdering i Prop. 1 S for 2026.

2.3 Stortingssesjon 2021–2022

Utgøring om sjølvstendige næringsdrivande og frilansarar skal opparbeide seg sterkare rettar til inntektssikring

Vedtak 456, 31. mars 2022

«Stortinget ber regjeringa utrede om sjølvstendig næringsdrivande og frilansere skal opparbeide seg sterkere rettigheter til inntektssikring, inkludert forbedring av sykelønnsordninga og sosiale ordningar for sjølvstendig næringsdrivande.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:92 S (2021–2022), Innst. 215 S (2021–2022).

Regjeringa arbeider med å vurdere utvalde problemstillingar knytt til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar sine sosiale rettigheter. Sjå nærmare omtale av det planlagde oppfølgingsarbeidet i del II, punkt 6.6.2 Sosiale ordningar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i samanheng med Prop. 1 S for 2026.

Tilgjengelegheit og kvalitet i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving

Vedtak 794, 15. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en rapport om dekningsgrad for gjeldsrådgivere, ventetiden for å få time hos en gjeldsrådgiver og hvilken kompetanse gjeldsrådgiverne har.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:200 S (2021–2022), Innst. 373 S (2021–2022).

På oppdrag av Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Arbeids- og velferdsdirektoratet sette ut eit eksternt FoU-opppdrag for å få oppdatert kunnskap om økonomisk rådgiving i NAV-kontora. Rapport frå Oxford Research vil etter planen liggje føre i november 2024. Økonomisk rådgiving er òg tema for landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i NAV i 2024 og 2025.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget når ny kunnskap ligg føre.

Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt

Vedtak 813, 16. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa foreta en gjennomgang av problemstillingen om at arbeidsfolk som blir syke, men som ønsker å fortsette i inntektbringende arbeid utover 50 pst., får lavere uføretrygd dersom de på et seinere tidspunkt må søke uføretrygd fordi arbeidskapasiteten blir ytterligere redusert, og komme tilbake på egnet måte til Stortinget.»

Oppmodningsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lovendringar for å styrke tilsette sitt vern mot natt- og alenearbeid

Vedtak 814, 16. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa sette ned et utvalg som skal utrede og legge frem forslag til lovendringer for å styrke ansattes vern mot natt- og alenearbeid. Særlig må det sikres at ansatte i varehandelen er tilstrekkelig beskyttet av arbeidsmiljølovens bestemmelser om kvelds-, helge- og nattarbeid. Partene må være representert i utvalget.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:208 S (2021–2022), Innst. 362 S (2021–2022).

Departementet sette ned eit utval i mars 2023, der partane i varehandelen var representerte. Utvalet har vurdert behovet for endringar i regelverk eller andre tiltak for å vareta omsynet til vernet til arbeidstakarane ved kvelds-, helge- og nattarbeid, og for dei som arbeider aleine. Utvalet la fram sin rapport til Arbeids- og inkluderingsdepartementet i august 2024. Rapporten er send på offentleg høyring. Med det ser departementet oppmodningsvedtaket som følgd opp.

2.4 Stortingssesjon 2020–2021

Lovendringar for å redusere kravet til innbetaling av premie frå det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringa

Vedtak 238, 11. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede lovendringer for å redusere kravet til innbetaling av premie fra medlemmer i SPK, kommunale pensjonskasser og andre offentlige brutto tenestepensjonsordninger fra det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringen.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:141 L (2019–2020), Innst. 71 L (2020–2021).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremma 15. desember 2023 Prop. 37 L (2023–2024) *Endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (styrket insentiv til å jobbe lenger)*. Lovforslaget inneber ei justering i regelverket for levealdersjustering av alderspensjon (brutto tenestepensjon) som blir samordna med ny folketrygd for personar fødd i åra frå 1954 til og med 1962. Endringane vil styrke insentiva til utsett avgang frå arbeidslivet for personar fødd i desse årskulla. Stortinget vedtok lovendringa 21. mars 2024, sjå Lovvedtak 52 (2023–2024). Lovendringa tredde i kraft 12. april 2024.

I Prop. 37 L (2023–2024) gjer departementet ei vurdering av kravet til innbetaling av premie frå det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringa. Innbetalt medlemspremie til offentlig tenestepensjonsordning dekkjer langt meir enn det som bidreg til høgare alderspensjon, bl.a. dekning for uførleik og etterlattedekning. Vidare er det i dag inga differensiering av medlemspremien etter kor stor del av inntekta som bidrar til auka tenestepensjon. Tenestepensjonen gir eit mykje høgare bidrag i årleg opptening for høge inntekter enn for låge inntekter. Det er også mange som har full opptening i bruttoordninga lenge før fylte 67 år. For dei som har full opptening, får ein ingen pensjonsmessig utteljing av å utsette uttaket av pensjon etter fylte 62 år. Endelig vil dei som ikkje har full opptening likevel ha pensjonsmessig utteljing også etter at dei har kompensert for levealdersjusteringa. Å knyte kravet til premiebetaling til om det er kompensert for levealdersjusteringa eller ikkje, vil altså vere svært lite målretta dersom formålet er at det ikkje skal betalast medlemspremie for tenestetid som ikkje bidreg til auka alderspensjon. Det vil også gjere regelverket meir komplisert. Vurderinga til

departementet i Prop. 37 L (2023–2024) var derfor at regelverket for innbetaling av premie ikkje bør endrast. Stortinget slutta seg til vurderingane, sjå Innst. 232 L (2023–2024). Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Styrke arbeidslinja for offentlig tilsette født i årene 1944–1962

Vedtak 239, 11. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med vurderinger av hvordan en ytterligere kan styrke arbeidslinjen for offentlig ansatte født i årene 1944–1962.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:141 L (2019–2020), Innst. 71 L (2020–2021).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremma 15. desember 2023 Prop. 37 L (2023–2024) *Endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (styrket insentiv til å jobbe lenger)*. Lovforslaget inneber ei justering i regelverket for levealdersjustering av alderspensjon (brutto tenestepensjon) som blir samordna med ny folketrygd for personar fødd i åra frå 1954 til og med 1962. Endringane vil styrke insentiva til utsett avgang frå arbeidslivet for personar fødd i desse årskulla. Stortinget vedtok lovendringa 21. mars 2024, sjå Lovvedtak 52 (2023–2024). Lovendringa tredde i kraft 12. april 2024. Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Rapportering om barn etterlatne i utlandet

Vedtak 530, 18. januar 2021

«Stortinget ber regjeringen igangsette en utredning med mål om forsterket rapportering om hvor mange barn som er etterlatt i utlandet, og redegjøre for hvordan handlingsrommet for oppfølging kan forsterkes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dok. 8:132 S (2019–2020), Innst. 89 S (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp gjennom tiltak 28 i handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold* (2021–2024) og gjennom to forskingsprosjekt om ufrivillige opphald i utlandet: «Barn og unge voksne ufrivillig etterlatt i utlandet» og «Kvinner og deres barn etterlatt i utlandet». Begge rapportane er utarbeidd av Institutt for samfunnsforskning (ISF, april 2024) på oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Oppfølging av vedtaket er også omtalt i Prop. 1 S (2023–2024). Under

innsatsområde 4 *Forebygge frivillige utenlandsopphold* i handlingsplanen er det omtalt korleis regjeringa vil styrke innsatsen mot ufrivillige opphald i utlandet. Det står også omtalt under tiltak 26 *Heve kompetansen i barnevernstjenestene om ufrivillige utenlandsopphold* og 27 *Styrke informasjon om rettigheter, hjelpetilbud og handlingsalternativer ved ufrivillige utenlandsopphold*.

Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Pensjonsutvalets vurderingar

Vedtak 615, 16. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen om å orientere Stortinget på egnet måte om Pensjonsutvalgets vurderingar når det gjelder minstenivåer, samt hvordan Pensjonsutvalgets innstilling vil bli fulgt opp.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:53 S (2020–2021), Innst. 221 S (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp gjennom Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med styrket sosial profil* som blei lagd fram for Stortinget 15. desember 2023.

Med det ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Studentar i utlandet kan ha deltidsjobb utan å miste medlemskap i folketrygda

Vedtak 686, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake til Stortinget med nødvendige forslag slik at norske studenter i utlandet kan ha deltidsjobb ved siden av studiene uten å miste sitt medlemskap i folketrygden.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 7 (2020–2021), Innst. 247 S (2020–2021).

Frivillig medlemskap i folketrygda for studentar har tidlegare blitt praktisert slik at studiane må vere hovudaktiviteten til studenten under utanlandsopphaldet, og at studenten normalt må studera på heiltid. Studentar som arbeider ved sidan av studiane, har blitt vurdert som arbeidstakarar og ikkje som studentar. Frå juni 2024 er praksisen endra. Dette inneber at det ikkje lenger gjeld noko krav om studiebelastning eller progresjon for å vere omfatta av folketrygdlova, og at deltidsarbeid ikkje lenger automatisk skal medføra at personen ikkje skal reknast som student. Sjå nærmare omtale av oppfølginga av oppmodingsvedtaket

under del II, punkt 6.7.4. Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Forenkling av yrkesskadereglene

Vedtak 911, 11. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen i samråd med partene i arbeidslivet legge frem et forslag til nødvendig forenkling av yrkesskadereglene som er i tråd med utviklingen i samfunnet og arbeidslivet, og som sikrer den enkelte arbeidstaker. Stortinget ber også regjeringen gjennomgå og om nødvendig oppdatere yrkessykdomslisten.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:150 S (2020–2021), Innst. 382 S (2020–2021).

Regjeringa har i Hurdalsplattforma signalisert at ho vil forbetra reglane om yrkesskade og yrkesskadeforsikring. I samheng med dette blei det 15. mai 2023 halde eit innspelsmøte der partane i arbeidslivet og interesseorganisasjonar gav sitt syn på korleis yrkesskadeordninga fungerer og kom med forslag til forbetringar. Vidare blei det 21. juni 2024 sendt på høyring eit forslag til ei ny og modernisert yrkessjukdomsliste, med høyringsfrist 31. oktober 2024. Det blir også foreslått eit opplegg for jamleg revisjon av lista. I tillegg blir høyringsinstansane bedne vurdere behovet for ein sikringsventil for sjukdommar som ikkje er tekne opp på lista. Arbeidet er forventa slutført våren 2025.

NAV-ombod

Vedtak 930, 18. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen om snarest mulig å opprette et eget, selvstendig Nav-ombud og avklare en mulig samlokalisering med et av de andre ombudene for å dra nytte av felles faglige og administrative ressurser.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 21 (2020–2021), kapittel 8, Innst. 408 S (2020–2021).

Spørsmålet om innføring av eit NAV-ombod for arbeids- og velferdsforvaltninga bør sjåast i ein brei ressursmessig, forvaltningsmessig og rettstryggingsmessig samheng. I oppfølginga av NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* er det igangsett eit breitt utviklingsarbeid for å betre kvaliteten i saksbehandlinga. Strategien til Regjeringa er å styrke rettstryggleiken til brukarane gjennom den foreslåtte budsjettmessige styrkinga av Arbeids- og velferdsetaten og utviklingsarbeidet som er sett i

gang etter Raskt og riktig. Rettstryggleiken til brukarane blir best vareteken gjennom dei etablerte kanalane og ordningane, som rettleiing frå tilsette i arbeids- og velferdsforvaltninga, NAV Serviceklager, klage- og ankebehandlinga i Arbeids- og velferdsetaten og Trygderetten, Helsetilsynets tilsynsmyndigheit for dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga og Sivilombodet si rolle som ombod på velferdsområdet.

Sjå nærmare omtale av NOU-en i del II, programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken.

Med dette ser departementet oppfølginga av oppmodingsvedtaket som avslutta.

Endringar i arbeidsmiljølova, tilfeldig uttrekk av meddommarar frå kvar av dei særskilt arbeidslivskyndige utvala

Vedtak 1149, 8. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede mulige endringer i arbeidsmiljøloven der dagens ordning med utnevning av særskilt arbeidslivskyndige meddommere i den enkelte sak etter forslag fra partene, erstattes med et tilfeldig uttrekk av meddommere fra hvert av de særskilt arbeidslivskyndige utvalgene.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:228 L (2020–2021), Innst. 586 L (2020–2021).

I oppfølginga av vedtaket har departementet innhenta innspel om korleis meddommarordninga i arbeidsmiljølova fungerer frå hovudorganisasjonane i arbeidslivet, enkelte andre organisasjonar i arbeidslivet, Advokatforeininga, Regjeringsadvokaten, og frå Domstoladministrasjonen som igjen har innhenta synspunkt frå eit utval domstolar. Innspela peikar på at ordninga stort sett fungerer godt, og dekkjer eit reelt behov for ekspertise i denne type saker. Vidare peikar dei på at habilitetsreglane som gjeld for dommarar, sørger for at den enkelte meddommar ikkje har bindingar til nokon av partane i saka. Samla sett ser det ikkje ut til at spørsmål om inhabilitet hos meddommarar er noko stort problem i praksis, slik dagens reglar er. Departementet finn det derfor ikkje formålstenleg å foreslå endringar i gjeldande reglar.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Avkorting i uføretrygd for fosterforeldre

Vedtak 1200, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen snarest fremme forslag om at utføre fosterforeldre ikke får avkorting i sin uføretrygd som følge av fosterhjemsoppdraget.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 133 L (2020–2021), Innst. 625 L (2020–2021), Lovvedtak 173-174 (2020–2021).

Fosterheimsutvalet (NOU 2018: 18) anbefalte å gjere den skattepliktige delen av fosterheimsgodtgjeringa om til ein skattefri og ikkje pensjons-givande stønad. Med ei slik løysing ville godtgjeringa ikkje gitt avkorting i trygdeytningar. I Prop. 1 S for 2024 varsla regjeringa at ho ville komme tilbake til Stortinget etter å ha tatt stilling til korleis godtgjeringa bør bli utforma. Regjeringa la våren 2024 fram ei melding om fosterheimsomsorga (Meld. 29 (2023–2024)), og Barne- og familie-departementet har hatt eit forslag om lovregulering av økonomiske rammevilkår for fosterforeldre på høyring. Det nemnde forslaget frå Fosterheimsutvalet om godtgjeringa er ikkje følgt opp. Regjeringa vil arbeide vidare med saka i lys av dette og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evaluerings- og støtteordninga

Vedtak 1342, 18. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen om å foreta en evalueringen av brillestøtteordningen for å se om endringene som ble foretatt, har hatt utilsiktede konsekvenser. Evalueringen skal også se på om de forskjellige støtteordningene er godt nok kjent for de som er i målgruppen. Evalueringen skal også se på om støtteordningene er riktig innrettet sånn at de som faktisk har behov, reelt sett får det.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 2 (2020–2021), Innst. 600 S (2020–2021).

På oppdrag frå Arbeids- og inkluderings-departementet har Oslo Economics gjennomført ei kartlegging og evaluering av ordningane med brillestøtte til barn. Evalueringa inkluderer den nye ordninga med briller til barn som blei innført i august 2022. Sjå nærmare omtale i del II, punkt 6.8.4 Hjelpemiddel. Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

2.5 Stortingssesjon 2019–2020

Juridisk og økonomisk medansvar for transportkjøparar/transporttingarar

Vedtak 626, 28. mai 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede innføring av et objektivt juridisk og økonomisk medansvar for transportkjøpere/transportbestillere og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Det objektive ansvaret må inkludere medansvaret for at lønns- og arbeidsvilkårene i sektoren er oppfylt. Utredningen må videre inneholde en vurdering av behovet for et register med virksomheter som oppfyller kravene til å drive med transporttjenester etter modell av for eksempel Renholdsregisteret. Utredningen må også vurdere en avgrensning av oppdragsgivere som skal omfattes av medansvaret.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 60 L (2019–2020), Innst. 293 L (2019–2020), Lovvedtak 105 (2019–2020).

Regjeringa vil, som ledd i arbeidet med å styrke allmenngjeringsordninga, innhente ei evaluering av den solidaransvarordninga og sjå tilplikta for hovedleverandørar og profesjonelle bestillarar som allereie er nedfelle i allmenngjeringslovgivninga, og vil etter dette vurdere endringer i regelverket. Statens vegvesen og Arbeidstilsynet har, som ei oppfølging av regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping i transportsektoren, fått i oppdrag å klargjere det medansvaret for transportkjøparar mv. som i dag følger av forskrift om arbeidstid for sjåførar.

Det er etablert to registreringsordningar for gods- og persontransport på veg. Krav om løyve og registrering i løyveregister gjeld for store delar av gods- og persontransportnæringa i Noreg og andre EØS-land. Høyering av forslag om å innføre slike krav også for nasjonal transport med varebil med totalvekt mellom 2500 og 3500 kg blei avslutta 1. september. Vidare har Noreg, med verknad frå 3. november 2023, slutta seg til den felles registreringsordninga til EU for internasjonal gods- og persontransport som inneber utsending av sjåførar. Dette inneber at bl.a. kabotasjetransport skal meldast til Arbeidstilsynet på førehand. I tillegg vil forslag om innføring av HMS-kort for varebiltransport blir sendt på høyering i løpet av kort tid. Etter regjeringa sitt syn vil dette gi ytterlegare oversikt og effektivisering av tilsynsarbeidet i denne delen av sektoren.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Rettshevinga til å stanse køyretøy

Vedtak 627, 28. mai 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide og legge frem for Stortinget forslag om at Statens Vegvesen skal gis håndhevsingsrett til å stanse kjøretøyer etter vedtak fra Arbeidstilsynet.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 60 L (2019–2020), Innst. 293 L (2019–2020), Lovvedtak 105 (2019–2020).

Regjeringa varsla i oktober 2022 i handlingsplanen mot sosial dumping i transportsektoren at vi vil legge fram forslag om å gi Statens vegvesen myndigheit til å reagere mot køyring i strid med stansingsvedtak som Arbeidstilsynet har fastsett. Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Samferdselsdepartementet har bedd Arbeidstilsynet og Statens vegvesen greie ut og utarbeide utkast til høyringsnotat med forslag til nødvendige regelverksendringar for å innføre ein heimel for Statens vegvesen til å hindre vidare køyring i strid med slike stansingsvedtak. Utgreiinga skal også skisere moglege løysingar til korleis ei slik ordning kan gjennomførast i praksis, på ein måte som tek vare på rettstryggleiken i transportføretaka og utan at ordninga blir unødvendig ressurskrevjande.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

2.6 Stortingssesjon 2017–2018

Særaldersgrenser for tilsette i staten

Vedtak nr. 42, 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere, i samråd med partene i arbeidslivet, om dagens system med særaldersgrenser for ansatte i staten og statlige virksomheter bør endres, i tråd med utviklingen i samfunns- og yrkesliv.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2017–2018), Innst. 2 S (2017–2018).

Regjeringa og partane i offentleg sektor blei i juni 2022 einige om ein prosessavtale for det vidare arbeidet med særaldersgrensene for å følge opp pensjonsavtalens punkt om at regelverket for personar med særaldersgrenser som er født i 1963 eller seinare må tilpassas påslagsmodellen. Det følger av pensjonsavtalen frå 3. mars 2018 at arbeidet med særaldersgrensene har to ulike prosessar; først ein prosess om pensjonsreglar og deretter ein prosess om framtidige aldersgrenser. Partane i

offentleg sektor blei 25. august 2023 einige om nye pensjonsreglar for personar som har særaldersgrenser som er fødd frå og med 1963. Dei nye reglane inneber at personar med særaldersgrenser får eit særalderspåslag til livsvarig pensjon som kommer på toppen av ordinær pensjon. Avtalen inneber vidare at tidlegpensjonsordninga avviklast frå og med 1965-kullet for dei som har aldersgrense 65 år, samt at moglegheita til å ta ut pensjon før aldersgrensa fasast ut for dei som har aldersgrense 60 og 63 år. Dei nye reglane inneber også at særaldersgrensene og utbetalingsperioden for tidlegpensjon blir flytta oppover i takt med auken av aldersgrensene i folketrygda. 28. juni sendte departementet på høyring forslag om nye pensjonsregler for personar med særaldersgrenser som følger opp avtalen frå august 2023.

Med ei einigheit om pensjonsreglane er partane innforstått med at det no blir sett i gang eit arbeid for å vurdere det framtidige omfanget av særaldersgrenser. Arbeidet har som siktemål at offentleg sektor i større grad får nyttiggjort den kompetansen personar som i dag har særaldersgrenser har. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna tidspunkt og på eigna måte med resultatet av dette arbeidet.

Overgangsordning for fosterforeldre

Vedtak nr. 321, 15. desember 2017

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget på eigna måte, med en ytterligere

vurdering av Stortingets anmodningsvedtak 11. mai 2017. Stortinget fastslår at regjeringa i sitt forslag etablerer en overgangsordning for fosterforeldre som mottar dagpenger eller AAP. Stortinget merker seg vidare at det ikke er gjennomførbart å utvide ordningen ytterligere innen 1. januar 2018, også fordi det ikke er utredet hvordan ytterligere regelverksendringer knyttet til inntektsbegrepet og dets betydning for avkorting kan utformes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 1 S (2017–2018), Innst. 15 S (2017–2018).

Regjeringa viser til at frå 1. januar 2018 skal arbeidsavklaringspengar og dagpengar ikkje bli avkorta ved oppdrag som fosterforeldre. Innstillinga frå Fosterheimsutvalet (NOU 2018: 18) blei avgitt 18. desember 2018. Utvalet anbefalte å gjere den skattepliktige delen av fosterheimsgodtgjeringa om til ein skattefri og ikkje pensjonsgeivande stønad. Med ei slik løysing ville godtgjeringa ikkje gitt avkorting i trygdeytningar. Regjeringa la våren 2024 fram ei melding om fosterheimsomsorga (Meld. 29 (2023–2024)), og Barne- og familiedepartementet har hatt eit forslag om lovregulering av økonomiske rammevilkår for fosterforeldre på høyring. Det nemnde forslaget frå Fosterheimsutvalet om godtgjeringa er ikkje følgt opp. Regjeringa vil arbeide vidare med saka i lys av dette og komme tilbake til Stortinget på eigna måte. Sjå også omtale av vedtak 1200, 10. juni 2021.

3 Barne- og familiedepartementet

Nedanfor er ei oversikt over oppfølginga av oppmodningsvedtak under Barne- og familiedepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtaka frå stortingssesjonen (2023–2024) og vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S (2023–2024) meinte ikkje var utkvitterte.

I tabellen nedanfor står det om departementet reknar rapporteringa om oppmodningsvedtaket som avslutta, eller om departementet òg vil rapportere konkret om vedtaket i budsjettforslaget neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodnings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2023–2024	769	lov om omdanning av Opplysningsvesenets fond til aksjeselskap	Ja
2023–2024	611	verne barn mot vald og seksuelle overgrep i sakar om samvær og omsorg	Nei
2023–2024	615	reisekostnader til krisesenter	Nei
2023–2024	80	Finansportalen – pris og avgjerd om lån	Ja
2023–2024	81	Finansportalen – geografiske område og områdescore	Ja
2023–2024	142	godkjend religiøs tilleggsutdanning	Nei
2022–2023	138	meldeplikt til barnevernstenesta	Nei
2022–2023	562	nasjonalt høve til å klage for barn	Ja
2022–2023	563	delkostnadsnøkkel for barnevern	Ja
2022–2023	782	krisesentertilbodet til utsette grupper	Nei
2022–2023	783	retteiingar om krisesentertilbod	Nei
2022–2023	936	oppgradere krisesenterbygg	Ja
2021–2022	404	offentleg plikt til å tilby tverrfagleg helsekartlegging	Nei
2021–2022	592	krisesentertilbod til den samiske urbefolkninga	Nei
2021–2022	620	utvide ordninga for gjeldsinformasjon («gjeldsregister»)	Nei
2020–2021	48	forbod mot søskenbarnektenskap	Ja
2020–2021	445	involvere foreldre når barn gjer lovbrøt	Ja
2020–2021	714	strengare reaksjonar mot samværs hindring	Ja
2020–2021	715	justering av barnebidragsreglane for å hindre samværs hindring	Nei
2020–2021	954	hindre fritidsaktivitetar for barn og unge som kan bidra til radikaliserings	Ja
2020–2021	972	eigendel for mat i krisesentera	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2020–2021	1124	tverrfagleg kompetanse på rus og vald i krisesentera	Nei
2020–2021	1195	krav om autorisasjon for tilsette som skal jobbe med omsorgsovertakingar	Nei
2020–2021	1197	ordning med andrehandsvurdering av akuttvedtak	Nei
2020–2021	1198	alternativt omgrep til «åtferd» i barnevernslova	Nei
2020–2021	1201	oppfølging av tilrådingane frå rettstryggleiksutvalet på barnevernsområdet	Nei
2019–2020	498	forbod mot etter-skule-tilbod for barn med overnatting	Ja
2019–2020	500	oppdeling av Opplysningsvesenets fond	Ja
2019–2020	501	Opplysningsvesenets fond – fondseigedommane staten tek over	Ja
2019–2020	502	utbetring av verneverdige kyrkjebygg	Ja
2019–2020	637	FN-konvensjonen om barnerettane – ny barnevernslov og ny barnelov	Nei
2016–2017	491	evaluering av felles foreldreansvar	Nei

3.1 Stortingssesjon 2023–2024

Lov om omdanning av Opplysningsvesenets fond til aksjeselskap

Vedtak 769, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa sørge for at aksjeselskapets mål, vedtekter eller strategi bidrar til allmennhetens reelle tilgang til jakt og fiske på selskapets eiendommer.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av ein lovproposisjon for å danne om Opplysningsvesenets fond til aksjeselskap, jf. Prop. 82 L (2023–2024) og Innst. 359 L (2023–2024). Stortinget slutta seg til forslaget frå regjeringa i lovproposisjonen og bad regjeringa sørge for at måla, vedtektene eller strategien til aksjeselskapet medverkar til at allmenta har reell tilgang til jakt og fiske på eigedommane til selskapet. Det statlege aksjeselskapet vart oppretta 1. september 2024 med namnet *Allstad AS*. I vedtektene til selskapet blir det mellom anna lagt til grunn at målet til selskapet er å forvalte og vidareutvikle verdiar i selskapsporteføljen av eigedommar, bygg, energiinvesteringar og finanskapital på ein forretningsmessig måte.

Innanfor desse rammene skal utmarksområda til selskapet gjerast tilgjengelege for allmenta. Sel-

skapet skal vektleggje ei aktiv naturforvaltning, ta omsyn til friluftsinnteresser og tilby jakt- og fiskerettar til allmenta.

Innanfor rammene av føremålet selskapet har, skal det ved overdraging av landbruksbruks-eigedommar vurderast om salet bidreg til lokalt eigarskap og til at verdifulle jordressursar for matproduksjon ikkje blir bygde ned. Selskapet skal alltid vurdere om det er tenleg med arronderingssal av skog- og jordeigedommar til lokale bønder eller eigarar som bidreg til å vareta offentlege interesser. Denne typen sal skal også skje på marknadsvilkår.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Verne barn mot vald og seksuelle overgrep i saker om samvær og omsorg

Vedtak 611, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringa vurdere grep som kan styrke barnets rett til beskyttelse mot vold og seksuelle overgrep i saker om samvær og omsorg, og melde tilbake til Stortinget i forbindelse med de varslede endringene i barneloven.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar, jf. Prop. 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024).

Departementet er i gang med å vurdere om det trengst endringar for å følgje opp vedtaket. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Reisekostnader til krisesenter

Vedtak 615, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2024 utrede og fremme forslag til tilstrekkelige lovhjemler som sikrer at kostnader knyttet til reiser til og fra krisesenter blir dekket.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar, jf. Prop. 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024).

Departementet har sendt på høyring forslag til endringar i krisesenterlova og bede høyringsinstansane gi innspel til ei eventuell refusjonsordning for utgifter til reise til og frå krisesentera. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Finansportalen – pris og avgjerd om lån

Vedtak 80, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen innen 1. juli 2024 stille krav til at bankene må rapportere gjennomsnittlige renter på boliglån og offentliggjøre data som danner grunnlag for beslutninger om pris og tildeling av lån på finansportalen.no.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Nasjonalbudsjettet 2024 og Statsbudsjettet 2024, jf. Meld. St. 1 (2023–2024) og Innst. 2 S (2023–2024).

Prisinformatjonen på Finansportalen viser bustadlansrentene bankane marknadsfører for nye kundar på nettsidene sine. Forbrukaren kan nytte denne informasjonen til å forhandle om betre rente med banken.

Plikta bankane har til å rapportere til Finansportalen, har samanheng med dei alminnelige informasjonspliktene og reglane om vilkår og marknadsføring som går fram av finansavtalelova § 3-3 «Opplysninger i alminnelige vilkår og i markedsføring» og av finansavtaleskrifta § 3-4 «Opplysningsplikt ved markedsføring av kredittavtaler». Forbrukartilsynet fører tilsyn med dette regelverket.

Finansportalen krev at prisane og vilkåra føretaka rapporterer til portalen, er like prisane og vil-

kåra dei marknadsfører på nettstadene sine. At det skal vere samsvar mellom dei generelle reglane om opplysningsplikter og marknadsføring og krava til rapportering til Finansportalen, gjer det mogleg for Finansportalen å kontrollere at informasjonen er rett, på ein enkel måte. Finansportalen kan til dømes samanlikne ei innrapportert bustadrente med prislista og marknadsføringa til banken for å få stadfesta at opplysingane er like.

I 2015 gav Forbrukartilsynet ut ei rettleiing om kva opplysingar som bør inngå når bankane marknadsfører nominell rentesats, og som dermed òg skal rapporterast til Finansportalen. Rettleiinga gjeld marknadsføring av rentesats i eit «representativt eksempel»:

Den nominelle renten som belastes kreditten, skal tas med i beregningen av effektiv rente. Dersom nominell rente varierer ut fra individuelle forhold, som kredittscore e.l., bør man benytte den renten som er vanligst (typetallet) for det lånebeløp som det representative eksemplet angir, så fremt dette ikke avviker mer enn 10 % fra den matematiske gjennomsnittlige nominelle rente ved det aktuelle lånebeløp. Ved større avvik enn 10 % bør matematisk gjennomsnittlig nominell rente benyttes.

Rettleiinga frå Forbrukartilsynet viser at marknadsføringa til bankane av nominell rente bør ta utgangspunkt i den renta som er vanlegast (typetal).

Departementet finn at ei ny og einskild plikt om å rapportere gjennomsnittlege prisar til Finansportalen ikkje vil gjere Finansportalen til eit betre verktøy for forbrukarar enn i dag. Risikoen for at portalen kan gi misvisande informasjon, vil auke fordi portalen ikkje vil kunne kontrollere den innrapporterte gjennomsnittlege renta mot marknadsføringa til bankane slik han gjer i dag. For at nye prisopplysingar, slik som gjennomsnittlege renter, som blir samanstilte og publiserte på Finansportalen, ikkje skal hindre effektiv konkurranse mellom bankane, vil dei måtte ta utgangspunkt i prisar som ligg tilbake i tid. I berekninga av ei gjennomsnittleg rente vil ein òg måtte gjere eit nærare bestemt utval av prisar og lånetypar som den gjennomsnittlege prisen blir berekna av. Dersom til dømes styringsrenta har endra seg i perioden eller banken har gitt få bustadlån, vil ikkje ei gjennomsnittleg rente lenge gi framtidige kundar eit relevant bilete av prisenivået til banken. Dette vil kunne verke meir misvisande enn oppklarande for nye kundar. Det er òg ei bekymring at fleire prisopplysingar i portalen i seg sjølv vil kunne verke misvisande og samla sett svekkje nytteverdien av portalen for

forbrukarane. Departementet vil vidare påpeike at dei prisane som Finansportalen viser i dag, gir forbrukarar ein god indikasjon på den gjennomsnittlege nominelle renta til bankane for bustadlån så lenge bankane følgjer rettleiinga frå Forbrukar-tilsynet til finansavtalelova når dei marknadsfører prisane sine på bustadlån.

Departementet har derfor bede Forbrukartilsynet om å oppdatere rettleiinga til finansavtalelova slik at det tydelegare kjem fram kva renter og vilkår bankane viser i marknadsføringa av kreditt og dermed på Finansportalen. Departementet meiner dette vil gjere det tydelegare at renta for bustadlån som står inne på Finansportalen, er den vanlegaste renta for nye kundar og ligg tett opp til ei gjennomsnittleg rente.

Når det gjeld pliktene bankane har til å offentleggjere data som dannar grunnlag for avgjerder om pris og tildeling av lån på Finansportalen.no, viser departementet til omtalen av oppmodningsvedtak 81 om geografiske område og områdescore.

Departementet reknar intensjonen i vedtaket som følgt opp.

Finansportalen – geografiske område og områdescore

Vedtak 81, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen innen 1. juli 2024 innføre krav om at bankene offentliggjør hvilke geografiske områder de tilbyr lån i via finansportalen.no, samt vurdere om områdescorene bankene bruker internt i sine kredittvurderinger også kan offentliggjøres.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av nasjonalbudsjettet og statsbudsjettet for 2024, jf. Meld. St. 1 (2023–2024) og Innst. 2 S (2023–2024).

Bankane i Noreg set i liten grad klare grenser for kva område dei tildeler lån i, sidan kvar lånekunde blir vurdert individuelt. Bankane opplyser til dømes om at ein del kundar held fram med å ha banktenester i den opphavlege lokalbanken sin også etter at dei har flytta ut av det primære marknadsområdet til banken.

Fleire bankar nyttar «områdescore» som ein del av den individuelle vurderinga før dei innvilgar bustadlån. «Områdescore» er eit produkt eller ein analyse av bustadmarknaden som bankane nyttar for å få eit betre bilete av den lokale kreditt- risikoen. Systemet er utvikla av selskapet Eien- domsverdi AS. Det er DNB, Nordea, Sparebank1-

alliansen og Eika Boligkreditt som eig selskapet. Basert på salspris og omsetjing i eit nærare angitt område vil ein bustad bli tildelt ein verdi på ein skala frå 0 til 20 som representerer «områdescoren». Områdescore blir vektlagt ulikt av dei ulike bankane når dei tildeler lån. Nokre bankar bruker områdescore som ei absolutt grense for om dei vil innvilge bustadlån til kjøp av bustad i eit bestemt område. Andre bankar nyttar områdescore som ein av fleire faktorar i vurderinga si av den totale risikoen ved ein lånesøknad.

Departementet har sett nærare på om ein bør offentleggjere «områdescore» på Finansportalen, og har komme til at dette ikkje vil gi vesentleg nytteverdi for forbrukarane som ønskjer å finne fram til bustadlån på Finansportalen eller forhandle om rente på bustadlånet sitt. Ei særleg inn- vending er at «områdescoren» er lik for alle bankane. Områdescore er òg berre eitt av mange individuelle kriterium bankane nyttar når dei vurderer å innvilge bustadlån. På bakgrunn av manglande nytteverdi har departementet ikkje gått vidare med å greie ut moglege prinsipielle og juridiske utfordringar ved å krevje at bankane offentleggjer «områdescore».

Ei meir presis rapportering om kva geografiske område bankane tilbyr lån i, må vere basert på ei vurdering bankane sjølve gjer. Det vil vere i både bankane og forbrukarane si interesse at denne informasjonen er korrekt og oppdatert. Forbrukarane vil lettare kunne finne fram til relevante lånetilbod, og bankane får tydelegare fram kva marknadsområde dei opererer i. Departementet har gitt Forbrukarrådet i oppdrag å utvikle Finansportalen slik at forbrukarane kan få informasjon om kva kommunar som den einskilde banken reknar som sitt primære marknadsområde. Målet er å gjere det enklare for forbrukarane å finne fram til aktuelle tilbod om bustadlån på Finansportalen.

Departementet reknar intensjonen i vedtaket som følgt opp.

Godkjend religiøs tilleggsutdanning

Vedtak 142, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om insentiver for å sikre at flere religiøse ledere eller andre nøkkelpersoner i trossamfunn gjennomfører godkjent religiøs tilleggsutdanning i Norge.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om betre førebygging

av og meir kunnskap om valdeleg ekstremisme og radikaliserings, jf. Dok. 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Det finst fleire kurs- og utdanningstilbod til religiøse leiarar med utanlandsk bakgrunn. Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo (TF) tilbyr ein master i «lederskap, etikk og samtalepraksis». I tillegg tilbyr universitetet kurset «Å være religiøs leder i Norge», som departementet gir tilskot til. Kurset er eit etter- og vidareutdanningstilbod og kan takast med og utan studiepoeng. Målgruppa er religiøse leiarar med utanlandsk bakgrunn. Nærare 200 religiøse leiarar har til no teke kurset. TF har på oppdrag frå BFD fått utført ei evaluering av kurset, som også har noko å seie om rekruttering.

På bakgrunn av oppmodningsvedtaket vil departementet lyse ut eit forskings- og utgreiingsoppdrag om religiøse leiarar og utdanning for å kunne undersøkje moglege tiltak. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

3.2 Stortingssesjon 2022–2023

Meldeplikta barnevernet har til politiet om barn på skjult og sperra adresse

Vedtak 138, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for at regelverket om barnevernets meldeplikt til politiet om barn på skjult og sperra adresse klargjøres, og at det sikres nødvendige rutiner for informasjonsutveksling.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å betre førebyggje og få slutt på partnartrap, jf. Dok. 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023).

Departementet har hatt på høyring eit forslag om at meldeplikta barnevernet har til politiet om barn på skjult og sperra adresse, blir klargjord. Departementet vurderer innspel frå høyringa og tek sikte på å komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket i proposisjonen om kvalitetsreforma våren 2025.

Nasjonalt høve til å klage for barn

Vedtak 562, 28. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen iverksette et arbeid for å sikre barns nasjonale klagemuligheter samt bedre informasjonen til barn og unge om retten

til å klage i enkeltsaker og de klagerettigheter som finnes.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å sikre forsvarlege barnevernstenester, jf. Dok. 8:22 S (2022–2023) og Innst. 207 S (2022–2023).

Barne- og familiedepartementet har i samarbeid med aktuelle departement kartlagt høva barn har til å klage, på felte sine. Ei interdepartemental arbeidsgruppe for styrkt varetaking av barn sine rettar, leidd av Barne- og familiedepartementet, har òg vore involvert. For å betre informasjonen til barn og unge om retten til å klage i einskildsaker og dei klagerettane som finst, er det nyleg publisert informasjon om dette i den offentlege informasjonskanalen til ungdom (ung.no).

Det er sett i gang fleire sektorvise prosessar som skal medverke til å styrkje retten barn har til å klage. Mellom anna har Justis- og beredskapsdepartementet nyleg gått gjennom og revidert reglane i verjemålslova, der barn sin rett til å bli høyrde i avgjerder som gjeld dei, vart synleggjort. Endringane tok til å gjelde i april 2023. Barne- og familiedepartementet sende på høyring eit forslag til endringar i barnevernslova våren 2024, der ein mellom anna foreslår å styrkje barn sin rett til å medverke og klage.

Departementet reknar intensjonen i vedtaket som følgt opp.

Forbetringar i delkostnadsnøkkelen for barnevern

Vedtak 563, 28. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om forbedringer i delkostnadsnøkkelen for barnevern, basert på anbefalingene i NOU 2022:10, med mål om å gjøre den mer treffsikker.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å sikre forsvarlege barnevernstenester, jf. Dok. 8:22 S (2022–2023) og Innst. 207 S (2022–2023).

Utgreiinga frå utvalet som har sett på inntektsystemet for kommunane, vart levert til regjeringa i august 2022 og sendt på offentleg høyring. Utvalet har komme med forslag til mindre endringar i delkostnadsnøkkelen for barnevernet. Utvalet tilrår òg at delkostnadsnøkkelen for barnevernet blir analysert på nytt når verknadene av barnevernsreforma er komme inn i datagrunnlaget for delkostnadsnøkkelen.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i kommuneproposisjonen for 2025 komme med forslag til ny delkostnadsnøkkel for barnevern. Forslaget til ny delkostnadsnøkkel består av kriteria personar med låg inntekt, personar med låg utdanning, talet på uføre 18–49 år og talet på innbyggjarar 0–24 år. Forslaget til ny delkostnadsnøkkel har ei høgare forklaringskraft enn noverande nøkkel og vil gjere han meir treffsikker. Sjå fullstendig omtale i Prop. 102 S (2023–2024). Stortinget slutta seg til endringane i delkostnadsnøkkel for barnevern.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

Tydeleggjere ansvaret kommunane har for krisesentertilbudet til utsette grupper

Vedtak 782, 7. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i krisesenterlova, der kommunens ansvar for krisesentertilbudet til utsatte grupper tydeliggjøres.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om krisesentertilbudet for kvinner i aktiv rus, jf. Dok. 8:168 S (2022–2023) og Innst. 474 S (2022–2023).

Krisesenterlova gir kommunane plikt til å sikre eit krisesentertilbud til alle som er i målgruppa for lova, også utsette grupper. Det kjem fram av førearbeida til krisesenterlova at kvar brukar skal få ei individuell vurdering av behova sine. Dei som av ulike årsaker ikkje kan opphalde seg på krisesenter, skal få eit anna tilbod. Departementet har sendt på høyring forslag om å lovfeste i krisesenterlova at kommunen skal sørge for likeverdige butilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte det noverande butilbudet. Sjå omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Krisesentertilbudet til utsette grupper – oppdatere rettleiingar

Vedtak 783, 7. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen oppdatere veilederen til krisesenterlova slik at den tydeligere omhandler krisesentertilbudet til utsatte grupper. Dette arbeidet forutsettes igangsatt straks endringer i krisesenterlova er vedtatt.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om krisesentertilbudet for kvinner i aktiv rus, jf. Dok. 8:168 S (2022–2023) og Innst. 474 S (2022–2023).

Departementet har sendt på høyring forslag til endringar i krisesenterlova. Sjå omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst. Når endringane i lova er vedtekne, vil det vere behov for å oppdatere eksisterande rettleiingar for å støtte dei som skal ta i bruk lova. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Oppgradering av krisesenterbygg

Vedtak 936, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen senest i statsbudsjettet for 2025 foreslå en ordning som støtter utbygging og bygningsmessig oppgradering av krisesentre etter modell av Husbankens ordning med investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Meld. St. 2 (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa føreslår 10 mill. kroner til å etablere ei tilskotsordning for å stimulere kommunar til å oppgradere, fornye eller utvide krisesentera sine. Målet med tilskotsordninga er å oppgradere krisesenterbygg, særleg med omsyn til tryggleik, universell utforming og betre tilrettelegging for grupper som har behov for skjerming. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet skal forvalte tilskotsordninga. Staten støttar kommunane med om lag 50 pst. av kostnadene. Ei opptrapping av tilskotsutbetalingane må vurderast i dei årlege budsjettprosessane.

Departementet reknar vedtaket som følgd opp.

3.3 Stortingssesjon 2021–2022

Offentleg plikt til å tilby tverrfagleg helsekartlegging

Vedtak 404, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede at det offentlige skal ha en plikt til å tilby tverrfaglig helsekartlegging når kommunen ber om dette, og raskt komme tilbake til Stortinget på egnet vis.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 222 L (2020–2021) *Endringer i barnevern-*

loven mv. (tverrfaglig helsekartlegging), jf. Innst. 166 L (2021–2022).

Buudir og Helsedirektoratet har gjennomført eit prosjekt med utprøving av tverrfagleg helsekartlegging. Utprøvingssprosjektet vart ferdig i september 2022. Direktoratata fekk i 2023 likelydande oppdrag om i samarbeid å greie ut ei lovfesta statleg plikt til å tilby tverrfagleg, spesialisert helsekartlegging når kommunane ber om det. Direktoratata leverte utgreiinga si i desember 2023. Departementet vurderer oppmodingsvedtaket i samanheng med forslaget frå Barnevernsinstitusjonsutvalet (NOU 2023: 24) om å overføre ansvaret for tverrfagleg helsekartlegging til helsesektoren. I strategien *Vårt felles ansvar – ny retning for barnevernets institusjonstilbud* frå regjeringa går det fram at regjeringa arbeider for å betre innrette tverrfagleg helsekartlegging, og at dei planlegg for å overføre ansvar og ressursar frå Bufetat til helsesektoren. Dei økonomiske, administrative, juridiske og personellmessige konsekvensane av overføring skal greiast ut, og om føremålet skal endrast frå sakkunnig oppdrag til helsehjelp. Departementet greier ut konsekvensane av overføringa i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet. Departementet legg opp til ein omtale av saka i proposisjonen om kvalitetsreforma våren 2025.

Krisesentertilbod til den samiske urbefolkninga

Vedtak 592, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringa se til at krisesentertilbudet til den samiske urbefolkninga bedres, og orientere Stortinget på egnat vis.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om eit styrkt, likeverdige, heilårsope og døgnbemanna krisesentertilbod over heile landet, jf. Dok. 8:135 S (2021–2022) og Innst. 339 S (2021–2022).

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har sidan nedlegginga av krisesentertilbudet i Karasjok vore i tett dialog med Karasjok kommune for å få oppretta tilbodet på ny. Kommunen har fått prosjektmidlar i 2019, 2021 og 2023, til saman om lag 2,1 mill. kroner, frå direktoratet for å greie ut og etablere ei løysing for eit varig krise- og incestsentertilbod tilpassa den samiske befolkninga.

Karasjok kommune og Alta kommune legg opp til eit samarbeid der vaksne og barn frå Kara-

sjok kan nytte seg av krisesentertilbudet i Alta, samstundes som det blir etablert eit dagtilbod med samiskspråklege stillingsressursar i Karasjok. Tilskotet som Buudir gav i 2023, bidreg til å etablere ei slik løysing. Buudir har i tillegg tildelt 700 000 kroner til å implementere samisk krisesentertilbod på Alta krisesenter i 2024.

Departementet har sendt på høyring forslag om ei ny føresegn i krisesenterlova om dei særskilde rettane til den samiske befolkninga, med mål om å gi eit betre krisesentertilbod til samiske kvinner, menn og barn. Sjå omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst. Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Utvide ordninga for gjeldsinformasjon («gjeldsregister»)

Vedtak 620, 31. mai 2022

«Stortinget ber regjeringa utvide Gjeldsregisteret slik at det inneholder alle typer gjeld, både med og uten sikkerhet. Regjeringa må samtidig gjøre grundige utredninger som sikrer personvernet, og vurdere om enkelte typer gjeld av den grunn ikke skal innlemmes.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å ta sosialt ansvar og hjelpe folk med gjeldsproblem gjennom å styrkje og utvide gjeldsregisteret, jf. Dok. 8:203 S (2021–2022), jf. Innst. 361 S (2021–2022).

BFD hadde i 2022 på høyring eit forslag om å utvide ordninga for gjeldsinformasjon med ulike typar pantesikra gjeld. Vurderinga til BFD etter dette var at personvernomsyn gjer at ordninga ikkje kan utvidast til å omfatte pantesikra gjeld utan at føremålet til gjeldsinformasjonslova blir endra. Lite tyder på at det er på grunn av at bustad- og bilgjeld ikkje er omfatta av informasjonsordninga, at kredittvurderingar sviktar og einskilde får gjeldsproblem. Ei utviding av ordninga må derfor grunnigvast med noko anna enn å skulle motverke gjeldsproblem.

BFD er i gang med å vurdere om føremålet med gjeldsinformasjonslova skal endrast, slik at ordninga for gjeldsinformasjon kan omfatte fleire typar gjeld.

Departementet vil orientere Stortinget om den vidare oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

3.4 Stortingssesjon 2020–2021

Forbud mot søskenbarnekteskap

Vedtak 48, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen legge frem et lovforslag om å forby søskenbarnekteskap.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 66 L (2019–2020) *Endringer i straffeloven mv. (avvergingsplikt, utenomrettslig tvangsekteskap, diskrimineringsvern, skyting mot politiet mv.)*, jf. Innst. 41 L (2020–2021).

Departementet la fram Prop. 99 L (2023–2024) *Endringer i ekteskapsloven (forbud mot ekteskap mellom nære slektninger)* for Stortinget 3. mai 2024. Stortinget vedtok lovendringane 17. juni 2024, og lova vart sanksjonert av Kongen i statsråd 25. juni. Det må på plass ei forskrift og ein skilde systemendringar før lova kan ta til å gjelde.

Forbodet vil gjelde ekteskap mellom søskenbarn og mellom onkel eller tante og niese eller nevø. For å hindre omgåing vil ikkje ekteskap mellom nære slektningar inngått etter utanlandsk rett bli anerkjende i Noreg viss ein av partane var busett i Noreg eller var norsk statsborgar då ekteskapet vart inngått. Det er unntak frå forbodet for EØS-tilfelle. Det vil vere høve for unntak frå forbodet ved sterke grunnar, til dømes der paret ikkje kan få barn.

Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Involvere foreldre når barn gjer lovbrøt

Vedtak 445, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan foreldre i større grad kan involveres og ansvarliggjøres for gjentatte lovbrudd som er begått av deres barn som er under den kriminelle lavalder, og fremme forslag om dette.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om tiltak mot ungdoms- og gjengkriminalitet, jf. Dok. 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021).

Barnevernet er ein viktig bidragsytar saman med andre tenester, som mellom anna familievernet, for å involvere og hjelpe foreldre til barn som gjentekne gonger bryt lova, mellom anna ved foreldrerettleiing. Bufdir vart bede om å greie ut korleis vedtaket kan følgjast best mogleg opp. Rapporten vart levert i desember 2022. Bufdir

føreslår å følgje opp vedtaket gjennom arbeid med relasjonar, involvering av foreldre og bistand overfor foreldre til barn som står i fare for å gjere eller gjer seg skuldig i kriminelle handlingar.

Denne kvalitetsstøtta retta mot barnevernstenesta blir tilgjengeleg for sakshandsamarar når fleire kommunar i løpet av 2024 tek i bruk nytt fagsystem med Barnevernsfagleg kvalitetssystem (BFK).

I tillegg er Bufetats tilbod om Multisystemisk terapi (MST) og Relasjonsfokusert familierapi (RFT) i stor grad eit tilbod til ungdomsforeldre som har opplevd at ungdommen deira gjer seg skuldig i kriminelle handlingar, eller står i fare for å bli innblanda i kriminalitet. Gjennom desse metodane arbeider ein både med å forstå motiva til ungdommen for uheldig åtferd, korleis systema rundt dei unge medverkar til åtferda – og korleis dynamikken i systema kan snuast. Foreldra får gjennom behandlinga verktøy for å halde betre oppsyn med ungdommen, setje meir tenlege grenser og samstundes skape betre samspel. Andre viktige arenaer som skule, venner og fritidsaktivitetar kan òg inngå i den heilskaplege strategien til behandlinga for å skape betre livsutvikling for dei unge. Regjeringa vil vidare leggje fram ei kvalitetsreform for barnevernet, som vil omtale tiltak for betre samhandling og tilpassingar i tilbodet av spesialiserte hjelpetiltak.

Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Strengare reaksjonar mot samvæershindring

Vedtak 714, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen ved oppfølgingen av NOU 2020: 14 Ny barnelov – Til barnets beste, utrede strengere reaksjoner som kan motvirke samvæershindring.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om samvæershindring, jf. Dok. 8:40 S (2020–2021) og Innst. 264 S (2020–2021).

Departementet har i denne samanheng sett nærare på fleire spørsmål knytte til samvæershindring og på korleis økonomi spelar inn i saker om samvær og samvæershindring. Departementet arbeider vidare med dette i samband med oppfølginga av NOU 2020: 14 *Ny barnelov* og har òg nyleg hatt på høyring forslag til reglar i barnelova som skal førebyggje og handsame saker om samvæershindring. Problemstillinga om reaksjonar mot samvæershindring er greidd ut i høyringsnotatet, og det er føreslått nye tiltak for å mot-

verke og løyse saker om samværshindring. I samværshindringssaker er det viktig å få ei rask avgjerd slik at kontakten med begge foreldra raskt blir teken opp att der dette er til det beste for barnet. Derfor er det i høyringsnotatet føreslått å innføre ei plikt for domstolen til å ta ei førebels avgjerd i saker som gjeld samværshindring, viss ein part ber om det. Førebygging er likevel det viktigaste tiltaket for å hindre samværshindring. Det er føreslått fleire forslag med føremål om å førebyggje foreldrekonfliktar og å leggje til rette for meir likestilt foreldreskap etter samlivsbrot. Tvang overfor barn og andre sanksjonar mot foreldre er vurderte å ha ei rekkje negative konsekvensar.

Departementet vil leggje fram ein lovproposisjon om ny barnelov våren 2025.

Departementet reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Justering av barnebidragsreglane for å hindre samværshindring

Vedtak 715, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen ved oppfølgingen av NOU 2020: 14 Ny barnelov – Til barnets beste, utrede om det er behov for å gjøre justeringer i barnebidragsreglene for å sikre at økonomi ikke blir en drivende faktor for samværshindring.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om samværshindring, jf. Dok. 8:40 S (2020–2021) og Innst. 264 S (2020–2021).

Departementet ser oppfølginga av dette vedtaket i samanheng med tiltaka under vedtak nr. 714 av 9. mars 2021. Departementet greier ut spørsmålet vidare og vil orientere Stortinget om oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Hindre fritidsaktivitetar for barn og unge som kan bidra til radikaliserings

Vedtak 954, 20. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag som gir kommunene bedre virkemidler til å hindre fritidsaktiviteter for barn og unge som kan bidra til radikaliserings eller være i strid med barns rettigheter eller likestillings- og diskrimineringsloven, herunder:

- *en forpliktende samfunnskontrakt for integrering i samarbeid med tros- og livssynssamfunnenes organisasjoner*

- *mulighet til å kartlegge og føre tilsyn med fritidsaktiviteter for barn og unge som omfatter religiøs undervisning.»*

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å gi kommunen ein klar lovheimel til å hindre organisasjonar og trussamfunn i å drive klart integreringshemjande aktivitet, jf. Dok. 8:135 S (2020–2021) og Innst. 406 S (2020–2021).

Departementet har sett vedtak 954 i samanheng med oppfølginga av vedtak 498 av 14. april 2020. Begge vedtaka omhandlar aktivitetar for barn og unge i frivillig regi og ei bekymring for radikaliserings i religiøse miljø.

Det stillast etter gjeldande lovgjeving krav til trussamfunna når det gjeld tilbod til barn og unge, som ikkje stillast til andre organisasjonar. Alle registrerte trus- og livssynssamfunn skal rapportere om verksemda og aktivitetar, inkludert tilbod til born og unge. Statsforvaltar kan også krevje rapportering om særlege forhold, til dømes barns rettar.

Vidare stiller trussamfunnslova opp klare krav og forventningar til trus- og livssynssamfunna. Samfunna kan etter trussamfunnslova nektast tilskot om dei «utøver vold eller tvang, fremsetter trusler, krenker barns rettigheter, bryter lovbestemte diskrimineringsforbud eller på andre måter alvorlig krenker andres rettigheter og friheter». Hatefulle ytringar eller oppmoding til vald i nære relasjonar, vald mot barn, kjønnslemlesting kan råkast av desse føresegnene. Det same kan oppfordring til terror eller finansiering av terror. Samfunn som tar imot bidrag frå statar som ikkje respekterer trusfridomen kan også nektast tilskot.

Departementet har våren 2024 lagt fram forslag om endringar i trussamfunnslova, jf. Prop. 116 L (2023–2024), som inneber at samfunna må bekrefte at dei vil arbeide for 40 prosent representasjon av kvart kjønn i styrande organ. I proposisjonen er det også lagt fram ei rekkje tiltak for å leggje til rette for betre dialog mellom samfunna og styresmaktene, men også informasjons- og opplæringsstiltak om aktuelle tema, der negativ sosial kontroll, barns rettar og vald i nære relasjonar og ekstremisme inngår. Departementet meiner at trussamfunnslova med dei endringane og tiltaka som er lagt fram i Prop. 116 L (2023–2024) ivaretar det same som ei samfunnskontrakt.

Ut over krava etter trussamfunnslova, meiner departementet at det ikkje skal innførast ytterlegare krav eller tilsyn med fritidsaktivitetar for born og unge som omfattar religiøs undervisning. Departementet viser også til at ekstremisme-

kommisjonen trekk fram trussamfunnas innsats mot ekstremisme i sin rapport, både internt i samfunna, på tvers av religionar og arbeidet med trus- og livssynsdialog. Ekstremismekommisjonen føreslår ikkje tiltak særskilt retta mot trussamfunn, men etterlys gjennomføring av eit tidlegare tiltak om opplæring om ekstremisme, som departementet vil følgje opp. Kommisjonen er i sine tilrådingar oppteken av at trus- og livssynsamfunna må involverast i større grad i det førebyggjande arbeidet, mellom anna knytt til kommunane si rolle i det førebyggjande arbeidet. Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om ekstremisme der det vil bli vurdert korleis trus- og livssynsamfunna skal involverast i arbeidet med ekstremisme.

Departementet reknar intensjonen i vedtaket som følgt opp.

Eigendel for mat i krisesentera

Vedtak 972, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen gå gjennom lov om kommunale krisesentertilbud og legge opp til at det ikke tas egenandel for mat fra den enkelte.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om eit styrkt og gratis krisesentertilbud for valdsutsette, jf. Dok. 8:134 S (2020–2021) og Innst. 427 S (2020–2021).

Krisesenterlova fastset at krisesentertilbudet skal vere gratis. I førearbeida til lova går det fram at det ikkje skal krevjast betaling for opphaldet, med unntak av eventuelle utgifter til mat til kostpris. Det er ulik praksis for korleis krisesentera organiserer mat og måltid. Dei fleste sentera legg opp til at bebuarane kjøper og lagar mat sjølve. Nokre få krisesenter dekkjer maten, slik at bebuarane ikkje har nokon matutgifter under opphaldet, eller dei opererer med ein eigendel for matutgifter. Departementet har sendt på høyring forslag om ei ny føresegn i krisesenterlova om at det ikkje kan krevjast eigendel for nokon del av tenesta. Sjå omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Tverrfagleg kompetanse på rus og vald i krisesentera

Vedtak 1124, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sikre at òg personer i aktiv rus har tilgang til et krisesentertilbud med

ansatte som har tverrfaglig kompetanse på rus og vold, enten i tilknytning til eksisterende krisesentre eller som selvstendig tilbud.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om ei førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet, jf. Dok. 8:119 S (2020–2021) og Innst. 578 S (2020–2021).

Krisesenterstatistikken til Bufdir viser at fem krisesenter for kvinner og sju senter for menn ikkje gir tilbod om opphald til utsette med ein kjend rusproblematikk. I tillegg er det personar i aktiv rus som ikkje oppsøker krisesentera. Departementet har sendt på høyring fleire forslag til endringar i krisesenterlova som kan medverke til at valdsutsette i aktiv rus får eit betre krisesentertilbud. Sjå omtale under vedtak 782 av 7. juni 2023 over og under programkategori 11.10 Familie og oppvekst. I tillegg føreslår departementet at det skal komme tydelegare fram av lova at krisesentertilbudet skal omfatte oppfølging i reetableringsfasen i samarbeid med andre delar av tenesteapparatet. Eit styrkt samarbeid mellom krisesenteret og andre tenester vil kunne bidra til at krisesentera i større grad kan dra nytte av fagkompetanse andre tenester rår over, på tvers av kommunane. På same måte vil det òg medverke til at andre tenester i større grad kan dra nytte av kompetanse i krisesentertilbudet for å vareta dei særskilde behova valdsutsette har. Vidare har departementet i høyringsnotatet bede om høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for å gi meir detaljerte krav til kompetanse i ei forskrift. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket på eigna vis.

Krav om autorisasjon for tilsette som skal jobbe med omsorgsovertakingar

Vedtak 1195, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede krav om autorisasjon for de som skal jobbe med omsorgsovertaker.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernsloven*, jf. Innst. 625 L (2020–2021).

I arbeidet med Prop. 133 L (2020–2021) om ny barnevernslov vurderte departementet innføringa av ei autorisasjonsordning i barnevernet. Med bakgrunn i ei utgreiing frå Bufdir fann departementet at å innføre kompetansekrav og endringar i masterutdanningane, med auka vekt på praksis-

nærleik og relevans og betre tilgang til rettleidd praksis under studia, vil vere meir treffsikre og eigna tiltak for å auke tilliten til barnevernet og sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg og naudsynt kompetanse.

Vedtaket frå Stortinget peiker på ei autorisasjonsordning for dei som arbeider med omsorgsovertakingar, og er eit meir avgrensa forslag enn det som tidlegare er greidd ut. Departementet endra i desember 2021 mandatet til Barnevern-utvalet, med eit punkt om at utvalet skulle greie ut «*ordningar for offentlig godkjenning av personell, herunder [...] autorisasjon for de i barnevernet som skal jobbe med omsorgsovertakelse [...]*». Fleirtalet i utvalet har i NOU 2023: 7 *Trygg barndom, sikker fremtid* ikkje føreslått ei autorisasjonsordning. Utgreiinga har vore på offentlig høyring. Departementet vurderer innspel frå høyringa og tek sikte på å komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket i proposisjonen om kvalitetsreforma 2025.

Ordning med andrehandsvurdering av akuttvedtak
Vedtak 1197, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om å innføre en ordning med annenhandsvurdering av akutt-/hastevedtak.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven*, jf. Innst. 625 L (2020–2021).

Departementet viser til at Barnevern-utvalet har levert utgreiinga NOU 2023: 7 *Trygg barndom, sikker fremtid*. Utvalet har ikkje føreslått å innføre ei ordning med andrehandsvurdering av akuttvedtak. Utgreiinga har vore på offentlig høyring. Få høyringsinstansar uttalte seg om spørsmålet. Departementet har òg hatt på høyring nokre forslag til justeringar og presiseringar i reglar om den mellombelse legalitetskontrollen av akuttvedtak i barnevernslova. Departementet vurderer innspel frå høyringa og tek sikte på å komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket i proposisjonen om kvalitetsreforma våren 2025.

Alternativt omgrep til «åtferd» i barnevernslova
Vedtak nr. 1198, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen arbeide videre med å finne et alternativt begrep til atferdsbegrepet i barnevernsloven.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven*, jf. Innst. 625 L (2020–2021).

I arbeidet med Prop. 133 L (2020–2021) om ny barnevernslov vurderte departementet omgrepet «åtferd» og alternativ til det. Departementet føreslo ingen endringar fordi det var vanskeleg å finne eit nytt omgrep som er tilstrekkeleg presist til å heimle inngripande tiltak om tvang. I ny barnevernslov vart omgrepet «atferdsinstitusjon» erstatta med omgrepa «barnevernsinstitusjon» eller «institusjon», jf. Prop. 86 L (2021–2022) og Innst. 391 L (2021–2022). Bufdir har arbeidd vidare med å finne alternative omgrep og har gitt ei tilråding. Det vart òg levert ei menneskerettsleg utgreiing om rettar og tvang på barnevernsinstitusjonar i juni 2023, som føreslo endringar i omgrepet. Barnevernsinstitusjonsutvalet føreslo òg endringar. Departementet har på denne bakgrunn hatt på høyring forslag om endringar i åtferdsomgrepet i barnevernslova. Departementet vurderer innspel frå høyringa og tek sikte på å komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket i proposisjonen om kvalitetsreforma våren 2025.

Oppfølging av tilrådingar frå rettstryggleiksutvalet på barnevernsområdet

Vedtak 1201, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen følge opp rettsikkerhetsutvalgets anbefalinger på barnevernsområdet uten ubegrunnet opphold.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven*, jf. Innst. 625 L (2020–2021).

Utvalet som skulle vurdere tiltak for å styrkje kvaliteten og rettstryggleiken i barnevernet, leverte 20. mars 2023 utgreiinga NOU 2023: 7 *Trygg barndom, sikker fremtid*. Utgreiinga har vore på offentlig høyring. Fleire av forslaga frå utvalet er innarbeidde i høyringsnotatet frå departementet om endringar i barnevernslova (kvalitetsreforma). Departementet vurderer innspel frå høyringa og tek sikte på å komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaket i proposisjonen om kvalitetsreforma våren 2025.

3.5 Stortingssesjon 2019–2020

Forbod mot faste etter-skule-tilbud for barn med overnatting

Vedtak 498, 14. april 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer med sikte på å forby faste etter-skule-tilbud med overnatting over lengre tid for å forhindre segregering, parallellsamfunn, negativ sosial kontroll eller radikaliserings.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 130 L (2019–2020) *Lov om tros- og livssynssamfunn*, jf. Innst. 208 S (2019–2020).

Departementet har sett oppfølginga av dette vedtaket i samanheng med oppfølginga av vedtak 954 av 20. mai 2021. Begge vedtaka omhandlar aktivitetar for barn og unge i frivillig regi og ei bekymring for radikaliseringsmiljø.

Tilbud til barn og unge etter skuletid er berre underlagt offentleg tilsyn når det er omfatta av kommunanes opplæringstilbud (SFO, leksehjelp og kulturskule). Barn og foreldre avgjer samandeltaking i fritidsaktivitetar. Foreldre har rett til å oppdra barna i samsvar med deira religion eller livssyn, samstundes som trusfridomen til barn og foreldre skal varetakast.

Alle registrerte trus- og livssynssamfunn skal rapportere om verksemda og aktivitetar, inkludert tilbud til born og unge. Statsforvaltar kan også krevje rapportering om særlege forhold, til dømes barns rettar. Det stillast etter gjeldande lovgjeving krav til trussamfunna når det gjeld tilbud til barn og unge, som ikkje stillast til andre organisasjonar.

Trussamfunnslova inneheld tydelege krav og forventningar til samfunna. Samfunna kan etter trussamfunnslova nektast tilskot om dei «utøver vold eller tvang, fremsetter trusler, krenker barns rettigheter, bryter lovbestemte diskrimineringsforbud eller på andre måter alvorlig krenker andres rettigheter og friheter». Hatefulle ytringar eller oppmoding til vald i nære relasjonar, vald mot barn, kjønnslemlesting kan råkast av desse føresegnene. Det same kan oppfordring til terror eller finansiering av terror. Samfunn som tar imot bidrag frå statar som ikkje respekterer trusfridomen kan også nektast tilskot.

Eit forbod i samsvar med oppmodingsvedtak 498 utfordrar fleire sentrale menneskerettar, mellom anna trusfridomen, retten til privatliv og retten foreldre har til å ta avgjersler om barna. Fleirtalet i komiteen koplar i Innst. 208 L (2019–2020) ønsket

om eit forbod til saker i media om eit konkret muslimsk samfunn, men avgrensar mot tilsvarende tilbud i ikkje-muslimsk regi, til dømes «speiderbevegelser, konfirmasjonsleirer og folkehøgskoler». Eit forbod i samsvar med vedtaket vil difor kunne vere forskjellsbehandling på grunnlag av religion og i strid med diskrimineringsforbodet i Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Ei meir generell utforming vil kunne råka tilbud som vedtaket seier at ikkje skal råkast. Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har uttala at sjølv generelt utforma føresegnar vil kunne vere eit brot på diskrimineringsforbodet i Den europeiske menneskerettskonvensjonen, om føresegna uforholdsmessig diskriminerer ei gruppe i samfunnet, jf. for eksempel *Biao v. Denmark* avsnitt 103. EMD har også uttala at det er tilstrekkeleg at ei føresegn har ei slik diskriminerande verknad for ei gruppe, jf. *Hugh Jordan v. the United Kingdom*, avsnitt 154. Det er ikkje krav om at dette har vore intensjonen med tiltaket eller lovgjevinga.

Departementet vil ikkje leggje fram eit lovforslag om «faste etter-skule-tilbud med overnatting» i tråd med vedtak 498. I trussamfunnsforskrifta § 15 tredje ledd, til oppfølging av vedtak 499, 14 april 2020, jf. Meld. St. 15 (2020–2021), er det tatt inn krav om at trus- og livssynssamfunna skal gjere greie for særskilde tilbud for barn og unge, mellom anna om undervising eller andre trusopplæringstilbud og andre aktivitetar. Samfunna skal kort gjere greie for omfanget av undervisingstilbud, innhaldet i undervisinga og kva form undervisinga har. Fylkesmannen skal føre tilsyn med at trus- og livssynssamfunna innrettar seg i tråd med lova.

Vidare er det i proposisjonen om endringar i trussamfunnslova, jf. Prop. 116 L (2023–2024) lagt fram forslag som inneber at samfunna må bekrefte at dei vil arbeide for 40 prosent representasjon av kvart kjønn i styrande organ. I tillegg til endringar i lova, har departementet også lagt fram ei rekkje tiltak for å leggje til rette for betre dialog mellom samfunna og styresmaktene, men også informasjons- og opplæringstiltak om aktuelle tema, der negativ sosial kontroll, barns rettar, vald i nære relasjonar og ekstremisme inngår.

Regjeringa viser óg til oppmodingsvedtak nr 955 av 20. mai 2021 der Stortinget ba «regjeringen komme tilbake med forslag til tiltak for å kartlegge omfanget av pengestøtte fra utlandet til religiøse organisasjonar, uavhengig av om organisasjonen mottar statsstøtte». Regjeringa har greidd ut spørsmålet og følger opp tilrådingane frå utgreiinga for å bidra til auka transparens og oversikt knytt til slik finansiering frå utlandet. Tiltak knytt til auka

transparens og oversikt vil bidra til å gi myndighetene kunnskap som kan medverke til å auke tryggleiken for at verksemd i Noreg ikkje undergrev demokratiet eller bidreg til radikalisering.

Departementet reknar intensjonen i vedtaket som følgt opp.

Oppdeling av Opplysningsvesenets fond

Vedtak 500, 14. april 2020

«Stortinget ber regjeringen i arbeidet med oppdelingen av Opplysningsvesenets fond ivareta følgende:

1. Staten og kirken skal være likeverdige parter i prosessen som skal avklare hvilke bygninger kirken skal overta, og det legges til grunn at staten kommer til enighet med Den norske kirke om dette.
2. Kirkens verdier skilles ut først, deretter bør staten gjøre egne vurderinger av forvaltning av de verdier som ligger igjen i fondet.
3. Betingelsen for delingen av fondet er at staten øker sin innsats for bevaring av de kulturhistorisk viktige kirkebyggene i et omfang som svarer til de verdiene som staten blir eier av på et bestemt tidspunkt. Når eiendelene i Opplysningsvesenets fond er endelig fordelt mellom staten og kirken, må det gjøres beregning av den reelle verdien. Den reelle verdien skal komme de kulturhistorisk viktige kirkebyggene til gode ved istandsetting og sikring av kirkene. Statens økte innsats for bevaring av kirkene må over tid minst svare til denne verdien (inflasjonsjustert).
4. Statens økte innsats overfor kirkebyggene skal ikke avløse kommunenes økonomiske ansvar for kirkebyggene eller komme til erstatning for andre tiltak eller ordninger som finnes på området.
5. I samråd med kirkelige instanser, antikvariske myndigheter mfl. igangsettes arbeidet med bevaringsprogrammer for ulike kategorier av kulturhistorisk viktige kirkebygg, for eksempel ved å kategorisere kirkebyggene etter alder, verneverdi eller vedlikeholdstilstand.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 29 (2018–2019) *Opplysningsvesenets fond*, jf. Innst. 209 S (2019–2020).

Den 14. juni 2021 vedtok Stortinget ny lov om Opplysningsvesenets fond, jf. Prop. 144 L (2020–2021) *Lov om Opplysningsvesenets fond* og Innst. 623 L (2020–2021). Lova følgjer opp Innst. 209 S (2019–2020) og la det rettslege grunnlaget for å

dele Opplysningsvesenets fond (Ovf) mellom Den norske kyrkja og staten, i samsvar med stortingsvedtaka.

Når det gjeld punkt 1 og 2, er det etter innspel frå partane no bestemt kva eigedommar som skal overførast til kyrkja. Omfanget og vilkåra for å skilje ut verdiane som skal overførast til Den norske kyrkja, er bestemte i samsvar med oppmodningsvedtaket, sjå side 79 i Prop. 104 S (2023–2024). Det blir no arbeidd med å gjennomføre overføringane av eigedommane mellom anna ved å dele frå prestebustadene frå jordeigedommane slik det er føresett i stortingsmeldinga. Størstedelen av eigedommane vil bli overført i løpet av 2024, saman med delar av midlane i oppgjeret frå Ovfv, for mellom anna å setje eigedommane i stand.

Når det gjeld punkt 3, 4 og 5, la regjeringa i vår fram ein bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg, og finansieringa av arbeidet vart lagd fram for Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2024. Det er etablert ei eiga statleg tilskotsordning for arbeidet og tilhøyrande romartalsvedtak om forpliktinga, sjå omtale under kap. 883 Kyrkjebevaringsfondet i Prop. 104 S (2023–2024). Den statlege bevaringsinnsatsen endrar ikkje det økonomiske ansvaret kommunane har for kyrkjebygga.

Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Opplysningsvesenets fond – fondseigedommane staten tek over

Vedtak 501, 14. april 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med sak om fondseiendommene staten overtar etter at Opplysningsvesenets fond er oppdelt. Det bes om at regjeringen belyser spørsmål som angår det statlige fondets formål, dets samfunnsansvar, organisering, vilkår for salg av eiendommer, sikkerhetsspørsmål ved eventuelle salg til utenlandske aktører samt andre forhold som er av betydning for forvaltningen av det gjenværende fondet staten overtar.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 29 (2018–2019) *Opplysningsvesenets fond*, jf. Innst. 209 S (2019–2020).

Den 14. juni 2021 vedtok Stortinget ny lov om Opplysningsvesenets fond, jf. Prop. 144 L (2020–2021) *Lov om Opplysningsvesenets fond* og Innst. 623 L (2020–2021). Lova legg det rettslege grunnlaget for å dele Ovfv mellom Den norske kyrkja og staten. Regjeringa la våren 2024 fram ein lovproposisjon for å danne om Opplysningsvesenets fond til aksjeselskap og deretter overføre utøvinga

av eigarskapen til Nærings- og fiskeridepartementet, jf. Prop. 82 L (2023–2024). I proposisjonen vart det gjort greie for målet til-, organiseringa av- og vilkåra til selskapet for den delen av Ovf som staten vart eigar av jf. oppmodingsvedtaket.

Stortinget slutta seg til at Ovf blir skipa til aksjeselskap, jf. Innst. 359 L (2023–2024) og Lovvedtak 89 (2023–2024). Aksjeselskapet vart oppretta 1. september 2024 under namnet Allstad AS. I vedtektene til selskapet blir det mellom anna lagt til grunn at målet til selskapet er å forvalte og vidareutvikle verdier i selskapsporteføljen av eigedommar, bygg, energiinvesteringar og finanskapital på ein forretningmessig måte.

Innanfor desse rammene skal utmarksområda til selskapet gjerast tilgjengelege for allmenta. Selskapet skal vektleggje ei aktiv naturforvaltning og ta omsyn til friluftssinteresser. Selskapet skal tilby jakt- og fiskerettar til allmenta.

Innanfor rammene av føremålet til selskapet skal det ved overdraging av landbruksbruks-eigedommar vurderast om salet bidreg til lokalt eigarskap og til at verdifulle jordressursar for matproduksjon ikkje blir bygde ned. Selskapet skal alltid vurdere om det er tenleg med arronderingssal av skog- og jordeigedommar til lokale bønder eller eigarar som bidreg til å vareta offentlege interesser. Denne typen sal skal også skje på marknadsvilkår.

Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

Utbetring av verneverdige kyrkjebygg

Vedtak 502, 14. april 2020

«Stortinget ber regjeringa utarbeide en plan for utbedring av verneverdige kirkebygg.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Meld. St. 29 (2018–2019) *Opplysningsvesenets fond*, jf. Innst. 209 S (2019–2020).

Bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg vart lagd fram 21. februar 2024 og omtalt i Prop. 104 S (2023–2024). Sjå nærare omtale av hovudtrekka i det vidare arbeidet under programområde 11.50 Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn.

Departementet reknar vedtaket som følgt opp.

FN-konvensjonen om barnerettane
– ny barnevernslov og ny barnelov

Vedtak 637, 28. mai 2020

«Stortinget ber regjeringa sikre at forslagene til ny barnevernslov og ny barnelov er i tråd med

FNs barnekonvensjons prinsipper om barns rett til informasjon, til å bli hørt, beslutninger til barnets beste og barns rett til privatliv.»

Vedtaket vart gjort i samband med orienteringa om situasjonen i barnevernet som barne- og familie-ministeren la fram for Stortinget 26. mai 2020.

Departementet har lagt fram forslag til ny barnevernslov i Prop. 133 L (2020–2021). Stortinget vedtok lova 9. juni 2021, og lova tok til å gjelde 1. januar 2023. Ny barnevernslov inneheld fleire endringar som styrkjer barn sine rettar, og lova er i tråd med FN-konvensjonen om barnerettane. Det grunnleggjande omsynet for barnevernet skal vere det beste for barnet, og dette er framheva i ei ny overordna føresegn i barnevernslova. Andre grunnleggjande rettar og prinsipp er òg tekne inn i lova, slik som retten barn har til omsorg og vern, og retten til familieliv. Departementet reknar den delen av vedtaket som gjeld ny barnevernslov, som følgt opp.

Barnelovutvalet leverte utgreinga NOU 2020: 14 *Ny barnelov* 4. desember 2020. Departementet har nyleg hatt på høyring eit høyringsnotat om endringar i barnelova om likestilt foreldreskap og felles omsorg for barn etter samlivsbrot. Både i NOU-en og høyringsnotatet er menneskerettane greidde ut og tekne omsyn til. Regjeringa vil leggje fram ein lovproposisjon om ny barnelov i 2025. I dette arbeidet tek departementet omsyn til menneskerettane, irekna barnekonvensjonen. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av denne delen av vedtaket på eigna vis.

3.6 Stortingssesjon 2016–2017

Evaluering av felles foreldreansvar

Vedtak 491, 7. mars 2017

«Stortinget ber regjeringa evaluere felles foreldreansvar fra fødsel, etter at loven har virket tre år.»

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Prop. 161 L (2015–2016) *Endringer i barnelova mv. (likestilt foreldreskap)*, jf. Innst. 195 L (2016–2017).

Lovendringa om felles foreldreansvar tok til å gjelde 1. januar 2020 og har no verka i tre år. Som ei følgje av ei endring i barnelova § 35 får alle foreldre no automatisk felles foreldreansvar for barn dei får saman, uavhengig av om dei er ektefellar, sambuarar eller ikkje bur saman.

Departementet vil gjennomføre ei intern evaluering av lovendringa om felles foreldreansvar og vil nytte erfaringane i det vidare arbeidet med ny

barnelov. Departementet vil orientere Stortinget om evalueringa gjennom omtale i ein lovproposisjon om ny barnelov i 2025.

4 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodningsvedtak under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2023–2024 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S (2023–2024) meinte

ikkje var følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det òg opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodningsvedtaket no blir avslutta eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket òg i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 4.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	501	Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge	Nei
2023–2024	625	Inkludere fleire med funksjonshindringar og hol i CV-en i arbeidslivet i staten	Nei
2023–2024	718	Forbod mot utvinning av kryptovaluta	Nei
2022–2023	196	Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame	Nei
2022–2023	197	Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer	Nei
2022–2023	583	Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar	Nei
2022–2023	922	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt	Ja
2021–2022	35 nr. 42	Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 43	Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	413	Leiarlønningar i staten	Ja
2020–2021	1066	Mobil- og internettdækning langs eksisterande riksvegar	Ja

4.1 Stortingssesjon 2023–2024

Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge

Vedtak nr. 501, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med implementering av forordninga om digitale

tenester om å sikre et forbud mot adferdsbasert markedsføring rettet mot barn og unge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om en verifiserbar aldersgrense for sosiale medium og regulering av innhald og reklame retta mot barn, jf. Doku-

ment 8:247 S (2022–2023) og Innst. 191 S (2023–2024).

Då Digital Services ACT (DSA) var under utarbeiding i EU, fremja regjeringa ein posisjon frå Noreg der regjeringa mellom anna foreslo eit forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge. I forordninga som er vedtatt i EU ligg det inne eit forbod mot åtferdsbasert reklame til mindreårige basert på profilering ved bruk av personopplysningane deira, når plattformen med rimeleg sikkerheit kan fastslå at mottakaren av tenesta er mindreårig.

DSA er ei indre marknadsregulering, og er EØS-relevant og aktuell for innlemming i EØS-avtala. Ei eventuell nasjonal gjennomføring av forordninga vil krevje lovendring.

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Inkludere fleire med funksjonshindringar og hol i CV-en i arbeidslivet i staten

Vedtak nr. 625, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringa igangsette et arbeid for å utrede ytterligere og sterkere tiltak for å inkludere flere mennesker med funksjonshindre og flere mennesker med hull i CV-en i arbeidslivet i staten, inkludert tiltak i statens arbeidsgiverpolitikk samt tiltak for å bygge ned samfunnskapte funksjonshindre og diskriminering, og komme tilbake til Stortinget med forslag innen utgangen av vårsesjonen 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Henrik Asheim, Anna Molberg, Aleksander Stokkebø, Mudassar Kapur, Sveinung Rotevatn og Dag-Inge Ulstein om å innføre inkluderingsmål i statleg og kommunalt arbeidsliv, jf. Dokument 8:105 S (2023–2024) og Innst. 289 S (2023–2024).

Regjeringa har stor merksemd på inkludering og mangfald i staten. Vi treng tilgjengeleg kompetanse, og staten treng den kompetansen som mange av dei med funksjonsnedsetjing og hol i CV-en har. Det er sett i gang mange tiltak, og regjeringa ser no på ytterlegare tiltak for å få fleire som står utanfor arbeidslivet inn i staten.

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte i vårsesjonen 2025.

Forbod mot utvinning av kryptovaluta

Vedtak nr. 718, 6. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa utrede et forbud mot utvinning av kryptovaluta i Norge og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Birgit Oline Kjerstad og Lars Haltbrekken om konsesjon på datasentre, jf. Dokument 8:106 S (2023–2024) og Innst. 383 S (2023–2024).

Regjeringa har ein klar intensjon om å avgrense utvinning av kryptovaluta mest mogleg og har sett i gang eit arbeid for å vurdere handlingsrommet for korleis vi kan gjere det. Forbod mot utvinning er eit av tiltaka som blir vurdert. Ei førebels vurdering syner at ei rekke EØS-rettslege forhold må greiast ut nærare før vi kan gå vidare med ei eventuell regulering av utvinning av kryptovaluta, mellom anna eit eventuelt forbod. Kva som vil vere mogleg innanfor dei EØS-rettslege rammene avheng av korleis ei ordning blir utforma, mellom anna kva for konkrete omsyn myndighetene vil bygge reguleringa på. Ordninga må kunne avgrensast til utvinning av kryptovaluta. Mindre inngripande ordningar enn forbod vil vere lettare foreinleg med Noreg sine EØS-rettslege forplikingar enn eit totalforbod.

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte når forbod er greidd ut nærare.

4.2 Stortingssesjon 2022–2023

Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame

Vedtak nr. 196, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringa vurdere hvilket handlingsrom Norge har til å regulere digitale tjenester utover reguleringen i Digital Services Act og Digital Markets Act, med tanke på å vurdere konsekvenser ved et norsk forbud mot reklame som er basert på masseinnsamling av personopplysninger, sporing og profilering av enkeltpersoner på digitale plattformer. Vurderingen skal omfatte både innhenting, bruken og eventuelt salg/utlevering av personopplysningene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus

Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet er opptatt av ein god digitaliseringspolitikk som tar vare på både personvernet og næringsinteresser. Departementet vurderer derfor, i dialog med andre departement som saka rører ved, korleis oppmodingsvedtaket best kan følgjast opp. Det blir arbeidd med eit mandat for utgreiing av dei ulike sidene ved oppmodingsvedtaket. I dette arbeidet ser departementet hen til arbeidet med å gjennomføre Digital Services Act og Digital Markets Act, jf. vedtak nr. 501, 5. mars 2024, og arbeidet med å trygge barn på nett. Regjeringa prioriterer disse arbeida høgt.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer

Vedtak nr. 197, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringa utrede omfanget av og utfordringane rundt lagring av biometriske data frå norske forbrukere på sosiale medieplattformer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmodingsvedtaket i samband med oppfølginga av personvernkommissjonens rapport NOU 2022: 11 *Ditt personvern – vårt felles ansvar*.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar

Vedtak nr. 583, 13. april 2023

«Stortinget ber regjeringa stille krav om at data gjerest tilgjengelig ved inngåelse av offentlige kontrakter, der det vurderes hensiktsmessig.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne

Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).

Statens standardavtaler (SSA) er dei kontraktane som er mest brukt når det offentlege inngår avtaler om kjøp av IT og konsulenttenester. Som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon*, fekk Direktoratet for forvaltning og økonomistyring i 2022 i oppdrag å vurdere om det var bruk for endringar i SSA for å legge betre til rette for deling og gjenbruk av data. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har utarbeidd ein rapport med forslag til tiltak, som mellom anna foreslår endringar i nokre av kontraktsmalane, kombinert med betre rettleiing i bruken av desse. Det er komplekse problemstillingar knytte til gjennomføring av dei faktiske endringane det er behov for i kontraktsmalane. Arbeidet tar derfor lengre tid enn først planlagt. Departementet vil i samarbeid med Finansdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet følgje opp overfor Direktoratet for forvaltning og økonomistyring for gjennomføring av ei tilleggsutgreiing av ovannemnde rapport. Det blir tatt sikte på gjennomføring i løpet av første halvår i 2025.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt

Vedtak nr. 922, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa stille krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye statlege byggeprosjekt med oppstart av et forprosjekt i 2024, der ikke spesielle hensyn tilsier noe annet. Kravet skal også gjelde ved større oppgraderinger og rehabiliteringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Oppdragsdepartementet er ansvarleg for innhaldet i byggeprosjekta i sin sektor. Departementet orienterte Statsbygg og utvalde departement i desember 2023 om at oppdragsdepartementet skal inkludere lokal fornybar energiproduksjon, inkludert fjernvarme og overskotsvarme, i framtidige byggeprosjekt i statleg sivil sektor når det er lønsamt over levetida til investeringa. Byggeprosjekta skal i tillegg bli planlagde

og gjennomførte med ein energistandard som minimum oppfyller passivhusstandard, med mindre særskilte omsyn tilseier noko anna.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

4.3 Stortingssesjon 2021–2022

Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 42, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige tiltak for å sikre økt åpenhet og transparens i virksomheten til private tilbydere av offentlig finansierte velferdstjenester, herunder et offentlig register over alle private virksomheter som leverer offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Problemstillingane har blitt utgreia som ein del av Støstad-utvalet sitt arbeid. Utvalet la fram delrapporten NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører* 31. januar 2024. Sluttrapporten, NOU 2024: 17 *Kommersielle og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester*, vart levert 29. august 2024, og er no til behandling i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 43, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om å stille krav til at selskaper som leverer offentlig finansierte velferdstjenester, organiseres i egne rettssubjekter hvor det ikke er tillatt å drive annen virksomhet enn offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Støstad-utvalet har hatt som ein del av mandatet sitt å vurdere korleis kommersielle aktørar

kan regulerast sterkare. Eit krav om organisering av slik verksemd som sjølvstendig rettssubjekt, er eitt av fleire døme på tiltak som utvalet har vurdert.

Utvalet la fram delrapporten NOU 2024: 1 *Definisjon og registrering av ideelle velferdsaktører* 31. januar 2024. Sluttrapporten, NOU 2024: 17 *Kommersielle og ideelle aktørers rolle i fellesskapets velferdstjenester*, vart levert 29. august 2024, og er no til behandling i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Leiarløningar i staten

Vedtak nr. 413, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte når utvalget som skal gjennomgå lederlønssystemet i staten, har lagt fram sin rapport.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Kirsti Bergstø, Audun Lysbakken, Grete Wold og Freddy André Øvstegård om lønsmoderasjon for høgtlønnte i staten, jf. Dokument 8:22 S (2021–2022) og Innst. 156 S (2021–2022).

Leiarlønnsutvalet overleverte sin rapport i 2022. Regjeringa er opptatt av å bidra til å rekruttere og behalde dyktige leiarar i staten, samstundes som det skal sikrast at leiarlønnsutviklinga ikkje overskrider det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i samfunnet. I Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa vil lage nye retningslinjer for leiarløningar og andre type godtgjersler for leiarar i staten, som bidrar til reduserte lønsforskjellar. Rapporten frå utvalet er eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Regjeringa må halde seg til inngåtte tariffavtaler med hovudsamanlutningane, og kan ikkje einseitig endre systema for korleis ein løner leiarar i staten. Regjeringa ønskte å forhandle om systemet for leiarløningar ved hovudtariffoppgjeret i staten i 2024, men denne tidsplanen måtte utsettast fordi andre saker i forhandlingane vart prioriterte. Det vil vere tett dialog med hovudsamanlutningane i det vidare arbeidet.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

4.4 Stortingssesjon 2020–2021

Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksveggar

Vedtak nr. 1066, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for utbygging av mobil- og internettdekning langs eksisterende riksveier, som spesifiserer dekningshull og kostnadene for utbedring av disse, og innarbeide dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020-2021) *Vår felles digitale grunnmur - Mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Dokument 8:151 S (2020-2021) og Innst. 511 S (2020-2021).

I Prop. 1 S (2023-2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet vart det opplyst at departementet arbeidde med ei ny utgreiing, som inneber å komplettere eksisterande utgreiingsresultat med fleire målingar langs enda fleire riksveggar. Målet var eit meir presist situasjonsbilete og eit betre grunnlag for å estimere kostnadane knytte til å utbetre dekningshol langs riksvegnettet. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet fekk denne nye utgreiinga, der dekningshol langs alle riksveggar i landet er målt, i august 2024. Rapporten er no til vurdering i departementet. Vidare oppfølging vil bli vurdert i dei årlege budsjetta.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

5 Energidepartementet

Nedanfor følger ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Energi-departementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2023–2024, i tillegg til dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S

(2023–2024) meinte ikkje var kvitterte ut. I tabellen nedanfor står det om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodings- og utgreiingsvedtaket skal avsluttast no, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 5.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	2	Sikkerheit knytt til Equinors anskaffing av flyteriggjar frå det statseigde kinesiske selskapet COSL	Ja
2023–2024	96	Havvind – opne eit område i nord	Nei
2023–2024	449	Tydeleggjering av at omsynet til nasjonal sikkerheit vil vere eit kriterium ved tildeling av utvinningsløyve	Ja
2023–2024	450	Framlegging av planar for utvinning av havbotnmineral	Ja
2023–2024	451	Sokkeldirektoratet innhentar innspel frå andre aktuelle statlege etatar i samband med at dei utarbeider forslag til arbeidsprogram	Ja
2023–2024	453	Tiltak som kan settast i verk raskt for å hindre og avbøte ein situasjon med store prisforskjellar mellom eitt prisområde og tilgrensande prisområde	Ja
2023–2024	715	Forbod for kraftleverandørar mot å drive direktemarknadsføring mot tidlegare kundar	Ja
2023–2024	716	Tiltak for ein meir forbrukarvennleg straummarknad	Ja
2023–2024	717	Nye datasenter – utnytting av spillvarme og eigenproduksjon av energi- og energilagringssystem	Nei
2023–2024	822	Lærdom av Fosen-saka	Ja
2023–2024	910	Energipartnerskap med olje- og gassnæringa	Ja
2023–2024	911	Havvind – støtteprogram for flytande havvind	Ja
2023–2024	913	Fjerne konsesjonsplikt for solparkar opp til 10 MW	Ja
2023–2024	915	10 TWh redusert straumforbruk	Ja
2022–2023	13	Kartlegging av potensialet for solenergiproduksjon på eksisterande infrastruktur	Ja

Tabell 5.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	16	Mellombels eller tidsavgrensa fritak frå konsesjonsplikt	Ja
2022–2023	18	Effektgrense for konsesjonsplikt for solenergianlegg	Ja
2022–2023	765	Forslag til endringar som tillèt områdeløysingar og deling av lokalprodusert straum og energilagring mellom bygg med ulike gards- og bruksnummer	Ja
2022–2023	766	Plan med mål og verkemiddel for å fremme utbygging av produksjon av fornybar kraft i næringsareal, langs motorvegar og i andre nedbygde areal	Ja
2022–2023	767	Fjerne regulatoriske hinder for energiproduksjon på næringsareal og andre nedbygde areal	Ja
2022–2023	768	Heve grensa for kor mykje eigenprodusert, fornybar energi som kan delast frå næringsbygg	Ja
2022–2023	812	Straumstønadsordninga – avgrensing for kjøp av rimeleg konsesjonskraft	Ja
2022–2023	813	Inkludering av bakkemonterte solenergianlegg i plan- og bygningslova	Nei
2022–2023	836	Havvind – elektrifisering av oljeinstallasjonar	Ja
2022–2023	841	Havvind – auka vekting av berekraftskriteria og positive lokale ringverknader	Nei
2022–2023	842	Havvind – vurdere andre og meir formålstenlege løysingar for differansekontraktar enn OPS-rammeverket	Ja
2022–2023	914	Havvind – elektrifisering av offshoreinstallasjonar	Ja
2022–2023	923	Solenergi – mål om 8 TWh innan 2030	Ja
2022–2023	924	Solkraft – deling med høgare grense enn 1 MW	Ja
2022–2023	925	Solenergi-parkar – fjerne konsesjonsplikt for enkeltprosjekt med lågt konfliktnivå	Ja
2022–2023	926	Solenergi-parkar – fjerne konsesjonsplikt opp til 1 MW	Ja
2021–2022	385	Straumsituasjonen i Geirangerfjorden etter vedtak om nullutslepp for cruiseskip	Ja
2021–2022	548	Fjerne regulatoriske barrierar som hindrar lokal energiproduksjon, energilagring og omsetning av energi mellom bygg	Ja
2021–2022	703	Havvind – tildeling av areal	Nei
2021–2022	716	Havvind – vurdere å fastsette delmål for arealtildeling innan 2030	Nei
2021–2022	727	Mål om auka energisparing – greie ut ulike ordningar med energisparesertifikat	Ja
2021–2022	731	Prioritere kven av større nye forbrukarar som får tilknytning til og uttak frå nettet	Ja
2021–2022	746	Prøveordning for handverksbedrifter – energitiltak	Ja

5.1 Stortingssesjon 2023–2024

Sikkerheit knytt til Equinors anskaffing av flyterigger frå det statseigde kinesiske selskapet COSL

Vedtak 2, 5. oktober 2023

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte informere Stortinget om all sikkerhetsrelevant informasjon knyttet til Equinors inngåtte kontrakt om anskaffelse av flyterigger fra det statseide kinesiske selskapet COSL, samt redegjøre for hvilke kontrollmekanismer som er etablert for sikre at bedriftene utøver sitt pålagte ansvar om at anskaffelser skjer i henhold til sikkerhetsloven.»

Saka blei behandla i den utvida utanriks- og forsvarskomiteen 25. oktober 2023.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Havvind – opne eit område i nord

Vedtak 96, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen åpne et område i nord for havvind som kan utlyses senest i 2027, og der det skal legges vekt på at konsekvensene for sameksistens med fiskeri, natur og miljø kan ivaretas på en god måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2023–2024) og Innst. 2 S (2023–2024).

Før eit område blir opna, må det gjennomførast ei strategisk konsekvensutgreiing. Departementet har gitt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å gjennomføre strategiske konsekvensutgreiingar av alle områda som er aktuelle for utlysing framover mot 2040, inkludert områda i nord. Desse utgreiingane skal etter planen vere ferdige innan utgangen av juni 2025. Utgreiingane vil mellom anna vurdere sameksistens med andre næringar og omsyn til natur og miljø, og gi viktig informasjon for avgjerder om framtidige opningar og utlysingar.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tydeleggjering av at omsynet til nasjonal sikkerheit vil vere eit kriterium ved tildeling av utvinningsløyve

Vedtak 449, 9. januar 2024

«Stortinget ber regjeringen ved utlysning av areal tydeliggjøre at hensynet til nasjonal sikker-

het vil være et kriterium ved tildeling av utvinningstillatelser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2022–2023) og Innst. 162 S (2023–2024).

Energidepartementet har sendt eit forslag til utlysing av første konsesjonsrunde for havbotnmineral på offentlig høyring. I høyringsbrevet er det presisert at omsynet til nasjonal sikkerheit vil ligge til grunn for korleis departementet gjennomfører konsesjonsrunden.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Framlegging av planar for utvinning av havbotnmineral

Vedtak 450, 9. januar 2024

«Stortinget ber regjeringen legge frem de første planene for utvinning av havbunnsmineraler for Stortinget som proposisjon før departementet godkjenner utvinningsplanen etter havbunnsmineralloven § 4-4.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2022–2023) og Innst. 162 S (2023–2024).

Regjeringa vil legge fram dei første planane for utvinning for Stortinget før Energidepartementet eventuelt gjer vedtak om å godkjenne slike planar. Det er ikkje venta at det blir sendt inn slike planar dei nærmaste åra.

Departementet reknar med dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Sokkeldirektoratet innhentar innspel frå andre aktuelle statlege etatar i samband med at dei utarbeider forslag til arbeidsprogram

Vedtak 451, 9. januar 2024

«Stortinget ber regjeringen sørge for at Oljedirektoratet innhenter innspill fra øvrige berørte statlige etater, herunder Miljødirektoratet og Havforskningsinstituttet, i forbindelse med utarbeidelse av sitt forslag til arbeidsprogram til departementet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2022–2023) og Innst. 162 S (2023–2024).

Departementet arbeider med å lyse ut første konsesjonsrunde for mineralverksemd på norsk

kontinentalsokkel og har sendt eit forslag på offentlig høyring. Når det skal fastsettast arbeidsprogram for løyve i konsesjonsrunden, vil departementet be om at Sokkeldirektoratet innhentar innspel frå andre statlege etatar, under dette Miljødirektoratet og Havforskningsinstituttet, i samband med at direktoratet utarbeider sitt forslag til arbeidsprogram.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Tiltak som kan settast i verk raskt for å hindre og avbøte ein situasjon med store prisforskjellar mellom eitt prisområde og tilgrensande prisområde
Vedtak 453, 9. januar 2024

«Stortinget ber regjeringa vurdere hvilke tiltak som raskt kan iverksettes for å hindre og avbøte en situasjon med store prisforskjeller mellom et prisområde og tilgrensede prisområder, herunder tiltak i strømmnettene, bruk av flaskehalsinntekter, innretning av prisområder og andre aktuelle og relevante tiltak.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:3 S (2023–2024) og Innst. 163 S (2023–2024).

Siden behandlingen av Meld. St. 45 (2016–2017) har sirkulær økonomi som politikkområde vært i stor utvikling og det er lagt frem en nasjonal strategi for ein grønn, sirkulær økonomi (2021) og en handlingsplan for en sirkulær økonomi (2024). Å øke andelen ombruk er en viktig del av arbeidet med å legge om til en mer sirkulær økonomi.

Kommunene spiller en sentral rolle i denne omstillingen, blant annet som tilrettelegger for økt ombruk av husholdningsavfall gjennom å skape attraktive møteplasser for ombruk og reparasjoner for innbyggere, skoler, institusjoner og virksomheter. Som oppfølging av den nasjonale strategien finansierte regjeringen i 2022 rapporten *Kommunesektorens arbeid med sirkulær økonomi*

om hvordan kommuner og fylkeskommuner kan videreutvikle sitt arbeid innen sirkulær økonomi. Her blir tilrettelegging for økt ombruk løftet frem som et område hvor kommunene spiller en viktig rolle. Mange kommuner og kommunale aktører er opptatt av hvordan de kan bidra til økt ombruk, og det finnes en rekke eksempler på hvordan kommunale avfallsselskaper legger til rette for ombruk på sine gjenbruksstasjoner. Eksempelvis har Oslo kommune et dedikert ombrukstelt der innleverte ting fra gjenbruksstasjonene omsettes, Bergensområdets interkommunale renovasjonselskap (BIR) har en brukthall i alle miljøparkene sine, og IVAR i Stavanger åpnet i 2024 et ombrukskjøpesenter der ombrukbare varer fra gjenbruksstasjonene skal omsettes. Trondheim Renholdsverk har gjenbruksbutikken «BrukOm» og på Hamar finner du Sirkula IKS sin krets-løpspark. Flere kommuner gjennomfører for eksempel også en ombruksuke, der de har særlig fokus på å øke andelen ombruk av det som kommer inn på gjenbruksstasjonene. Samtidig ser vi også at ombruksarenaer som FINN.no, Tise og Loppo øker omsetning. Bruktundersøkelsen til FINN fra 2024 viser at flere og flere handler brukt. Det er generelt ønskelig at ombrukbare gjenstander omsettes utenfor avfallssystemet.

Departementet vurderer på denne bakgrunn at kommunene i stor grad tar ansvar for å legge til rette for ombruk på gjenbruksstasjoner og utenfor gjenbruksstasjoner. Departementet anser med dette vedtaket som fulgt opp.

Utleie av avfallskonteinere fra godkjente avfallsselskaper

Vedtak nr. 482, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringen gi kommunene anledning til selv å bestemme om de ønsker samtykke ved utleie av avfallskonteinere fra godkjente avfallsselskaper.»

Vedtaket ble gjort ved behandlingen av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) om Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – Avfallspolitikk og sirkulær økonomi*. Det følger av forurensningsloven at kommunen har plikt til å sørge for innsamling av husholdningsavfall, og at ingen må samle inn husholdningsavfall uten kommunens samtykke. Forurensningsmyndigheten kan i særlige tilfeller bestemme at kommunens samtykke ikke er nødvendig.

Komiteen viser i sin innstilling fra 2017 til at ordningen med samtykke ikke fungerer optimalt,

da det er aktører som samler inn avfall fra husholdninger som ikke søker om samtykke. Departementet oppfatter at komiteen er opptatt av å forenkle ordningen, samt forbedre den. Siden 2017 har det blitt enklere for private aktører å søke om samtykke, da dette nå i større grad kan gjøres digitalt.

Departementet anser derfor at ordningen i praksis er forenklet. Departementet mener videre at det er fornuftig å opprettholde kravet om samtykke, for at kommunene skal ha bedre oversikt over og kontroll på hvilke private aktører som samler inn avfall fra husholdningene, og for å eventuelt kunne stille krav som øker materialgjenvinningen av dette avfallet. Det er fortsatt behov for mer kunnskap for å vurdere ytterligere tiltak for økt materialgjenvinning av husholdningsavfallet, for å få til bedre ressursutnyttelse av avfallet og en mer sirkulær økonomi, og for å nå bindende mål om materialgjenvinning av husholdningsavfall i EUs rammedirektiv om avfall. Miljødirektoratet har i tidligere utredninger/vurderinger anbefalt at krav om samtykke opprettholdes. Direktoratet har i sin rapport fra 2023 der de vurderte virkemidler for økt forberedelse til ombruk og materialgjenvinning av grovavfall ikke anbefalt å gi kommunene mulighet til selv å velge om de ønsker slikt samtykke.

Departementet mener på denne bakgrunn at kommunene ikke bør gis anledning til å selv velge om de ønsker å kreve samtykke. Departementet anser med dette vedtaket som fulgt opp.

Utrede strengere krav til svartvann- og gråvannutslipp fra cruiseskip

Vedtak nr. 661, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede strengere krav til svartvanns- og gråvannsutslipp fra cruiseskip.»

Dokumentene som ligger til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp frem mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018),

Sjøfartsdirektoratet har utredet forslag til endring i regelverket for innføring av strengere krav til utslipp av kloakk fra skip langs kysten. En kart-

legging fra Miljødirektoratet om mottakskapasiteten for kloakk og kloakkslam i havnene inngår i faggrunnlaget. Det er behov for videre utredning.

Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder m.m.

Vedtak nr. 672, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Dokumentene som ligger til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslipp frem mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

I 2019 ble det innført strengere utslippskrav til skip generelt i verdensarvfjordene. I 2020 utredet Sjøfartsdirektoratet muligheten for å innføre nullutslipp i verdensarvfjordene. Utredningen viste blant annet teknologiske utfordringer med å kunne oppnå nullutslipp for større turistskip innen 2026. Ved behandling av et representantforslag om å utsette nullutslippskravet i verdensarvfjordene, avviste Stortinget utsettelsen og konkluderte med anmodningsvedtak nr. 690 og vedtak nr. 691.

I oppfølgingen av anmodningsvedtakene sendte Sjøfartsdirektoratet forslag til regelverk for utslippsfrie verdensarvfjorder på høring, med høringsfrist 3. oktober 2023. Basert på høringsinnspillene oversendte Sjøfartsdirektoratet sin anbefaling til departementet 14. desember 2023. Sjøfartsdirektoratets anbefaling innebar å innføre nullutslippskrav fra 1. januar 2026, med en overgangsordning for skip over BT 10.000 frem til 2035 for å sikre videre anløp i verdensarvfjordene.

Regjeringen har besluttet å innføre krav til nullutslipp i verdensarvfjordene for skip under BT 10.000 fra 1. januar 2026, og fra 1. januar 2032 for

skip over BT 10.000. Det er nødvendig med ulik innfasing siden teknologien ikke er moden for de største skipene og for å sikre verdensarvfjordene som anløpshavn også etter 2026 i tråd med anmodningsvedtak nr. 691, 25. februar 2021. Skipene kan benytte biogass for å oppfylle kravet, og det skal stilles krav om bruk av landstrøm der dette er tilgjengelig. Det vil være et snevert unntak for beredskap, midlertidige samband, samt dispensasjonsadgang for vernede og fredede skip. Inntil videre gis det unntak for fylkeskommunens rutebåt. Departementet vil arbeide med implementeringen av kravene og reguleringene.

Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

10.8 Stortingssesjon 2016–2017

Forslag til tiltak og virkemidler for overvannsproblematikk

Vedtak nr. 914, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene fra overvannsutvalget (NOU 2015: 6), og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag til tiltak og virkemidler for overvannsproblematikk, inkludert en vurdering av en egen sektorlov for vann- og avløp.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandling av Dok. 8:78 S (2016–2017), jf. Innst. 436 S (2016–2017).

Overvannsutvalget foreslo en pakke av virkemidler som må sees i sammenheng, og som til sammen vil bidra til å oppnå målene om å forebygge skade på bosetning, infrastruktur, helse og miljø. Forslag til endringer i forurensningsloven og vann- og avløpsanleggsloven ble sendt på høring i mars 2020 og er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Kommunal- og distriktsdepartementet fremmet forslag til endringer i plan- og bygningsloven om håndtering av overvann i 2022. Forslaget ble vedtatt av Stortinget 27. juni 2022 og trådte i kraft 1. januar 2024. Forslaget til overvannsutvalget er også fulgt opp i Meld. St. 26 *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*. Her har regjeringen sagt at de vil vurdere fordeler og ulemper ved å innføre et eget gebyr for overvann og utrede ulike gebyrmodeller. Videre vil regjeringen sende forslag til nytt kapittel i forurensningsforskriften med krav til etablering, tømning og vedlikehold av sandfang på høring og utrede behov for endringer i foru-

rensningsloven om ansvar for skade forårsaket av avløpsanlegg.

Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

10.9 Stortingssesjon 2015–2016

Handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugl

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.»

Vedtaket vart gjort ved stortingsbehandlingen av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. Innst. 294 S (2015–2016).

Dette er et komplekst og sammensatt fagområde som involverer mange ulike sektorer. Arbeidet har tatt lang tid da det har vist seg vanskelig å få på plass et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag. Departementet mener imidlertid vi nå er i en situasjon der regjeringen kan ferdigstille en handlingsplan for sjøfugl. Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Forbud mot mikroplast i kroppspeleprodukter

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppspeleprodukter.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlingen av Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. Innst. 282 S (2015–2016).

EU-kommisjonen vedtok 25. september 2023 forordning (EU) 2023/2055, som innfører en restriksjon mot tilsatt syntetiske polymere mikropartikler (mikroplast) under kjemikalierereguleringen Reach. Restriksjonen innebærer et forbud mot å tilsette mikroplast med hensikt i produkter og stoffblandinger, herunder kosmetikk. Forordningen vil bli tatt inn i EØS-avtalen og gjennomføres i norsk rett. Miljødirektoratet sendte forslag til norsk gjennomføring av forordningen på høring sommeren 2023. Departementet anser med dette vedtaket som fulgt opp.

11 Kommunal- og distriktsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodningsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingsesjonen 2023–2024 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S (2023–2024) meinte ikkje

var følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det òg opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodningsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 11.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	1	Endringar i partilova	Nei
2023–2024	74	Klimagassrekneskap	Nei
2023–2024	92	Krav til bustader i kommunale planar	Ja
2023–2024	93	Ikkje-kommersielle bustader	Ja
2023–2024	94	Forsøksordning for startlån frå Husbanken	Ja
2023–2024	155	Regjeringsmedlemmar sine verv og økonomiske interesser	Nei
2023–2024	156	Verv og økonomiske interesser i regjeringsmedlemmar sin hushaldning	Nei
2023–2024	162	Lokalisering av statlege arbeidsplassar	Ja
2023–2024	456	Organisatoriske tiltak mot flaum	Nei
2023–2024	756	Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom	Nei
2023–2024	757	Forbod mot blankoskøyter	Nei
2023–2024	784	Styringsverktøy for områder med villrein	Nei
2023–2024	797	Gjeninnføre tilskot til utleigebustader	Nei
2023–2024	813	Evaluering av nytt inntektssystem for kommunane	Nei
2023–2024	814	PU-kriteriet i utgiftsutjamninga i inntektssystemet	Ja
2023–2024	815	Evaluerer omlegginga av toppfinansieringsordninga	Nei
2023–2024	816	Kompensasjon for kommunar med størst negativ verknad første år	Ja
2023–2024	909	Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av studentbustader	Nei
2022–2023	24	Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg	Nei

Tabell 11.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	88	Husleigelovutval	Nei
2022–2023	454	Strategi for massehandtering	Nei
2022–2023	455	Digital marknadsplass for overskotsmassar	Nei
2022–2023	667	Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar	Ja
2022–2023	780	Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins	Nei
2022–2023	820	Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane	Ja
2022–2023	821	Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar	Nei
2022–2023	823	Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg	Ja
2022–2023	824	Evaluering av frikommuneforsøk	Nei
2022–2023	930	Bustøtte og trygdeoppgjjer	Ja
2022–2023	931	Meir treffsikker bustøtteordning	Ja
2022–2023	934	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg	Nei
2021–2022	35 nr. 35	Blankoskøyter og plikt til tinglysing	Nei
2021–2022	35 nr. 54	Bustader for studentar i kommunale arealplanar	Nei
2021–2022	726	Energifleksibel oppvarming	Nei
2020–2021	1252	Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen	Ja
2018–2019	55	Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar	Nei
2015–2016	646	Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise	Nei

11.1 Stortingssesjon 2023–2024

Endringar i partilova

Vedtak 1, 5. oktober 2023

«Stortinget ber regjeringa utrede forslag til endring av partilova som sikrer at reelle bidragsyttere av bidrag over de beløpsgrenser som loven fastsetter, innberettes og offentliggjøres. Regjeringa bes om å komme tilbake til Stortinget på egnet måte etter at utredninga er gjennomført.»

Vedtaket vart fatta i samband med trontaledebatten 5. oktober 2023 og er framleis til vurdering. Regjeringa vil greie ut om partifinansieringa kan bli meir transparent. Ei eventuell endring av lova krev godt forarbeid og god dialog med dei politiske partia og brei høyring undervegs.

Departementet meiner òg at det vil vere ein fordel å sjå denne problemstillinga i samanheng med dei ulike forslaga som den førre partilovnemnda har spelt inn til departementet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Klimagassrekneskap

Vedtak 74, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa i løpet av 2024 sikre at data fra klimagassregnskap, som det stilles krav om i TEK 17, samles inn slik at det kan bidra til en faglig utvikling av klimagassregnskapene og kravene som stilles i TEK 17.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Kravet i byggeteknisk forskrift om at det skal utarbeidast klimagassrekneskap for bygging av bustadblokker og yrkesbygg har verknad frå 1. juli 2023, og gjeld for byggeprosjekt som søker om byggeløyve etter dette. Klimagassrekneskap kan ikkje ferdigstillast før eit byggeprosjekt er gjennomført, og det vil derfor ta tid før det finst data som kan bidra til fagleg utvikling som følgje av dette kravet.

Regjeringa vil vurdere korleis krav i byggeteknisk forskrift kan bidra til at klimaavtrykket frå bygging blir redusert, og har i 2024 gitt Direktoratet for byggkvalitet i oppdrag å greie dette ut. Direktoratet skal òg greie ut og foreslå relevante tiltak knytt til standardisering, rapportering og deling av informasjon frå byggeprosjekt. Innsamling av data og vidareutvikling av klimagassrekneskap vil bli vurdert som ein del av desse arbeida.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav til bustader i kommunale planar

Vedtak 92, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa om å utvide den varslede høringen til plan- og bygningslova til å også omfatte endring av plan- og bygningslova for å åpne for at kommuner kan stille krav om en viss andel kommunale boliger i reguleringsplaner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Departementet har sendt på høyring forslag til endringar i plan- og bygningslova og kart- og planforskrifta, med frist 5. august 2024. Forslaget inneber at kommunane i arealplan kan gi planføresegner i utbyggingsområde om bruk av burettslag som organisasjonsform, om at ein del av bustadene skal vere utleigebustader eller bustadkjøpsmodellar, og eit nytt arealføremål for studentbustader. Forslaget inneber òg at utleigebustadene kan vere spesifisert som kommunalt disponerte eller eigde bustader.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Ikkje-kommersielle bustader

Vedtak 93, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa om å utrede hvordan ikke-kommersielle boliger, med pris- og omset-

ningskontroll, kan defineres, og komme tilbake på egnet måte innen 1. juli 2024.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Ikkje-kommersielle bustader er omtala i Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga*, som vart behandla av Stortinget 29. mai. I meldinga blir det definert kva for modeller som kan falle inn under omgrepet ikkje-kommersielle bustader. Det blir òg vist til nokre døme frå Noreg og andre land. Det er naudsynt med meir kunnskap om slike løysingar. I tildelingsbrevet til Husbanken for 2024 står det at: «Husbanken skal vurdere hvordan de kan støtte opp om alternative boligmodeller som kommuner og andre aktører etablerer, blant annet gjennom tilskudd til boligtiltak.»

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Forsøksordning for startlån frå Husbanken

Vedtak 94, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa om å inkludere startlån i forsøksheimelen i en tidsbegrenset periode, herunder også forsøk for unge og førstegangsetablerere. Regjeringa skal ta sikte på at hjemmelen skal tre i kraft fra 1. juli 2024, og forsøkningsordningen skal evalueres.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Forskrift om lån frå Husbanken vart endra frå 1. juli 2024, og startlån er no inkludert i forsøksheimelen. Departementet vil evaluere forsøksordninga.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Regjeringsmedlemmar sine verv og økonomiske interesser

Vedtak 155, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa sikre at kravene til registreringen av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser til enhver tid er minimum like strenge som kravene for stortingsrepresentanter.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 12 L (2023–2024) *Endringer i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser (hjemmel for registreringsplikt for statssekretærer og politiske rådgivere)*, Innst. 121 L (2023–2024) og Lovvedtak 22 (2023–2024).

Regjeringa arbeider med å utrede oppmødingsvedtaket. Utredninga er ein del av eit større arbeid knytt til å vurdere korleis anbefalingane som Europarådet sitt antikorrupsjonsorgan, Group of States against Corruption (GRECO), gav Noreg i den femte evalueringsrapporten, *FIFTH EVALUATION ROUND – Preventing corruption and promoting integrity in central governments (top executive functions) and law enforcement agencies*, 29. oktober 2020 skal følgast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Verv og økonomiske interesser i regjeringsmedlemmar sin hushaldning

Vedtak 156, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringa utrede forslag til registrering av verv og økonomiske interesser for regjeringspolitikernes medlemmer av husholdningen, inkludert ektefeller og samboere, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 12 L (2023–2024) *Endringer i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser (hjemmel for registreringsplikt for statssekretærer og politiske rådgivere)*, Innst. 121 L (2023–2024) og Lovvedtak 22 (2023–2024).

Departementet arbeider med å vurdere oppmødingsvedtaket i samband med oppfølging av Europarådet sitt antikorrupsjonsorgan Group of States against Corruption (GRECO) sin femte evalueringsrapport til Noreg, *FIFTH EVALUATION ROUND – Preventing corruption and promoting integrity in central governments (top executive functions) and law enforcement agencies*, 29. oktober 2020.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lokalisering av statlege arbeidsplassar

Vedtak 162, 14. desember 2023

«Stortinget viser til vedtak nr. 667 (2022–2023) «Stortinget ber regjeringa i retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar om ikke å

sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres», og ber regjeringa endre retningslinjene i tråd med Stortinget sitt ønske.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida* og Innst. 110 S (2023–2024).

Departementet har endra retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon i tråd med oppmødingsvedtaket.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgd opp.

Organisatoriske tiltak mot flaum

Vedtak 456, 16. januar 2024

«Stortinget ber regjeringa tillate at kommuner kan bruke organisatoriske tiltak fremfor permanent sikring for å sikre ny bebyggelse mot flom, i tråd med anbefalingene fra NVE.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* og Innst. 161 S (2023–2024).

I 2023 fekk Direktoratet for byggkvalitet, saman med Noregs vassdrags- og energidirektorat og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, i oppdrag å gjere ein heilskapleg gjennomgang av krava til sikkerheit mot naturfarar i byggteknisk forskrift (TEK17). Ei av problemstillingane som skal vurderast, er om det kan opnast for organisatoriske sikringstiltak, og korleis dette eventuelt skal regulerast. Direktoratet skal levere sine tilrådingar i 2024, og vedtaket vil bli følgd opp i samband med dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom

Vedtak 756, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre obligatorisk registrering av eierskap i fast eiendom»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles*

ansvar – Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet og Innst. 412 S (2023–2024).

Regjeringa ser dette i samanheng med «Vedtak 35 nr. 35, 2. desember 2021», der «Stortinget ber regjeringa utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendoms kjøp.», då vedtak 756 og 757 dekker mykje at den same problemstillinga. Ein eventuell innføring av pliktig eigedomsregistrering og eit forbod mot blankoskøyter må òg sjåast i samanheng med utforminga av dokumentavgifta. For at ei slik regelendring skal virke, må den òg koordinerast med anna arbeid knytt til kven som eig eigedom og selskap.

Departementet har bedt Kartverket utarbeide utkast til mandat og oppdragbeskriving for ei større utgreiing knytt til obligatorisk registrering av eigedom. Kartverket skal levere sitt forslag i oktober 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forbod mot blankoskøyter

Vedtak 757, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre et forbud mot blankoskjøter, hvor det vurderes et unntak for utbyggingsprosjekt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar – Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet og Innst. 412 S (2023–2024).*

Regjeringa ser dette i samanheng med «Vedtak 35 nr. 35, 2. desember 2021», der «Stortinget ber regjeringa utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendoms kjøp.», då vedtak 756 og 757 dekker mykje at den same problemstillinga. Ein eventuell innføring av pliktig eigedomsregistrering og eit forbod mot blankoskøyter må òg sjåast i samanheng med dokumentavgifta. For at ei slik regelendring skal virke, må den òg koordinerast med anna arbeid knytt til kven som eiger eigedom og selskap.

Departementet har bedt Kartverket utarbeide utkast til mandat og oppdragbeskriving for ei større utgreiing knytt til obligatorisk registrering av eigedom. Kartverket skal levere sitt forslag i oktober 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Styringsverktøy for områder med villrein

Vedtak 784, 13. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa på eigna måte sørgje for at alle villreinområda får styringsverktøy tilsvarende dei regionale planane, enten gjennom kommunale arealplanar, regionale planar eller på annan eigna måte inkludere eigna føresegner for villrein fjellet i eksisterande plansystem som kommunane rår over.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein og Innst. 374 S (2023–2024).*

Oppfølging av vedtaket vil sjåast i samanheng med dei andre oppmodningsvedtaka (783, 785, 786) knytt til stortingsmeldinga om villrein, og som Klima- og miljødepartementet har ansvar for. Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet startar dialogen om dette hausten 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Gjeninnføre tilskot til utleiebustader

Vedtak 797, 14. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa gjeninnføre Husbankens tilskuddsordning for utleieboliger og tilhørende virkemidler for å gjøre det enklere å få tilgang på boliger i bosettingsarbeidet.»

Dokumenta som ligg til grunn er representantforslag frå stortingsrepresentantane Abid Raja, André N. Skjelstad, Guri Melby, Ingvild Wettrhus Thorsvik og Ola Elvestuen om ein tiltakspakke for å ruste norske kommunar i integreringsarbeidet, jf. Dokument 8:103 S og Innst. 382 S (2023–2024).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evaluering av nytt inntektssystem for kommunane

Vedtak 813, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa evaluere det nye inntektssystemet for kommunene i løpet av 2029.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025 og Innst. 440 S (2023–2024).*

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

PU-kriteriet i utgiftsutjamninga i inntektssystemet

Vedtak 814, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen endre navn på PU-kriteriet i utgiftsutjevningen i inntektssystemet for kommunene ved å fjerne begrepet «psykisk». Hvilke diagnoser som faller inn under kriteriet, ligger fast.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* og Innst. 440 S (2023–2024).

Departementet vil frå og med statsbudsjettet 2025 for PU-kriteriet bruke omgrepet «personar med utviklingshemming».

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Evaluerer omlegginga av toppfinansieringsordninga

Vedtak 815, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen evaluere omleggingen av toppfinansieringsordningen for ressurskrevende tjenester og vurdere innslagspunktet for ressurskrevende tjenester i forbindelse med ordinære budsjettprosesser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* og Innst. 440 S (2023–2024).

Under budsjettkapittel 575 er omlegging av toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester omtalt. Omlegginga skjer med verknad frå 2025.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget med ei evaluering av omlegginga på eigna tidspunkt.

Innslagspunktet blir vurdert i samband med dei årlege budsjettprosessane. For 2025 er innslagspunktet foreslått sett til 1 692 000 kroner. Dette er ein auke som svarer til den berekna lønsauken for 2024 på 5,2 pst., og er i samsvar med vanleg praksis.

Kompensasjon for kommunar med størst negativ verknad første år

Vedtak 816, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av en kompensasjon for de kommunene som utmerker seg med størst negativ førsteårsvirkning per innbygger som følge

av endringene i inntektssystemet for kommunene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* og Innst. 440 S (2023–2024).

I kommuneproposisjonen for 2025 vart det lagt fram eit nytt inntektssystem med ein fagleg oppdatert kostnadsnøkkel, ei jamnare fordeling av skatteinntektene mellom kommunane og endringar i dei regionalpolitiske tilskota. Endringane blir fasa gradvis inn gjennom overgangsordningar. Inntektsgarantiordninga gir kommunane ei heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Når det gjeld skatteelementa blir opptrappinga av den symmetriske delen av inntektssystemet og halveringa av kommunane sin andel av formuesskatten fasa inn over to år.

I tillegg er om lag 1,7 mrd. kroner av veksten i frie inntekter i 2025 grunngeve med omlegginga av inntektssystemet. 1,5 mrd. kroner blir gjeve med ei særskild fordeling som gjev mest til kommunane med låge skatteinntekter. Det blir òg innført ei eiga kompensasjonsordning på om lag 151 mill. kroner for kommunar med skatteinntekter, inkl. naturressursinntekter, under 105 prosent av landsgjennomsnittet per innbyggjar som taper på dei samla endringane.

Etter overgangsordningane, vekst i frie inntekter og tapskompensasjon er det tre kommunar som er berekna å kome ut med negativ førsteårsverknad i 2025 på meir enn 3 000 kroner per innbyggjar. Dette er kommunar med eit høgt inntektsnivå som mellom anna får reduserte inntekter som følgje av målet om ei jamnare inntektsfordeling mellom kommunane.

Departementet viser til at eit av hovudmåla med det nye inntektssystemet er å sikre ei jamnare fordeling av skatteinntektene mellom kommunane. Kommunar med særleg høge skatteinntekter vil derfor nødvendigvis få reduserte inntekter, men dei vil framleis ha eit inntektsnivå godt over landsgjennomsnittet. Dei fleste høginntektskommunar har òg store disposisjonsfond som gjer det mogleg å tilpasse drifta til det nye inntektsnivået over fleire år.

Etter departementet si vurdering vil kommunane som får negativ førsteårsverknad med nytt inntektssystem vere i stand til å handtere inntektsreduksjonen utan at det går ut over dei sentrale kommunale tenestene. Omsynet til stabile og føreseielege inntekter kan likevel tale for ein særskild kompensasjon til kommunane med størst inntektsreduksjon det første året. Sidan kompen-

sjasjonen må finansierast av alle kommunar innanfor veksten i dei frie inntektene, bør den vere svært avgrensa både i tid og omfang, slik at finansieringsbyrden for andre, meir skattesvake kommunar ikkje blir for stor.

Departementet foreslår derfor ein avgrensa, eittårig kompensasjon til kommunane som har ein anslått negativ førsteårsverknad med nytt inntektssystem på 3 000 kroner per innbyggjar eller meir. Kommunane vil få kompensert heile førsteårstapet ut over 3 000 kroner per innbyggjar. Kompensasjonen er avgrensa til 2025, og vil bli gitt med ei særskild fordeling innanfor innbyggartilskotet (kap. 571, post 60). Kompensasjonen utgjer om lag 14 mill. kroner fordelt mellom tre kommunar. Kompensasjonen er finansiert innanfor kommunane sine frie inntekter.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av studentbustader

Vedtak 909, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 sende på høring endrede retningslinjer for tildeling av husbanklån til studentboliger, slik at også ideelle stiftelser er berettiget husbanklån til bygging av studentboliger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2023–2024) *Revidert nasjonalbudsjett 2024* og Innst. 447 S (2023–2024).

Departementet tek sikte på å sende forslag til forskriftsendringar for tildeling av husbanklån til studentbustadar på høring i løpet av 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

11.2 Stortingssesjon 2022–2023

Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg

Vedtak 24, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å midlertidig eller tidsbegrenset unnta mindre solenergianlegg fra søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, med unntak for fredede og verneverdige bygg, og fjerne kravet om netttinnmelding på anlegg under 7 kW.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane

Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrisa, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Forskrift om elektriske lågspenningsanlegg blir forvalta av Justis- og beredskapsdepartementet. Kravet om førehandsmelding til sentral tilsynsmyndigheit for mellom anna solenergianlegg, blir nærare regulert i § 14 i forskrifta. Av tredje ledd i føresegna går det fram at denne meldeplikta i hovudregelen ikkje gjeld for anlegg med ytingar på 10 kW eller lågare. Anlegg med ytingar under 7 kW er allereie unntatt frå kravet om førehandsmelding til sentral tilsynsmyndigheit. Justis- og beredskapsdepartementet meiner med dette at denne delen av oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Direktoratet for byggkvalitet har i 2024 i oppdrag å greie ut moglege endringar i byggteknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å legge til rette for auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon. Den delen av oppmodningsvedtaket som gjeld søknadsplikt etter plan- og bygningslova vil bli følgt opp som ein del av dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Husleigelovutval

Vedtak 88, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sette ned et Husleielovutvalg som går gjennom Husleieloven for å vurdere hvordan den kan styrke leietagernes rettigheter, sikre grunnleggende botrygghet og at loven samsvarer bedre med dagens situasjon på leiemarkedet. Utvalget settes ned våren 2023, og en ny lov skal behandles i inneværende stortingsperiode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

Husleigelovutvalet vart sett ned i juni 2023. Utvalet skal levere arbeidet sitt i to leveransar. Fyrste leveranse, om kontraktslengde og oppseiingsvern, vart levert 31. januar 2024, og har vore på høring. Den andre leveransen skal utvalet levere 18. oktober 2024.

Departementet ser behov for å sjå alle lovforslaga til utvalet i samanheng. Dette er viktig for å forstå verknadane dei har på marknaden og for butryggleika til leigarane. Ein samla lovproposisjon vil derfor bli lagd fram i neste stortingsperiode.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Strategi for massehandtering

Vedtak 454, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå relevant regelverk og utarbeide en tverrsektoriell strategi for massehandtering i samarbeid med bygge- og anleggsnæringen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Departementet jobbar med å lage ein rettleiar for massehandtering. Arbeidet har kome langt, men det er noko arbeid som står att før rettleiaren kan publiserast. Departementet har lagt vekt på å få innspel til innhaldet frå både bransjen og ulike styresmakter.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Digital marknadsplass for overskotsmassar

Vedtak 455, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etableringen av en digital markeds plass for overskuddsmasser, etter modell fra Bærum ressursbank.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Departementet arbeider med å førebu ei utgreiing av korleis staten best kan legge til rette for auka gjenvinning av reine overskotsmasser gjennom etablering av digitale marknadsplassar, som kan fungere både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Vedtak 667, 15. mai 2023

«Stortinget ber regjeringen i retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser om ikke å sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige

arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringspolitikk for statlege verksemdar som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, jf. Dokument 8:162 S (2022–2023) og Innst. 326 S (2022–2023).

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida* og Innst. 110 S (2023–2024).

Departementet har endra retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon i tråd med oppmodningsvedtaket.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins

Vedtak 780, 7. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at forhåndsstemmer og stemmer avgitt i en annen valgkrets enn der velger er manntallsført ved valgoppgjøret, fordeles på den krets der velgeren er manntallsført.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)*, Innst. 431 L (2022–2023) og Lovvedtak 96 (2022–2023).

Forslaget vil krevje endring i den nye vallova, og det må gjerast ei større utgreiing for å sjå på korleis oppmodningsvedtaket kan følgjast opp. Departementet har merka seg at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 347 L (2023–2024) understrekar at det er viktig at Stortinget får ei sak om korleis dette kan gjerast i god tid før kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2027.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane

Vedtak 820, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennom behandlingen av endringer i kommunenes inntekts-

system sikre intensjonen om et inntektssystem for kommunene som er mer utjevne enn dagens.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Regjeringa la i Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* fram forslag om eit nytt inntektssystem for kommunane, jf. Innst. 440 S (2023–2024). Forslaget er mellom anna basert på NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene* som vart levert i august 2022, innspel frå høyringa av NOU-en og måla i Hurdalsplattformen. Stortinget slutta seg til forslaget til regjeringa, og det nye inntektssystemet trer i kraft frå og med 2025.

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og medverke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Eit av hovudmåla med endringane i inntektssystemet har vore å sikre ei jamnare fordeling av skatteinntektene mellom kommunane, både gjennom endringar i skattegrunnlaga til kommunane og ved å auke utjamningsgraden i inntektsutjamninga.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Evalueringsvedtak for fylkeskommunar
Vedtaket 821, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med en evaluering av inntektssystemet for fylkeskommuner i forbindelse med fremleggelsen av kommuneproposisjonen våren 2027.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å kome tilbake til saka i samband med kommuneproposisjonen 2028, som blir lagt fram våren 2027.

Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg
Vedtaket 823, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa vurdere om kommunene i Namdalen fortsatt skal sortere under distriktstilskudd Nord-Norge.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Regjeringa la i Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* fram forslag om eit nytt inntektssystem for kommunane, jf. Innst. 440 S (2023–2024). Forslaget er mellom anna basert på NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene* som vart levert i august 2022, innspel frå høyringa av NOU-en og måla i Hurdalsplattformen. Stortinget slutta seg til forslaget til regjeringa, og det nye inntektssystemet trer i kraft frå og med 2025.

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og medverke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. I det nye inntektssystemet er det mellom anna gjort endringar i dei regionalpolitiske tilskota for å sikre ei meir treffsikker fordeling av desse tilskota. Inntektssystemutvalet foreslo at kommunar i Namdalen ikkje lenger skal inngå i distriktstilskot Nord-Noreg, men kan få distriktstilskot Sør-Noreg om dei fyller krava for det. Etter ei samla vurdering meiner regjeringa at ein ikkje bør gjere noka endring i kva for tilskot kommunane frå Namdalen inngår i. Stortinget slutta seg til dette i handsaminga av kommuneproposisjonen, og kommunane i Namdalen vil framleis inngå i distriktstilskot Nord-Noreg.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Evalueringsvedtak for frikommuneforsøk
Vedtaket 824, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med en evaluering av frikommuneforsøk på egnet tidspunkt.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

I mai 2023 inviterte kommunal- og distriktsministeren, på vegne av regjeringa, kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk (frikommuneforsøk) – og dermed bli forsøkskommunar. 12 søknadar er valt ut til å gå vidare i forsøksordninga. Kommunal- og distriktsdepartementet og involverte fagdepartement vil følgje opp dei kommunane og fylkeskommunane som er med vidare i forsøksordninga, fram mot innsending av endeleg søknad. Forsøka som blir godkjende vil bli evaluert.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bustøtte og trygdeoppgjær

Vedtak 930, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre at ingen mister bostøtte som følge av etterbetalingen for de årlige trygdeoppgjørene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

I budsjettet for 2024 vart det løyva midlar til bustøtta til varig skjerming av etterbetalingar frå trygdeoppgjæra. Alle etterbetalingar frå NAV eller kommunar som kjem i juni og gjeld frå mai, blir no skjerma automatisk. Etterbetalingar frå trygdeoppgjæret som kjem frå andre kjelder eller i seinare månader, kan òg bli skjerma etter klage frå søkjaren.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Meir treffsikker bustøtteordning

Vedtak 931, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen i statsbudsjettet for 2024 fremme forslag om endringer i bostøtteregelverket som gjør ordningen mer treffsikker for husholdninger med lave inntekter og høye buoutgifter.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa la våren 2024 fram Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga*. Der vart utfordringane ved dagens bustøtteordning drøfta. Regjeringa meiner det er viktig med ei god bustøtteordning som gjer det enklare for husstandar med låge inntekter å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Departementet vil arbeide vidare med å forenkle og forbetre ordninga.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024, vart regjeringa og SV samde om å styrkje bustøtta gjennom følgjande tiltak:

- Forenkle eigendelskurven
- Auke dei årlege buoutgiftstaka med 4 000 kroner
- Skjerming av inntekta til heimebuande 18- og 19-åringar i bustøtta

- Kompensere for utgifter til oppvarming ved å legge inn ein sjablong for oppvarmingsutgifter i berekninga av bustøtte til alle mottakarar som ikkje har oppvarming inkludert i husleige eller fellesutgifter.

Tiltaka vil gjere bustøtteordninga meir treffsikker for hushaldningar med låge inntekter og høge buoutgifter. Tiltaka blir foreslått vidareført i budsjettet for 2025.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg

Vedtak 934, 16. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringen i løpet av første halvår 2024 sende på høring et forslag med krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye næringsbygg over 500 m2 utenfor LNF-områder.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

I samband med handlingsplanen om energieffektivisering har regjeringa sett i gang eit arbeid med å gå gjennom energikrava i byggtknisk forskrift og relevante krav i byggesaksforskrifta. Det er lagt opp til ei brei utgreiing av moglege endringar som kan bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon. Då er det tenleg med ei heilskapleg tilnærming, irekna moglege krav om etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg. Fleire oppmodningsvedtak blir følgt opp gjennom dette arbeidet, òg vedtak nr. 726, 10. juni 2022 og vedtak nr. 24, 18. oktober 2022. Dette er eit stort og omfattande arbeid, som tar tid. Direktoratet for byggkvalitet har i 2024 fått i oppdrag å greie ut moglege endringar i byggtknisk forskrift og byggesaksforskrifta som kan legge til rette for energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon. Departementet tar sikte på å sende forslag til endringar på høyring våren 2025.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

11.3 Stortingssesjon 2021–2022

Blankoskøyter og plikt til tinglysing

Vedtak 35 nr. 35, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendoms-kjøp.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Finansdepartementet har teke ei første vurdering av eventuell bruk av blankoskøyter og plikt til tinglysing ved eigedomskjøp. Departementa fann at det er behov for ei grundigare kartlegging av utfordringane knytte til skjult eigeskap til fast eigedom før det tas stilling til kva regelendringar eller andre verkemiddel som kan vere føremålstenlege. Departementa oppfattar det slik at det først og fremst er behovet for å motverke kriminalitet som kvitvasking og skatteunndraging gjennom skjult eigeskap til fast eigedom som gir grunn til å vurdere tiltak. Slike omsyn blir ivaretatt mellom anna med kvitvaskingslova, straffelova, skatteforvaltningslova og politilova, medan føremålet med tinglygingsreglane primært siktar seg inn mot å beskytte rettane til eigarar, panthavarar og andre som har rettar i fast eigedom.

Med denne bakgrunnen har Finansdepartementet gitt Skattedirektoratet i oppdrag å kartleggje og greia ut om problema ved skjult eigeskap til fast eigedom innanfor Skatteetatens ansvarsområde. Skattedirektoratets rapport, som vart levert i desember 2023, viser at det er eit stort behov for sikre opplysningar om eigarskap både til fast eigendom og aksjar. For fast eigendom sin del viser undersøkinga at grunnboka ikkje alltid er egna til å gi slike opplysningar. Grunnboka viser kven som har heimel og det behøver ikkje å vere eigar av eigedomen. Vidare manglar grunnboka opplysningar som følge av at det er ein frivillig ordning for de som ønsker rettsvern.

Regjeringa ser oppmodningsvedtaket i samanheng med Vedtak 757, 12. juni 2024 om å vurdere «et forslag om å innføre et forbud mot blankoskjøter, hvor det vurderes et unntak for utbyggingssprosjekt».

Departementet viser til Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet – så åpent som*

Departementet vil gi Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse i oppdrag å prøve ut samarbeidsmodellar for karriererettleiing. Utdanningsdirektoratet skal involverast på ein formålstenleg måte. I statsbudsjettet for 2025 foreslår regjeringa 7,5 mill. kroner (hausteffekt) til eit tilskot retta mot fylkeskommunane kap. 225, post 69, der midlane skal gå til utprøving av ulike modellar for organisering av samarbeid mellom karrieresentera og ungdomsskule og vidaregåande opplæring. HK-dir skal forvalte tilskotsordninga. Utprøvinga skal stimulere til å utvikle nye og betre former for samarbeid og samordning i karriererettleiinga i skulen.

Departementet ønsker gjennom utprøvinga å få meir kunnskap om kva former for modellar som fungerer. Utprøvinga kan òg inkludere utforsking av korleis karrieresentera og arbeidslivet kan vere ein ressurs for ungdomsskule og vidaregåande opplæring.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Opptrapping av satsinga på Dembra

Vedtak nr. 526, 19. mars 2024

Stortinget ber regjeringen trappe opp satsingen på Dembra, herunder Dembra i lærerutdanningene.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:31 S (2023–2024) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om en ny handlingsplan mot antisemittisme*, jf. Innst. 218 S (2023–2024).

Demokratisk beredskap mot rasisme, antisemittisme og udemokratiske holdninger (Dembra) blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). Verksemda omfattar rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for å førebygge ulike former for gruppebaserte fordommar, og læringsressursane er retta mot både barneskulen, ungdomsskulen, den vidaregåande opplæringa og lærarutdanningane. Dembra for lærarutdannarar (Dembra LU) omfattar kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen. Dembra engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Det er etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet.

Dembra skal fremje eit trygt og godt skulemiljø og gi kompetanseutvikling innanfor tema som skal motverke fordommar, hatefulle ytringar og gruppefiendtlege haldningar, slik at elevane kan reflektere over korleis til dømes gruppetenking påverkar måten vi ser på oss sjølve og «dei andre» på, og korleis orda vi bruker, kan påverke andre. Læringsressursane som er utvikla, dekkjer områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Desse læringsressursane blir nytta i lærarutdanningane, i etterutdanningane og til skulebasert kompetanseheving.

I statsbudsjettet for 2024 blei det løyvd 14,5 mill. kroner til Dembra over kap. 226, post 21, og i revidert budsjett for 2024 blei løyvinga auka med 1,2 mill. kroner for utvikling av kurs om antisemittisme og utvikling av digitale ressursar om muslimfiendtleghet. Departementet foreslår å løyve 16,5 mill. kroner i 2025, jf. omtale under kap. 226, post 21. I tillegg blei det i 2024 tildelt 1,1 mill. kroner over kap. 226, post 21 til to prosjekt som HL-senteret sende søknad om 23. november 2023 etter terrorangrepet mot Israel og dei følgjande krigshandlingane på Gaza: Digitale ressursar for profesjonsutvikling knyttet til kontroversielle

temaer og Kompetanseheving for lærere, for å styrke kompetansen til skulane og lærarane og lage støtteressursar til handtering av og undervisning i krevjande og konfliktfylt tematikk. Det blei også i 2024 løyvd 3,3 mill. kroner over kap. 224, post 70 til å styrke den pedagogiske kapasiteten ved freds- og menneskerettssentera. Sentera står fritt i korleis dei vil nytte stillingane. Departementet legg til grunn at den delen av vedtaket som gjeld styrking av Dembra, er følgd opp gjennom styrkt kapasitet både til å ta imot elevar hos sentera og til Dembra.

Når det gjeld den delen av vedtaket som handlar om styrking av Dembra LU, så er HL-senteret i gang med å lage ein undervisningspakke om konspirasjonsteoriar og konspirasjonstenking for vidaregåande opplæring og lærarutdanningane som skal vere ferdig innan utgangen av 2024.

Departementet legg til grunn av vedtaket med dette er følgd opp.

Hindre misbruk av personopplysningane til barn og unge

Vedtak nr. 578, 23. april 2024

Stortinget ber regjeringen styrke arbeidet med veiledning til barnehage- og skoleeiere om etterlevelse av personvernregelverket for å hindre misbruk av barn og unges personopplysninger.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:92 S (2023–2024) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om et lærebokløft og mindre og bedre regulert skjermbruk i skolen*, jf. Innst. 263 S (2023–2024).

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppgåve å greie ut korleis ein best kan lage ei eller fleire felles støttetjenester til kommunane for personvern, informasjonstryggleik og universell utforming av digitale læremiddel. Direktoratet har starta utgreiinga som vil ta føre seg juridiske og forvaltningsmessige spørsmål, og legge fram forslag til modellar for korleis ei eller fleire støttetjenester kan organiserast. Utgreiinga er etter planen ferdig i desember 2024, og departementet vil følge opp tilrådingane frå rapporten.

Kunnskapsdepartementet har gitt midlar til KS sitt arbeid med ein nasjonal DPIA (Data Protection Impact Assessment) for Google Workspace for Education, som er ei plattform mange skular nyttar på dei digitale einingane sine. Ein nasjonal DPIA vil styrke kommunane si evne til å etterleve regelverket for personvern.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Betre bruk av filter på digitale einingar i barnehage og grunnskule

Vedtak nr. 579, 23. april 2024

Stortinget ber regjeringen sterkt anbefale og følge opp at barnehage- og skoleeiere installerer Kripos sitt blokkeringsfilter eller vurdere andre filtre som effektivt sperrer tilgang til uønskede medier og innhold på digitale enheter som brukes av barn i barnehagen og elever i grunnskolen.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:92 S (2023–2024) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om et lærebokløft og mindre og bedre regulert skjermbruk i skolen*, jf. Innst. 263 S (2023–2024).

12. juni 2024 sende Kunnskapsdepartementet saman med KS eit brev til alle landets kommunar, fylkeskommunar og private barnehageeigarar og skuleeigarar med ei sterk tilråding om å implementere Kripos' liste over nettsider i lokale sperrer og blokkeringsfilter. Brevet peikar også på at Kripos-lista åleine ikkje er tilstrekkeleg for å beskytte barn mot uønskt og skadeleg innhald, sidan lista berre søker å førebygge seksuelle overgrep. I brevet blir det vist til det ansvar kommunane, fylkeskommunane og private barnehage- og skuleeigarar har for å ivareta sikkerheita og personvernet til barna ved bruk av digitale einingar, og brevet gir ei forventning om at det må bli sørgd for tiltak for å beskytte barn mot eksponering av uønskt og skadeleg innhald og for å handtere potensielt skadelege hendingar. Andre løysingar kan vere tekniske sperrer, innhaldsfilter og organisatoriske tiltak for å avgrense at barnehagebarn og elevar blir utsette for uønskt og skadeleg innhald.

På nettsidene til Utdanningsdirektoratet ligg rettleiaren *Hvordan beskytte barn mot skadelig innhold på nett?*. Direktoratet sørger for oppdatering hausten 2024.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Fleire elevar på ekskursjon til fange- og konsentrasjonsleirar

Vedtak nr. 621, 7. mai 2024

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med fremleggelsen av den nye handlingsplanen mot anti-

semittisme komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan det kan sørges for at flere skoleelever, fra hele landet, får mulighet til å besøke tidligere fange- og konsentrasjonsleirer, som for eksempel Falstadsenteret og Falstad fangeleir, Grini fangeleir, Auschwitz og Sachsenhausen, innenfor hvert års vedtatte budsjettammer.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:95 S (2023–2024) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erlend Wiborg, Himanshu Gulati, Silje Hjemdal, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde om å styrke kampen mot antisemittisme*, jf. Innst. 267 S (2023–2024).

Kommunal- og distriktsdepartementet leiar det pågåande arbeidet med den nye handlingsplanen mot antisemittisme.

Kunnskapsdepartementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vurdering av omfang og lovkrav om mellombels tilsetjing av lærarar

Vedtak nr. 707, 11. juni 2024

Stortinget ber regjeringen vurdere omfanget av midlertidig ansettelse av lærere innen sommeren 2027, og eventuelt komme tilbake til Stortinget med et skjerpet lovkrav om at skoleeier alltid vurderer ansettelse på vilkår for annen midlertidig ansettelse, når det ikke er kvalifiserte lærere som søker ledig undervisningsstilling.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 62 L (2023–2024), jf. Innst. 389 L og Lovvedtak 78 (2023–2024).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Kartlegge bemanningssituasjonen i SFO-tilboda

Vedtak nr. 906, 21. juni 2024

Stortinget ber regjeringen innen 1. januar 2025 om å kartlegge bemanningssituasjonen i SFO-tilbudene i samarbeid med partene. Dette skal skissere nye tiltak for å bedre bemanning og kvaliteten i SFO-tilbudene. Kartleggingen skal også innhente informasjon om omfanget av skyss i tilknytning til SFO, skoleferietilbud og tilrettelegging for barn med behov for særskilt tilrettelegging, og identifisere relevante tiltak tilknyttet disse.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 2 (2023–2024), jf. Innst. 447 S (2023–2024).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Justere tilskotsordninga for barnehagar i levekårsutsette område

Vedtak nr. 907, 21. juni 2024

Stortinget ber regjeringen justere tilskuddsordningen for økt pedagogtettethet i barnehager i levekårsutsette områder samtidig med at den nå styrkes, slik at den blir en tilskuddsordning for økt pedagogtettethet og økt grunnbemanning.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 2 (2023–2024), jf. Innst. 447 S (2023–2024).

Departementet fastsette reviderte retningslinjer for å sjå til at tilskotsordninga også skulle vere ei ordning for auka grunnbemanning i juni 2024. Samstundes blei namnet på tilskotet endra til Tilskot til auka pedagogtettethet og auka grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område. Tilskotsordninga gjeld for barnehageåret, og løyvinga i 2024, som gjeld for barnehageåret 2024–25, blei tildelt kommunane etter at nye retningslinjer var fastsette. Departementet foreslår å flytte tilskotet frå kap. 231 Barnehagar, post 21 Særskilde driftsutgifter til ny post kap. 231 Barnehagar, post 61 Tilskot til auka pedagogtettethet og auka grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område. Sjå omtale og budsjettforslag i del II under programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Miljøovervakingsystemet COAT

Vedtak nr. 76, 4. desember 2023

Stortinget ber regjeringen sørge for at infrastrukturen bygget gjennom miljøovervåkingssystemet COAT videreføres.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Nasjonalbudsjettet 2024 og statsbudsjettet for 2024, jf. Innst. 2 S (2023–2024), jf. Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024*, jf. Innst. 2 S (2023–2024).

Stortinget løyvde 20 mill. kroner i 2024 til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) for å vidareføre infrastrukturen som er bygd opp gjennom miljøovervakingsystemet Climate-Ecological Observatory for Arctic Tundra (COAT). Regjeringa legg til grunn at tildelinga gjaldt for 2024, og at UiT må vurdere vidareføring av COAT innanfor rammeløyvinga etter 2024.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Finansiering av senteret C-REX

Vedtak nr. 139, 12. desember 2023

Stortinget ber regjeringen sikre fortsatt finansiering av senteret C-REX også ut over 2026 og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:246 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Mari Holm Lønseth, Mudassar Kapur og Sveinung Stensland om bedre forebygging av og mer kunnskap om voldelig ekstremisme og radikalisering*, jf. Innst. 93 S (2023–2024).

Etter terrorhendinga 22. juli 2011 vart det auka merksemd om behovet for forskning på høgreekstremisme. I revidert budsjett for 2015 løyvde Stortinget midlar til å styrke slik forskning. Midlane – 10 mill. kroner på heilårsbasis – vart tildelte Noregs forskingsråd og lyste ut i nasjonal konkurranse som ei senterløyving. C-REX – Senter for ekstremismeforskning vann konkurransen og fekk midlar for ti år, med atterhald om positiv midtvegsevaluering. C-REX er derfor garantert ei løyving gjennom Noregs forskingsråd til slutten av januar 2026. Regjeringa vil vurdere om finansieringa av C-REX framleis skal skje via Noregs forskingsråd eller med ei direkteløyving til Universitetet i Oslo, og kjem tilbake til dette i komande statsbudsjett.

Utsett iverksetjing av vedtak om utestenging av studentar

Vedtak nr. 474, 6. februar 2024:

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2024 med en vurdering av forslag om hvordan studenter som selv ønsker det, kan få utsatt iverksettelse av vedtak om utestenging fram til eventuelle klager på vedtak er avgjort.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 126 L (2023–2024) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)*, jf. Innst. 169 L (2023–2024).

Regjeringa omtala oppfølginga av vedtaket i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024). Vurderinga til departementet er at det ikkje bør innførast ein særregel om at studentar kan få utsett iverksetjing av utestengingsvedtak i fuskesaker. Departementet meiner at det, i samsvar med dei ordinære reglane i forvaltningslova, bør vere opp til kvar einskild institusjon å velje om iverksetjing av eit utestengingsvedtak skal utsetjast. Departementet har særleg lagt vekt på at det berre er eit fåtal vedtak som blir oppheva av klageinstansen, og at utsett iverksetjing i dei fleste tilfelle derfor ikkje vil vere til fordel for studentane. Ein rett til å få utsett iverksetjing vil dessutan føre til forskjellsbehandling av studentane ut frå kor langt dei er komne i studieløpet og kan dessutan føre til ein auke i talet på klager og auka saksbehandlingstid. Departementet viser også til at det med den nye universitets- og høgskulelova er føringar om ein meir nyansert reaksjonsbruk, og dermed mildare reaksjonar i dei minst alvorlege tilfella, slik at det framover truleg vil vere mindre risiko for at studentar blir utestengde utan at dei har gjort ei fuskehandling som tilseier bruk av slik reaksjon.

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Betre ivaretaking av kunnskap om æreskultur og æresvald i utdanningar

Vedtak nr. 659, 23. mai 2024

Stortinget ber regjeringa sørge for at kunnskap om æreskultur og æresvald blir tilstrekkelig ivare tatt i utdanningen til politi, barnevern, skole og helsesektoren

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:96 S (2023–2024) *Representantforslag frå stortingsrepresentantene Erlend Wiborg, Sylvi Listhaug, Bård Hoksrud, Morten Wold, Christian Tybring-Gjedde, Silje Hjemdal og Per-Willy Amundsen om konkrete tiltak mot æreskriminalitet*, jf. Innst. 320 S (2023–2024).

Kunnskapsdepartementet styrer lærarutdanningane gjennom overordna rammeplanar som bygger på opplæringslova og gjeldande læreplanar for grunnopplæringa. Det betyr at lærarane som blir utdanna skal kunne undervise etter dei gjeldande læreplanane. Rammeplanane er forskrifter

og tek ikkje opp einskildtema eller einskildemne. Likevel seier rammeplanane at alle kandidatar som uteksaminert frå ei lærarutdanning skal ha kunnskap om barn i vanskelege livssituasjonar, inkludert kunnskap om mobbing, vald og seksuelle overgrep mot barn, gjeldande lovverk og barns rettigheter i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Lærarane skal også kunne identifisere teikn på vald og seksuelle overgrep og skal kunne styrke fleirkulturelle perspektiv ved skulens arbeid og vareta eit godt skule-heim-samarbeid.

Som for lærarutdanningane, skal innhaldet i helse- og sosialfagutdanningar vere i tråd med samfunnets noverande og framtidige behov for kompetanse, både frå tenestenes og brukaranes perspektiv. Dette er forankra i forskrift om felles rammeplan for grunnutdanningane i helse- og sosialfag, og er førande for universitet og høgskulars arbeid med utdanningane. Rammeplanen fastset felles formål og felles innhald for alle grunnutdanningane. Alle helse- og sosialfagsstudentar skal, etter fullført utdanning, ha kunnskap om inkludering, likestilling og ikkje-diskriminering, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion og livssyn. Uteksaminerte kandidatar skal også ha kunnskap om sosiale og helsemessige problem, mellom anna omsorgssvikt, vald og overgrep. Vidare skal kandidatane ha relasjons-, kommunikasjons- og rettleingskompetanse som gjer dei i stand til å forstå og samhandle med brukarar, pasientar og pårørande. Dette er forskriftsfesta krav. Utdanningane innanfor helse- og sosialfag har i tillegg til felles rammeplan, også eigne retningslinjer for kvar utdanning, som spesifiserer læringsutbyttet for kvar einskild utdanning i tråd med deira yrkes- og profesjonsspesifikke rolle.

Retningslinja for barnevernspedagogutdanning inkluderer læringsutbytte om omsorgssvikt, overgrep og vald, moglege årsaksforhold, uttrykk og konsekvensar, og at kandidaten skal kunne bruke fagleg kunnskap om kulturelt mangfald og vise fleirkulturell forståing og kultursensitivitet i tenesteutøvinga. Retningslinjene for masterutdanning i barnevern og barnevernarbeid inkluderer mellom anna læringsutbytte der ein forventar at kandidaten skal oppnå avansert kunnskap om ulike levesett og verdier knytt til kulturelt mangfald og minoritetar. Styringa av og læringsutbyttet i barnevernsutdanningane gir kandidatane kunnskap, ferdigheiter og kompetanse som sørger for at dei vil kunne møte æreskultur og æresvald på ein kunnskapsbasert måte i tenesteutøvinga.

Styrking av kunnskapen og kompetansen i politiet om negativ sosial kontroll og æresrelatert

vald er eit sentralt tiltak i den gjeldande handlingsplanen på feltet.

Politiet skal ha eit tydeleg fokus på mangfald, dialog og arbeid som skaper tillit. Dette er viktige tema i politiets nye forebyggjande strategi: *I forkant av kriminaliteten – forebygging som politiets hovedstrategi (2021–2025)*. God fenomenkunnskap er viktig for å setje politiet og samarbeidande aktørar i stand til å avdekke, forebygge og etterforske negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Det er gjennomført ei rekke kompetanseheevande tiltak, mellom anna gjennom obligatorisk årleg opplæring for etterforskarar og påtalemyndigheita i politiet. Politiets representant i Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald rettleiar politidistrikta i einstilte saker. Kompetanseteamet har opplevd ein sterk vekst i talet på førespurnader dei siste åra og ein særleg sterk vekst frå politiet. Dette kan ein sjå i samanheng med større medvit og merksemd, både i offentlegheita og i politiet, og auka kompetanse i etatane.

Kripos arrangerte ei nasjonal fagsamling på fagområdet hausten 2023 med deltakarar frå politidistrikta. Fleire distrikt har arrangert eigne fagdagar om æresrelatert vald. Politiets kompetansedelingsportal på fagområdet blir oppdatert og brukt aktivt.

Politidirektoratet melder at dei framleis ser behov for å auka kunnskapsnivået i politiet på feltet, både innanfor forebygging, avdekking og etterforskning. Ein ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er no under utvikling, som vil innehalde oppdaterte kompetansehevingstiltak.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Redusere saksbehandlingstida for å få godkjent utanlandsk utdanning i Noreg

Vedtak nr. 678, 4. juni 2024

Stortinget ber regjeringa om å setje i verk tiltak for å redusere saksbehandlingstida for å få godkjent utanlandsk utdanning i Norge.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet*, jf. Innst. 330 S (2023–2024).

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har ansvar for godkjenning av utan-

landsk fag- og yrkesopplæring, fagskuleutdanning, høgare utdanning og lovregulerte yrke i skule og barnehage. HK-dir har opplevd ein stor auke i talet på søknader både frå ukrainske flyktingar og frå andre søkarar, og dette har utfordra saksbehandlingskapasiteten i direktoratet. I statsbudsjettet for 2024 blei HK-dir tilført 2 mill. kroner for å tilsetje fleire saksbehandlarar mellombels, som kan handtere den auka saksmengda og opparbeidde restansar på godkjenning av utanlandsk utdanning. Kunnskapsdepartementet foreslår å vidareføre midlar til å auka kapasiteten i HK-dir til å behandle saker om godkjenning av utanlandsk utdanning i 2025-budsjettet, jf. kap. 256, post 01.

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

13.2 Stortingssesjon 2022–2023

Oppmodingsvedtak under kunnskapsministeren

Strategi for å styrke laget rundt læraren og eleven

Vedtak nr. 472, 31. januar 2023

Stortinget ber regjeringa legge frem en strategi for å styrke laget rundt læreren og eleven slik at læreren får bedre tid til sine kjerneoppgaver og eleven får tettere oppfølging, herunder øke antall ansatte og styrke samarbeidet mellom faginstanser og få flere yrkesgrupper med helse- og sosialfaglig kompetanse inn i skolen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja, Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta læreryrket framover*, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Departementet er i gang med å vurdere korleis ein kan styrke laget rundt barna og eleven, og vil involvere partane og sentrale aktørar i dette arbeidet. Temaet er omtala i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* og vil bli omtala i den komande meldinga om sosial mobilitet og sosial utjamning.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Lærekandidatordninga

Vedtak nr. 553, 28. mars 2023

Stortinget ber regjeringen styrke lærekandidatordningen, herunder sørge for at det avklares og tydeliggjøres hvem som er riktig målgruppe for lærekandidatordningen, og hvem som kanskje har bedre utbytte av alternative ordninger som praksisbrevordningen.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen, jf. Innst. 244 S (2022–2023)*.

Eit sentralt grep i fullføringsreforma er at den vidaregåande opplæringa skal bli betre tilpassa mangfaldet i elevgruppa, ved mellom anna å utvide retten til opplæring. Det gir fylkeskommunane insentiv til å tilpasse og legge til rette den ordinære opplæringa i større grad, også for dei som i dag bruker lærekandidatordninga og praksisbrevordninga. Bruken av dei to ordningane kan endrast som følge av dette. Departementet meiner derfor det ikkje er formålstenleg å starte eit større arbeid no for å gå opp grensa mellom målgruppene for dei to ordningane. Departementet vil følge utviklinga gjennom evalueringa av utvida rett til vidaregåande opplæring og gjennom dialog med fylkeskommunane, brukarorganisasjonar og andre.

Lærekandidatordninga er styrkt gjennom ny opplæringslov, som tok til å gjelde i haust. Tidlegare hadde ikkje dei med oppnådd kompetansebevis rett til vidare opplæring fram mot ein yrkeskompetanse. No har alle rett til opplæring fram til dei har fullført med yrkes- eller studiekompetanse. Det betyr ikkje at det er ei forventning om at ein skal gå vidare mot studie- eller yrkeskompetanse, men at ein har rett til opplæring ut frå eigne føresetnader og behov. Dette bidreg til å styrke lærekandidatordninga.

Lærekandidatordninga er godt etablert i alle fylkeskommunar og innanfor eit breitt spekter av lærefag. Samstundes har Riksrevisjonen i Dokument 3:12 (2015–2016) peika på at fylkeskommunane bruker til dels ulike kriterium for dei som skal få opplæring gjennom lærekandidatordninga, og at fylkeskommunane bruker ordninga ulikt. Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å greie ut og lage rettleingsmateriale til fylkeskommunane om det yrkesfaglege tilbodet for personar med stort behov for rettleiing

og utviklingshemming. Det skal bidra til at også denne elevgruppa får eit reelt yrkesfagleg tilbod over heile landet, og samstundes bidra til å avklare målgruppa for ordninga.

Satsinga til regjeringa på formidling og kvalifisering til læreplass bidreg òg til å styrke lærekandidatordninga. Gjennom satsinga fekk fylkeskommunane 485 mill. kroner i 2024 til dette arbeidet, og regjeringa har varsla at tilskotet skal vidareførast på om lag dette nivået ut perioden for *Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026)*. Fylkeskommunane kan bruke tilskotet til å betre overgangen mellom skule og læreplass for elevar som av ulike årsaker slit med å få læreplass.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Nytt yrkestittelnivå

Vedtak nr. 554, 28. mars 2023

Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene i arbeidslivet utrede om det skal innføres et yrkestittelnivå mellom fagarbeiderne med fag- eller svennebrev og de ufaglærte.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen, jf. Innst. 244 S (2022–2023)*.

I den nye opplæringslova som tok til å gjelde frå august 2024, har alle rett til vidaregåande opplæring fram til dei har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Dersom det blir innført eit nytt yrkestittelnivå som gir ein yrkeskompetanse mellom ufaglært og fagarbeidar, vil retten til opplæring kunne bli oppfylt når kandidatane har nådd dette nivået. Ein ny yrkestittel for dette nivået vil dermed kunne svekke retten til vidaregåande opplæring for lærekandidatar.

Lærekandidatar avsluttar opplæringa med ein kompetanseprøve som gir eit kompetansebevis. Lærekandidatar får ein individuelt tilrettelagd opplæringsplan, og kompetansebeviset gjer greie for den oppnådde kompetansen til den einskilde kandidaten. Kompetansebeviset skal vere retta mot eit reelt behov i arbeidslivet og skal gi grunnlag for varig arbeid. Ein ny yrkestittel som til dømes «assistent» vil gi liten ekstra informasjon, samanlikna med den individuelt tilrettelagde opplæringsplanen til lærekandidatane og dagens kompetansebevis. Departementet meiner

kompetansebeviset er tilstrekkeleg for å gjere synleg kompetanse på nivået under fag- eller sveinebrev.

Det vil òg vere nokre metodiske utfordringar med å greie ut om det skal innførast eit nytt yrkestittelnivå. Eit nytt nivå mellom ufaglært og fagarbeidar vil innebere eit definert minstekrav til kompetansemål for kvart av dei om lag 185 lærefaga i tilbodsstrukturen for fag- og yrkesopplæringa. Lærekandidatordninga vil måtte endrast og ikkje lenger vere basert på føresetnadene og behova til den einskilde kandidaten. Departementet meiner det vil vere uheldig for lærekandidatar, som i dag har individuelt tilrettelagd opplæring med eit kompetansebevis som dokumenterer den oppnådde kompetansen.

Departementet foreslår at oppmodningsvedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak X.

Vald og truslar i skulen

Vedtak nr. 625, 25. april 2023

Stortinget ber regjeringa om årlig å rapportere om statistikk og utviklinga når det gjelder vold og truslar i norsk skole.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok 8:144 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantane Himanshu Gulati, Sylvi Listhaug, Terje Halleland, Marius Arion Nilsen, Dagfinn Henrik Olsen og Erlend Wiborg*, jf. Innst. 288 S (2022–2023).

Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å foreslå korleis oppmodningsvedtaket kan følgast opp. Departementet mottok svaret på oppdraget frå direktoratet 31. mai 2024. Departementet vil vurdere alternativa som Utdanningsdirektoratet har foreslått, i dialog med arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane og andre sentrale organisasjonar i skulen før departementet kjem tilbake til Stortinget med ei samla vurdering.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Kandidatypar innanfor fag- og yrkesopplæringa

Vedtak nr. 733, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringa ivareta de ulike kandidatypene innanfor fag- og yrkesopplæringa som praksisbrevkandidatar og lærekandidatar, i arbeidet med oppfølginga av ny opplæringslov.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

I ny opplæringslov er lærekandidatordninga og praksisbrevordninga framleis ordningar som fører til kompetanse på lågare nivå enn fag- eller sveinebrev. Lærekandidatar og praksisbrevkandidatar inngår i omgrepet «dei som har eller skal ha læretid i bedrift», som vart innført i den nye opplæringslova, saman med lærlingar og kandidatar for fagbrev på jobb.

Lærekandidatordninga er framleis tilpassa dei som ønsker opplæring i bedrift, men som ikkje har føresetnader for å klare krava i fag- eller sveineprøva. Lærekandidatane har ein opplæringskontrakt med ein individuelt tilrettelagd opplæringsplan med eit utval av kompetansemål frå læreplanen. Lærekandidatar har læretida si i godkjende lærebedrifter, enten i det ordinære arbeidslivet eller i vekst- og arbeidsinkluderingsbedrifter. Opplæringa fører fram til ein kompetanseprøve, og lærekandidaten får eit kompetansebevis som dokumenterer kompetanse etter avslutta opplæring. Med den nye opplæringslova har lærekandidatane rett til vidaregåande opplæring fram til dei har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Det betyr ikkje at det er ei forventning om at dei skal gå vidare mot studie- eller yrkeskompetanse, men at dei har rett til vidare opplæring ut frå eigne behov og føresetnader. Lærekandidatane har også framleis rett til individuell tilrettelegging (tidlegare spesialundervisning).

Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å greie ut og lage rettleingsmateriale til lærekandidatordninga for fylkeskommunane. Det skal styrke ordninga og betre ivareta lærekandidatar som har store behov for tilrettelegging, mellom anna dei med utviklingshemming.

Praksisbrevordninga er framleis ei ordning med praktisk og kortare tilbod som leiar til praksisbrev for ungdom som av ulike årsaker treng eit slik tilbod. Praksisbrevkandidatar hadde i førre opplæringslov høve til å halde fram med opplæring i bedrift som lærling etter oppnådd praksisbrev. No har dei som alle andre rett til vidaregåande opplæring fram til dei har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Fylkeskommunane har framleis plikt til å tilby praksisbrevordning.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Læringsstøttende ressursar på begge målformer

Vedtak nr. 734, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressursar i opplæringen som ikke foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særlig nynorsk-elevenes rett til opplæring på eget språk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å gjennomføre ei kunnskapsinnhenting om omfanget av bruken av læringsressursar som ikkje ligg føre på begge målformer. Vidare skal direktoratet vurdere i kva grad omfanget av bruken påverkar særleg elevar med nynorsk som hovudmål og retten deira til opplæring på eige språk, og vurdere aktuelle tiltak. Direktoratet skal sende tilrådingane sine til departementet innan 1. desember 2025.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

IB-tilbod både i grunnskulen og vidaregåande skule

Vedtak nr. 735, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringen vurdere å åpne for muligheten til å tilby International Baccalaureate (IB) både i grunnskolen og vidaregåande skole, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet er i gang med å vurdere om det bør opnast for å kunne tilby International Baccalaureate (IB) i offentleg grunnskule. Departementet jobbar også med å vurdere om, og eventuelt korleis, IB-opplæring i den offentlege vidaregåande opplæringa bør regulerast.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Handlingsrommet for alternative opplæringsarenaer

Vedtak nr. 736, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre og øke handlingsrommet skoleleder, foreldre og elev har til å benytte seg av alternative opplæringsarenaer.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Elevar skal som hovudregel vere på skulen, og fag- og timefordelinga legg føringane for korleis skuledagane er. Men som representantane peikar på, kan alternative læringsarenaer vere viktige for å løfte motivasjonen og meistringa hos einskilde elevar. I Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*, som blei lagd fram for Stortinget 13. september 2024, foreslår regjeringa ulike tiltak som skal bidra til betre opplæring til einskildelevar. Eit av tiltaka er å styrke rettleiinga om regelverket og moglegheiter i bruk av lokalt handlingsrom. Rettleiinga vil ivareta oppmodingsvedtaket. Samstundes har regjeringa invitert kommunar og fylkeskommunar til å søke om å bli forsøkskommunar. Dei som deltek, vil teste ut nye måtar å løyse oppgåver på gjennom fritak frå regelverket. Det kom inn ei rekke søknader på ulike sektorområde. Forsøka vil på sikt kunne gi nyttig kunnskap om eventuelle behov for endringar i regelverket.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Utvide målgruppa for oppfølgingstenesta

Vedtak nr. 737, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringen i den varslede stortingsmeldingen om 5. til 10. trinn vurdere å utvide oppfølgingstjenestens målgruppe til også å omfatte elevar på 10. trinn.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

I Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* foreslår regjeringa ei rekke tiltak for å få

meir praktisk opplæring i grunnskulen, betre skulemiljøet og redusere bekymringsfullt fråvær i grunnskulen. Regjeringa vurderer at dette er tiltak som er meir formålstenlege for å førebygge fråfall og fråvær for elevar på 10. trinn enn å utvide målgruppa for oppfølgingstenesta. Å sikre alle elevar grunnskuleopplæring og å førebygge fråvær er allereie skulen si oppgåve. Oppfølgingstenesta er ei fylkeskommunal teneste, medan det er kommunane som er lokal skulemyndigheit for grunnskulane. Regjeringa vurderer derfor at det ikkje er formålstenleg at oppfølgingstenesta skal ha ansvaret for desse elevane.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Sikre individuell tilrettelegging av opplæringa

Vedtak nr. 738, 5. juni 2023

Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan gjennomføring av vedtak om individuell tilrettelegging av opplæringen kan sikres, og påklages. I påvente av dette ber Stortinget regjeringa om å legge til grunn at manglende gjennomføring av individuell tilrettelegging av opplæringen fortsatt kan påklages til statsforvalteren.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet er i gang med å vurdere korleis gjennomføringa av vedtak kan sikrast på ein betre måte.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Meir variert praksis i lærarutdanningane m.m.

Vedtak nr. 471, 31. januar 2023

Stortinget ber regjeringa legge til rette for mer variert praksis i lærerutdanningene og sikre bedre oppfølging og veiledning av nye lærere i starten av karrieren, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja,*

Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta læreryrket framover, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Universitet og høgskular er gitt ansvaret for å lage gode lærarutdanningar under gjeldande rammeplanar og anna regelverk. Kunnskapsdepartementet held fram med å legge om til ei meir overordna styring av lærarutdanningane. Formålet er at institusjonane får større fridom og fleksibilitet til å utvikle utdanningane. 30. juni 2023 fastsette Kunnskapsdepartementet forenklingar i rammeplanane som mellom anna skal bidra til meir variert praksis. Alle rammeplanane krev at praksis i utdanningane er variert, vurdert og rettleia, og desse føringane blei styrkte i dei reviderte rammeplanane. Regjeringa si ekspertgruppe om styring av lærarutdanningane leverte sine tilrådingar til forskings- og høgare utdanningsministeren 20. juni 2024. Gruppa tilrår mellom anna at det blir laga éin rammeplan for lærarutdanningane som skal erstatte dagens elleve rammeplanar. Regjeringa vil ta stilling til korleis ein skal følge opp tilrådingane. Gruppa tilrår vidare at partnerskap mellom lærarutdanningsinstitusjonane og praksisfeltet blir forskriftsfesta.

Gode partnerskapar er ein føresetnad for god praksis og kan bidra til meir variasjon. I Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet* slår regjeringa fast at ho vil halde fram med satsinga på partnerskapssamarbeid i lærarutdanningane, og forventar at universitet og høgskular samarbeider med arbeidslivet om innhaldet i utdanningane. I meldinga står det òg at regjeringa vil vurdere å fjerne det forskriftsfesta kravet om fordeling av praksis i lærarutdanningane i oppfølginga av arbeidet til ekspertgruppa om styring av lærarutdanningane. Lengre praksisperiodar kan gi studentane breiare erfaring frå kvardagen i skulen, og med det meir relevant praksis. Fagleg råd for lærarutdanning 2025 held på å greie ut omgrepet «utvida praksis» i lærarutdanningane. Ei utvida forståing av praksis som noko meir enn dei ordinære praksisdagane kan bidra til å gi studentane meir varierte praksiserfaringar gjennom utdanninga.

Regjeringa vil innføre eit nytt heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og grunnopplæring. Eit av fire hovudtiltak i systemet er å styrke rettleiinga av nyutdanna lærarar i barnehage og skule, sjå nærare omtale i del II, programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Regjeringa foreslår å styrke og utvide tilskotsordninga til rettleiing for nyutdanna lærarar til også å gjelde nyutdanna lærarar i barnehage og vidaregåande skule, sjå omtale under kap. 226, post 61.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Plan for å vidareutvikle høgare yrkesfagleg utdanning

Vedtak nr. 484, 14. februar 2023

Stortinget ber regjeringen, i arbeidet med en stortingsmelding om fagskoler, legge fram en plan for vidareutviklingen av den høgere yrkesfaglige utdanningen som blant annet drøfter finansiering, studiepoengsystem, kapasitet og akkreditering.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*, jf. Innst. 170 S (2022–2023).

Regjeringa arbeider med ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Kunnskapsdepartementet har motteke fleire evalueringar som samla utgjør eit godt kunnskapsgrunnlag for å skrive ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Det gjeld mellom anna evaluering av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), evaluering av finansieringsystemet for høgare yrkesfagleg utdanning og ei fullevaluering fem år etter Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*. Meldinga til Stortinget vil mellom anna ta for seg utvikling, akkreditering og finansiering av fagskulane og tiltak for å sikre kvalitet og relevans i fagskoleutdanningane.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga.

Strategi for å auke rekrutteringa av lærarar

Vedtak nr. 690, 25. mai 2023

Stortinget ber regjeringen lage en strategi for økt rekruttering av lærere og komme tilbake til Stortinget på egnet måte om strategien. Strategien må sees i sammenheng med ordningene for veiledning av nyutdannede, etter- og vidareutdanningstilbudet, nye karriereveier for lærere i skolen og den varslede profesjonsmeldingen.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:211 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Freddy André Øvstegård, Grete Wold, Ingrid Fiskaa og Mona Fagerås*, jf. Innst. 366 S (2022–2023).

Som ein del av arbeidet med å snu den negative utviklinga for lærarrekruttering la regjeringa

fram strategien *Flere lærere i barnehage og skole – strategi for rekruttering til lærerutdanningene og lærertrykket 2024–2030* saman med organisasjonane i Nasjonalt forum for lærerutdanning og profesjonsutvikling (NFLP) i februar 2024. Organisasjonane vart samde om eit utfordringsbilete, fire mål med tilhøyrande tiltak og kva forpliktingar aktørane har kvar for seg og saman i arbeidet med å rekruttere og behalde fleire lærarar i barnehagane og skulane.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

13.3 Stortingssesjon 2021–2022

Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage

Vedtak nr. 35, pkt. 44, 2. desember 2021

Stortinget ber regjeringen i forskrift og lovforslag innføre meldeplikt til kommunen når eiendomsrett til barnehage i kommunen blir overført til andre enn staten eller den fylkeskommune der eiendommen ligger, og utrede hvordan det kan innføres en forkjøpsrett for kommuner.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket om å innføre meldeplikt til kommunen blei våren 2022 følgt opp i Prop. 82 L (2021–2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldeplikt m.m.)*. I proposisjonen blei det foreslått krav om at private barnehagar skal melde frå til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved nedlegging, eigarskifte eller andre organisatoriske endringar. Stortinget behandla forslaget 31. mai 2022, jf. Innst. 403 L (2021–2022).

Departementet sende forslag om å lovfeste at private barnehagar skal melde frå til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved overføring av eigedom, på høyring 1. november 2023 med høyringsfrist 1. februar 2024. Endringa skal gjere det tydeleg at meldeplikta også gjeld der det berre er eigedom som blir overført. Departementet bad om å få høyringsinstansane sine synspunkt på om det bør innførast ei ordning med kommunal forkjøpsrett ved sal av barnehagens eigedom. Departementet tek sikte på å legge fram endelege forslag til lovendringar for Stortinget i 2025. For meir

utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar

Vedtak nr. 35, pkt. 45, 2. desember 2021

Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å gjeninnføre kommunenes rett til å føre tilsyn med private barnehager, herunder gi kommunene innsyn i alle økonomiske disposisjoner i barnehager i kommunen som mottar tilskudd.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Departementet viser til høyringa av forslag til nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren datert 1. november 2023 med høyringsfrist 1. februar 2024. Departementet foreslo i denne høyringa å lovfeste at kommunen kan gjere vedtak om at tilskot til barnehagen skal haldast tilbake, reduserast eller krevjast tilbakebetalt ved brot på krav i barnehagelova med forskrifter som kommunen fører tilsyn med. Departementet bad om høyringsinstansane sine synspunkt på om det er behov for å gi kommunen heimel til å føre tilsyn med krava til bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i barnehagelova kapittel V med forskrifter. Departementet tek sikte på å legge fram endelege forslag til lovendringar for Stortinget i 2025. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen

Vedtak nr. 35, pkt. 53, 2. desember 2021

Stortinget ber regjeringen kartlegge hva som er de største utfordringene for praktisk opplæring både i de praktiske og estetiske fagene og andre fag i skolen, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Kartleggingen må blant annet vurdere kompetanse, fysiske fasiliteter og utstyrsituasjonen, særlig i de praktiske og estetiske fagene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*, som blei lagd fram for Stortinget 13. september 2024. I spørjinga til Skule-Noreg hausten 2022 blei det stilt eigne spørsmål om status for praktisk læring. Her fann forskarane at nesten alle grunnskular gjennomfører praktisk undervisning i kroppsøving, mat og helse og kunst og handverk i stor eller svært stor grad. For musikk oppgav derimot 10 pst. at dei i liten grad gjennomfører praktisk undervisning. Mange skuleleiarar rapporterte at dei opplevde problem knytte til den praktiske undervisninga. Den vanlegaste utfordringa er mangel på eigna areal og utstyr. For praktisk musikkundervisning er i tillegg mangel på lærarkompetanse eit vanleg problem. For eksempel rapporterte 18 pst. av skuleleiarane at dei opplevde utfordringar med praktisk undervisning i kunst og handverk, og 37 pst. rapporterte det same om musikkundervisninga. Funna i denne rapporten og andre innspel til stortingsmeldinga la grunnlag for at regjeringa innførte ei tilskotsordning og ei rentekompensasjonsordning for investeringar i utstyr, inventar og læringsarenaer som skal fremje praktisk læring i skulen.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Styrking av praktisk læring

Vedtak nr. 374, 1. februar 2022

Stortinget ber regjeringen i sitt varslede arbeid med en helhetlig ungdomsskolereform vektlegge endringer som skal bidra til å øke elevenes motivasjon, læring og trivsel og styrke den praktiske læringen, og videre at regjeringen inkluderer sektoren tett i arbeidet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:18 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Mathilde Tybring-Gjedde og Turid Kristensen*, jf. Innst. 129 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*, som blei lagd fram for Stortinget 13. september 2024. I meldinga blir det mellom anna gjort framlegg om eit nasjonalt program for praktisk læring som inneheld ei rekke økonomiske, pedagogiske og kompetansebyggande til-

tak. Tiltaka skal bidra til å styrke dei praktiske sidene i alle fag. I meldinga foreslår regjeringa òg å innføre valfag på mellomtrinnet og å gjere det obligatorisk for skulane å tilby arbeidslivsfag på ungdomstrinnet, som også er tiltak som vil bidra til å styrke den praktiske læringa.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

13.4 Stortingssesjon 2020–2021

Oppmodingsvedtak under kunnskapsministeren

Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar

Vedtak nr. 79, 12. november 2020

Stortinget ber regjeringa om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:113 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hanne Dyveke Søttar, Kari Kjønaas Kjos, Silje Hjemdal og Roy Steffensen om nødvendige regelendringer om politiattest for ansettelsesforhold i skoler og barnehager*, jf. Innst. 64 S (2020–2021).

Området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest, er utvida i den nye opplæringslova som tok til å gjelde 1. august 2024. Det omfattar fleire straffebod enn politiregisterlova § 39. Det gjeld reglar som rettar seg dels mot den personlege fridomen og fred, dels mot valdslovbrot og einskilde vinningslovbrot og dels mot kjønnslemlesting og forbodet mot tvangsekteskap.

Når barneomsorgsattestane etter opplæringslova no er utvida til å omfatte fleire straffebod som ikkje er omfatta av politiregisterlova § 39 første ledd, inneber det eit avvik frå den elles einsarta reguleringa av barneomsorgsattestar. Regjeringa følger opp oppmodingsvedtaket gjennom eit interdepartementalt samarbeid for gjennomgang og revisjon av barneomsorgsattestar etter politiregisterlova § 39. Det blir arbeid for å sende eit forslag til endring av politiregisterlova § 39 på høyring. Gjennom revisjon av politiregisterlova tek ein sikte på å etablere ein einsarta praksis for innhaldet av barneomsorgsattestar i samarbeid mellom dei departementa det gjeld.

Når det no er gjort endringar i reglane om politiattest på skuleområdet, vil departementet vurdere å gjere tilsvarende endringar i reglane om politiattest på barnehageområdet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov

Vedtak nr. 182, 3. desember 2020

Stortinget ber regjeringa utrede Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov, som er utarbeidet av ASVL (Arbeidssamvirkenes landsforening), og vurdere om dette kan gjøres til en nasjonal ordning, slik det anbefales i NIFU-rapport 18: 2018.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)*, jf. Innst. 2 S (2020–2021).

Ein viktig del av fullføringsreforma er at vidaregåande opplæring skal bli betre tilpassa mangfaldet i elevgruppa. Dei utvida rettane til vidaregåande opplæring opnar for nye moglegheiter for tilpassing, også for dei som i dag nyttar lærekandidatordninga. Eit tiltak i meldinga er å utvikle ordninga i lys av dei utvida rettane.

Riksrevisjonens undersøking i Dokument 3:12 (2015–2016) avdekkar eit behov for å klargjere målgruppa for lærekandidatordninga. Det kjem fram at fylkeskommunane bruker til dels ulike kriterium for dei som får opplæring i ordninga, noko som er bekrefta i nyare kartleggingar departementet har gjennomført i Fylkesdirektørkollegiet for kompetanse og utdanning (FKU) i 2024. Ein del fylkeskommunar tilbyr ikkje ordninga for elevar med utviklingshemming og dei med stort behov for tilrettelegging, men gir elevane eit reint skuletilbod også på yrkesfaglege utdanningsprogram. Andre fylkeskommunar gir denne elevgruppa eit skreddarsydd opplegg med opplæring i bedrift, til dømes den såkalla Østfold-modellen eller liknande.

Som del av utgreinga av Østfold-modellen har departementet henta innspel frå fylkeskommunane og Arbeidssamvirkenes landsforening (ASVL) og identifisert fem element som kan seiest å utgjere ein modell. Desse er 1) ein etablert modell for ei definert målgruppe i det fylkeskommunale rettleingsmaterialet for lærekandidatordninga, 2) kandidatane har ofte eit einskildvedtak om spesialundervisning, som no heiter

individuell tilrettelegging, 3) eigne tilskot til lærebedrifter som tek inn lærekandidatar med stort behov for tilrettelegging, som består av basistilskotet og eit tilskot som svarer til det fylkeskommunane ville brukt på spesialundervisning i skule, 4) samarbeid med vekst- og arbeidsinkluderingsbedrifter som lærekandidatane får læretida si i, og 5) ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og eit opplæringskontor for vekst- og arbeidsinkluderingsbedrifter som har spissa kompetanse på kandidatar med utviklingshemming og stort behov for tilrettelegging.

Vidaregåande opplæring er eit fylkeskommunalt ansvar som inkluderer å godkjenne lærebedrifter og å formidle lærekandidatar til opplæring i bedrift. Departementet meiner det vil vere å gå for langt inn i det fylkeskommunale ansvaret og handlingsrommet dersom staten skal regulere kva for lærebedrifter (punkt 4) og opplæringskontor (punkt 5) fylkeskommunane skal samarbeide med om ei konkret elevgruppe. Departementet vil heller ikkje innføre nye tilskot til lærebedrifter utover dagens satsar for lærlingtilskotet (punkt 3). Fylkeskommunane har i dag stor fridom til sjølve å utforme lokale tiltak for fleire lære plassar og betre kvalifisering til lære plass. Tilskotet frå staten til formidling og kvalifisering til lære plassar over kap. 225, post 69 støttar òg opp om dette arbeidet.

Departementet meiner det er grunn til å sjå nærare på måten elevgruppa er definert og omtala i det fylkeskommunale rettleiingsmaterialet på (punkt 1 og 2). Ei svakheit ved ordninga i dag er at målgruppa er omtala overordna, noko som skaper usikkerheit om dei med utviklingshemming og stort behov for tilrettelegging inngår i ordninga. Det er god grunn til å presisere dette betre i rettleiingsmateriale for ordninga, slik at også denne elevgruppa blir sikra eit reelt yrkesfagleg tilbod over heile landet.

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppgåve å greie ut og lage rettleiingsmateriale til fylkeskommunane om det yrkesfaglege tilbodet for personar med stort behov for tilrettelegging og utviklingshemming. Det skal bidra til å styrke ordninga og å avklare målgruppa for ordninga.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen

Vedtak nr. 942, 20. mai 2021

Stortinget ber regjeringa styrke rådgivnings- og veiledningstjenesten i skolen gjennom å legge til

rette for en tverrfaglig rådgivertjeneste og samarbeid mellom skoleeier, ungdomsskole, rådgivertjenesten, den videregående skolen og arbeidslivet, og gjøre det enklere for yrkesgrupper med erfaring fra annet arbeidsliv å bli ansatt i skolen som rådgivere.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Som varsla i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* vil departementet setje i gang ei utprøving av ulike samarbeidsmodellar for karriererettleiing. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse vil få i oppdrag å setje i gang ei slik utprøving. Utdanningsdirektoratet skal involverast på ein formålstenleg måte.

I statsbudsjettet for 2025 foreslår regjeringa 7,5 mill. kroner (hausteffekt) til eit tilskot retta mot fylkeskommunane, der midlane skal gå til utprøving av ulike modellar for organisering av samarbeid mellom karrieresenter og ungdomsskule og vidaregåande opplæring. HK-dir skal forvalte tilskotsordninga. Utprøvinga skal stimulere til å utvikle nye og betre former for samarbeid og samordning i karriererettleiinga i skulen. Departementet ønsker gjennom utprøvinga å få meir kunnskap om kva former for modellar som fungerer. Utprøvinga kan òg inkludere utforsking av korleis karrieresenter og arbeidsliv kan vere ein ressurs for ungdomsskule og vidaregåande opplæring.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Sluttkompetanse i vidaregåande skule

Vedtak nr. 1070, 1. juni 2021

Stortinget ber regjeringa, i samarbeid med partene, konkretisere nærmere forbedringer av Vg3 i skole som gir elevene en sluttkompetanse som tilfredsstiller arbeidslivets krav og som har tillit i nærings- og arbeidslivet.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet har i samarbeid med partane arbeidd for å betre tilbodet til dei som ikkje får

læreopplæringsplass, og fulgt opp vedtaket i ny opplæringsforskrift som tok til å gjelde frå august 2024. Det er eit problem at tilbodet startar seint på hausten, og at elevar i ein sårbar situasjon får eit unødvendig opphald i opplæringa. Den nye forskrifta slår fast at søkarar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, og som ikkje har blitt formidla til læreopplæringsplass, har rett til eit anna opplærings-tilbod med oppstart så snart som mogleg og seinast innan 1. oktober. Fylkeskommunen skal uansett søke å formidle dei som ønsker det, til læreopplæringsplass sjølv om dei har starta på eit anna opplærings-tilbod.

Regjeringa gjennomfører eit løft for yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2025 foreslår regjeringa 479 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreopplæringsplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreopplæringsplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane skal òg kunne brukast på å gi ei god opplæring til elevar som ikkje får læreopplæringsplass, slik at dei kan fullføre med eit fag- eller sveinebrev som blir verdsett i arbeidslivet.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er fulgt opp.

Heilskaplege og koordinerte tenester

Vedtak nr. 1104, 2. juni 2021

Stortinget ber regjeringa utrede og fremme en sak for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre at barn som trenger det, gis en rett til helhetlige og koordinerte tjenester.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*, jf. Innst. 581 L (2020–2021).

Regjeringa er oppteken av at barn og unge får dei tenestene dei treng, og at tenestene er godt koordinerte. 1. august 2022 tok ei rekke endringar i velferdstjenestelovgivning til å gjelde, jf. Innst. 581 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021). Endringane omfattar 14 lover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei plikt for kommunen til å samordne tenestetilbodet til den einskilde, og at det er innført rett til barnekoordinator på visse vilkår. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Det er viktig at reglane legg til rette for godt samarbeid mellom tenestene. Samstundes er det

viktig å arbeide med å skape ein god samarbeidskultur i tenestene, både i kommune, fylkeskommune og stat. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein felles rettleiar om samarbeid på tvers av velferdstenestene som blei publisert hausten 2022.

Regelendringane blir evaluerte av Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Evalueringa skal ha implementeringa av lovendringane som hovudformål. NTNU skal undersøke korleis sentrale aktørar tolkar og set i verk lovendringane. Vidare skal evalueringa fange opp endringar som følger av lovendringane, og om målsetjingane for endringane blir oppfylte. NTNU Samfunnsforskning leverte delrapport 1 datert 8. september 2023. Evalueringa vil halde fram til våren 2027.

Regjeringa vil vente på funn frå evalueringa før ei eventuell utgreiing av behovet for ytterlegare lovendringar for å sikre at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Opptrappingsplan for studieopplæringsplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

Vedtak nr. 941, 20. mai 2021

Stortinget ber regjeringa utarbeide en opptrappingsplan for studieopplæringsplasser innenfor medisin, helsefag og psykologi. Planen skal både inneholde konkrete tiltak for opprettelse av tilstrekkelig med studieopplæringsplasser ved utdanningsinstitusjonene, og tiltak som sikrer studentene praksisplass i helse-sektoren. Planen bør inneholde tiltak som gjør det attraktivt for helsearbeidere å være i sektoren. Stortinget ber regjeringa i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til Stortinget med innledende tiltak for å sikre flere studieopplæringsplasser innen medisin, helsefag og sykepleie.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga Dok. 8:281 S (2020–2021) *Representantforslag om opptrappingsplan for helseutdanningene fra stortingsrepresentantene Åshild Bruun-Gundersen, Bengt Rune Strifeldt, Morten Stordalen, Hanne Dyveke Støttar, Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Roy Steffensen*, jf. Innst. 419 S (2020–2021).

Regjeringa vil føre ein ambisiøs og offensiv kunnskapspolitik og bygge sterke profesjonsutdanningar av høg kvalitet i heile landet. Derfor varsla regjeringa i Hurdalsplattforma at ho vil trappe opp talet på nye studieplassar, med opptrappingsplanar for område med særleg stort kompetansebehov, som læraryrket, sjukepleie, realfag, IKT og medisin. Kunnskapsdepartementet tildelte i 2022 midlar til 300 fleire studieplassar i sjukepleiarutdanningane, og elleve statlege universitet og høgskular blei i tillegg bedne om å omprioritere innanfor rammeløyvinga si for å opprette ytterlegare til saman 200 fleire plassar, jf. Innst. 119 S (2021–2022) og Prop. 51 S (2021–2022). I 2022 fekk Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) midlar til 15 fleire studieplassar i medisin, jf. Innst. 2 S (2021–2022) og Prop. 1 S (2021–2022), og i 2023 fekk UiT midlar til ytterlegare 30 nye studieplassar i medisin, jf. Innst. 12 S (2022–2023) og Prop. 1 S (2022–2023).

I statsbudsjettet for 2024 blei det løyvd midlar til ytterlegare 60 nye studieplassar i medisin, likt fordelte mellom Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Bergen (UiB) og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), og det blei løyvd midlar til 20 studieplassar til fysioterapiutdanning og 20 studieplassar i vernepleie ved Høgskolen i Innlandet, jf. Innst. 12 S (2023–2024) og Prop. 1 S (2023–2024). Regjeringa har samla sett i perioden 2022–2024 lagt til rette for 645 fleire studieplassar innanfor helsefag, som fullt opptrappa inneber 2 550 fleire studentar årleg i desse utdanningane. I tillegg er dei 80 mellombelse plassane i medisin frå Utdanningsløftet 2020 førte vidare, som fullt opptrappa inneber 480 fleire medisinstudentar årleg.

I tillegg foreslår regjeringa i 2025 å løyve midlar til ytterlegare 50 studieplassar i medisin. Plassane blir fordelte med 15 studieplassar til NTNU for tilbod i Ålesund og Levanger, 15 til UiO for tilbod i Innlandet og 20 til UiB for tilbod i Førde. Desse plassane vil vere fullt opptrappa i 2031 og inneber 300 fleire studentar årleg.

Ein føresetnad for å trappe opp studieplassar er tilgang til praksisplassar. I Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar i heile landet* viser regjeringa til den bilaterale avtalen som regjeringa har inngått med KS for å auke kvaliteten og kapasiteten på praksis i kommunane for helse- og sosialfagstudentar. I meldinga varslar regjeringa at ho vil greie ut om finansieringa av praksis i profesjonsutdanningane bør endrast. Vidare vil regjeringa vidareføre bu- og reisestøtte i helse- og sosialfaga og at praksisplassar inngår i

nye avtalar mellom offentlege helse- og omsorgstenester og private leverandørar.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

13.5 Stortingssesjon 2019–2020

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020

Stortinget ber regjeringa opprette inntil 1 000 nye studieplasser innan høgere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassene som regjeringa varslat i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det vidare utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplasser årlig over fem år.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Stortinget har i 2020, 2021, 2023 og 2024 løyvd midlar til totalt 3 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er den største kapasitetsveksten i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår derfor midlar til 1 000 nye studieplassar til fagskulane i 2025. 100 av studieplassane skal gå til ordninga Industriefagskulen.

Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasiteten i fagskulane. Fylkeskommunane søker Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om midlar til nye studieplassar etter ein gjennomgang av kompetansebehov og kapasitet i fagskulane i eige fylke. Systemet bygger opp under fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør og at fagskulane skal tilby utdanningar som arbeidslivet etterspør. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treff kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg. Nasjonale styresmakter kan legge føringar for fordelinga av studieplassar for å sikre at det blir teke omsyn til nasjonale behov.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i dei årlege statsbudsjetta.

13.6 Stortingssesjon 2018–2019

Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Finansieringssystemet og ideelle barnehagar

Vedtak nr. 51, 22. november 2018

Stortinget ber regjeringen gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

Departementet viser til høyringa av forslag til nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren datert 1. november 2023 med høyringsfrist 1. februar 2024. Departementet foreslo i denne høyringa å gi kommunane større moglegheiter til å tilpasse tilskotet til barnehagane sine faktiske behov. Det skal bidra til meir stabil økonomi i barnehagar som i dag opplever at tilskotet ikkje strekk til, slik som særleg mange små og ideelle barnehagar opplever. Departementet tek sikte på å legge fram endelege forslag til lovendingar for Stortinget i 2025. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

13.7 Stortingssesjon 2017–2018

Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Vilkår for private barnehagar

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018

Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene*

Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

Departementet viser til høyringa av forslag til nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren datert 1. november 2023 med høyringsfrist 1. februar 2024. Departementet foreslo i denne høyringa at kommunen skal legge vekt på mellom anna lønns-, pensjons- og arbeidsvilkåra til dei tilsette ved berekninga av tilskot til dei private barnehagane. Departementet tek sikte på å legge fram endelege forslag til lovendingar for Stortinget i 2025. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Finansieringssystemet for private barnehagar

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018

Stortinget ber regjeringen i sitt videre arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

Departementet viser til høyringa av forslag til nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren datert 1. november 2023 med høyringsfrist 1. februar 2024. Departementet foreslo å gå frå eit system der tilskotet til private barnehagar blir berekna lokalt av kommunen etter detaljerte nasjonale reglar, til eit system der kommunen får større handlingsrom til å gi forskrift om berekning av tilskot til private barnehagar innanfor nasjonale rammer i lov. Forslaget skal sørge for meir treffsikre tilskot fordi kommunen kjenner sine barnehagar og lokale forhold best. Departementet tek sikte på å legge fram endelege forslag til lovendingar for Stortinget i 2025. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Høgare utdanning

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018

Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høyere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikke gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskole-elever to tilleggs-poeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet har gjort ein gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggs-poeng i systemet for opptak. Våren 2021 sette regjeringa ned eit offentleg utval som har vurdert heile systemet for opptak til høgare utdanning, jf. NOU 2022: 17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*.

Regjeringa har våren 2024 lagt fram forslag til endringar i regelverket for opptak til høgare utdanning i Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning*. Stortinget har behandla meldinga, jf. Innst. 378 S (2023–2024).

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket med dette er følgt opp.

13.8 Stortingssesjon 2016–2017

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av evalueringa av innføringa og verknadene av tiltaka i fagskulemeldinga. Ein midtvegsrapport er levert til

departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføringa av tiltaka. Ein rapport om evaluering av finansieringssystemet for fagskular er levert departementet i 2022. Endeleg rapport er levert departementet i 2023 og tek omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsvalueringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga om høgare yrkesfagleg utdanning.

13.9 Stortingssesjon 2015–2016

Oppmodingsvedtak under kunnskapsministeren

Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgt opp gjennom ei lovendring som tok til å gjelde 1. august 2018, jf. barnehagelova § 27.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*. Som ein del av oppfølginga av NOU-en fremja Kommunal- og distriktsdepartementet våren 2023 forslag om endringar i språkreglane i samelova, jf. Prop. 58 L (2022–2023). Sametinget blei konsultert om forslaget. Lovendringane blei vedtekne av Stortinget 30. mai 2023, jf. Innst. 441 L (2022–2023).

Regjeringa la våren 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høyere utdanning*. Stortinget har behandla meldinga, jf. Innst. 473 S (2022–2023). Meldinga har følgande omtale som er relevant for oppmodingsvedtaket:

Barnehageloven sier tydelig at det er kommunen, som barnehagemyndighet, som har ansvar for at

samiske barn i og utenfor forvaltningsområdet for samisk språk får et samisk barnehagetilbud. Det er behov for tydeligere informasjon fra barnehagemyndigheten om samiske barnehagetilbud og for bedre markedsføring av eksisterende tilbud. I lys av barnehagens betydning som språkarena og som arena for rekruttering av flere samiske elever i grunnsopplæringen, har barnehagemyndigheten et særlig ansvar for å styrke det samiske barnehagetilbudet.

Kommunen bør jobbe systematisk med å kartlegge behovet for samiske barnehageplasser og for samiskspråklig pedagogisk kompetanse i barnehagen.

Regjeringen vil vurdere om det bør gjøres endringer i barnehagelovens regler om samiske barnehagetilbud, og se dette i sammenheng med øvrige virkemidler for å løse utfordringene på det samiske barnehageområdet.

For å møte den økende etterspørselen etter samiske barnehagetilbud bør kommunen jobbe systematisk med å utvide tilbudet. Der det er vanskelig å etablere et samiskspråklig tilbud på

heltid, kan alternativet være deltidstilbud. Kommunen bør også arbeide aktivt for å rekruttere personale med samiskspråklig kompetanse. Prioritering av søkere med samisk språk der øvrige kompetansekrav foreligger, økt lønn, permisjon med lønn for å ta kurs og utdanning i samisk, er eksempler på målrettede tiltak som har hatt en positiv effekt. Et annet tiltak som har hatt god effekt, er å ansette språkarbeidere som ikke har formell utdanning, og som ikke er en del av den pedagogiske bemanningen. Dette bidrar til å styrke bruken av samisk språk i barnehagen.

Etter forslag frå og i samråd med Sametinget vil regjeringa opprette ei ekspertgruppe som skal vurdere korleis barnehagetilbodet til samiske barn kan bli betre. Departementet vil ha dialog med Sametinget om innspel til aktuelle kandidatar som kan sitje i ei slik gruppe, og utforming av mandatet.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

14 Landbruks- og matdepartementet

Tabell 14.1 viser ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet.

I siste kolonne i tabellen nedanfor går det fram om departementet legg opp til at rapporteringa på

oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet òg vil rapportere på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 14.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	851	Meir bruk av norskprodusert grovfôr	Ja
2023–2024	850	Tiltakspakke for å redusere jordbruksareal ute av drift	Nei
2023–2024	847	Prinsipp for berekning av inntekt i jordbruket	Nei
2023–2024	846	Prisutjanningsordninga for mjølk	Nei
2023–2024	571	Timetal per årsverk i jordbruket	Ja
2023–2024	569	Gjennomgang av tilskottssystemet i jordbruket	Nei
2023–2024	568	Drift av krevjande areal	Ja
2023–2024	567	Revidert strategi for økologisk landbruk	Nei
2023–2024	566	Plan for meir plantebasert mat	Nei
2023–2024	565	Mål om sjølvforsyning	Ja
2023–2024	560	Offentleg utgreiing om framtidas matsystem	Ja
2022–2023	928	Oppheve lov om endring av jordlova	Ja
2022–2023	867	Bruk av kart i tilskottssystemet	Ja
2022–2023	866	Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon	Ja
2022–2023	702	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	701	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	700	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	545	Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar	Ja
2022–2023	519	Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog	Nei
2022–2023	95	Utval matkastelov	Nei
2021–2022	754	Bransjeavtalar for biogassproduksjon	Nei

Tabell 14.1 Oversikt over oppmodnings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2021–2022	381	Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap	Nei
2021–2022	382	Dyrevelferda i svinenæringa	Nei
2021–2022	383	Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd	Nei
2021–2022	384	Alternativ til CO ₂ -bedøving av dyr	Nei
2021–2022	35 – nr. 29	Inntektsgap	Ja
2020–2021	1134	Viltlova – utgreiing av omgrepet «kunstig lys»	Ja
2017–2018	489	Fremje forslag til ein matkastelov	Nei

14.1 Stortingssesjon 2023–2024

Meir bruk av norskprodusert grovfôr

Vedtak nr. 851, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringa stimulere til mindre bruk av kraftfôr og mer bruk av norskprodusert grovfôr.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjæret 2024*, jf. Innst. 448 S (2023–2024).

Regjeringa har lansert eit målretta samfunnsoppdrag om berekraftig fôr som samlar næringsaktørar, avgjerdstakarar og forskingsmiljø i eit blågrønt utviklingsarbeid. Målet for oppdraget er at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr innan 2034 skal komme frå berekraftige kjelder og bidra til å redusere klimagassutsleppa i matsystema. Samfunnsoppdraget skal bidra til å bevare naturmangfald, utvikle ein sterk fôringrediensindustri og auke forsyningssikkerheita i Noreg. Auka del norskproduserte råvarer i kraftfôr til husdyr, og auka kvalitet og del grovfôr i fôrrasjonen til drøvtyggjarar er blant delmåla for samfunnsoppdraget.

Vedtaket blir òg følgt opp i dei årlege jordbruksoppgjæra, mellom anna er beitetilskotta auka for å gjere det meir lønsamt å ha dyr på beite. Den 8. mars 2024 la regjeringa fram Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleghetene i jordbruket*. Regjeringa sin strategi er delt inn i tiltak retta mot styrkt konkurransekraft, styrkt planteproduksjon til mat og fôr og tiltak for å oppretthalde dagens høge sjølvforsyningsgrad på husdyrprodukt. Alle tiltak i jord-

brukspolitikken framover må vurderast opp mot korleis desse påverkar målet som er sett om auka sjølvforsyning. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 851, 21. juni 2024 med dette er følgt opp.

Tiltakspakke for å redusere jordbruksareal ute av drift

Vedtak nr. 850, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringa frem til jordbruksoppgjæret for 2025 utrede en tiltakspakke for å redusere jordbruksareal som er ute av drift.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjæret 2024*, jf. Innst. 448 S (2023–2024).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket i jordbruksoppgjæret 2025, og vil komme tilbake til Stortinget i proposisjonen om jordbruksoppgjæret 2025.

Prinsipp for berekning av inntekt i jordbruket

Vedtak nr. 847, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringa innen februar 2025 på nytt komme tilbake med egen sak med forslag til prinsipper for beregning av inntekt i jordbruket og sammenligning med andre grupper, for å sikre demokratisk forankring av tallgrunnalet til bruk i jordbruksoppgjærene og legitimitet til forhandlingsinstituttet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjæret 2024*, som eit laust forslag til Innst. 448 S (2023–2024).

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Prisutjamningsordninga for mjølk

Vedtak nr. 846, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at ny markedsordning for melk har fungert minst ett år, før det vurderes å gjennomføre reduksjon av de konkurransefremmende tiltakene i prisutjevningensordningen for melk.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, som eit laust forslag til Innst. 448 S (2023–2024).

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Timetal per årsverk i jordbruket

Vedtak nr. 571, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at timetall pr. årsverk i jordbruket trappes ned i like deler til 1750 timer fram til 2027.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Den inngåtte jordbruksavtalen i 2024 tek første steg i nedtrappinga av tal timar i eit årsverk i jordbruket til 1 750 timar i 2027, ved å redusere timetalet frå 1 845 timar i 2024 til 1 810 timar i 2025. Regjeringa vil følgje opp vedtaket vidare i jordbruksoppgjøret 2025. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 571, 18. april 2024 med dette er følgt opp.

Gjennomgang av tilskottsystemet i jordbruket

Vedtak nr. 569, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen gå gjennom tilskuddssystemet for å vurdere om overføringene til jordbruket fører til en styrking av norsk selvforsyning, og at mer jord i Norge tas i bruk til matproduksjon.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av*

jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Dei årlege jordbruksoppgjøra inneber ein gjennomgang av alle tilskottsordningane i jordbruket, med sikte på å styrkje produksjonen av norske jordbruksprodukt og jordbruk over heile landet. I Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024* er det ei eiga liste over tiltak i jordbruksavtalen som særskild bidreg til auka sjølvforsyning. I jordbruksoppgjøret 2024 blei det i tillegg nedsett ei arbeidsgruppe som skal ha ein større gjennomgang av verkemidla innanfor kornsektoren sett i lys av ambisjonane om å auke sjølvforsyningsgraden og Stortingets handsaming av Meld. St. 11 (2023–2024). Satsinga på landbruket i Nord-Noreg blei òg styrkt for å bremse den negative utviklinga, og for å bidra til auka utnytting av regionale fortrinn og moglegheiter. I Meld. St. 11 (2023–2024) står det at alle tiltak i jordbrukspolitikken framover må vurderast opp mot korleis dei påverkar målet om auka sjølvforsyning. Vidare har regjeringa starta arbeidet med å utnemne eit offentleg utval som skal lage ei utgreiing om framtidens matsystem. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Drift av krevjande areal

Vedtak nr. 568, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen utrede og prøve ut et teigbasert system, eller tilsvarende, som skal bidra til drift av krevende areal.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

I jordbruksoppgjøret 2024 blei partane samde om at det, innanfor ordninga *Bærekraftig matproduksjon og verdiskaping i nord*, skal setjast i gang ei prøveordning med eit teigbasert tilskott i utvalde kommunar med stor del areal som det ikkje blir søkt tilskott for. Formålet med prøveprosjektet er å hindre attgroing av areal, og målet er å lage gode system og prøve ut ordningar som kan forvaltast på ein god måte. Landbruksdirektoratet er i gang med å utforme ei slik ordning, som etter planen skal setjast i gang frå 1. januar 2025. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 568, 18. april 2024 med dette er følgt opp.

Revidert strategi for økologisk landbruk

Vedtak nr. 567, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen revidere strategien for økologisk landbruk i 2024.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Landbruks- og matdepartementet arbeider med å revidere strategien, med sikte på at den tek til å gjelde i løpet av våren 2025, og regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Plan for meir plantebasert mat

Vedtak nr. 566, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2025 med en plan for mer plantebasert mat, hvor målet er at den samlede norske plantebaserte produksjonen skal styrkes og sammenhengen mellom de ulike leddene i verdikjeden skal økes.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

I medhald til Meld. St. 11 (2023–2024), skal alle tiltak i jordbrukspolitikken framover vurderast opp mot korleis dei påverkar målet om auka sjølvforsyning. I Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, er det ei eiga liste over tiltak i jordbruksavtalen som særskild bidreg til auka sjølvforsyning. Landbruks- og matdepartementet arbeider med å følgje opp punkta på denne lista. Vidare har regjeringa starta arbeidet med å utnemne eit offentleg utval som skal lage ei utgreiing om framtidens matsystem. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ein plan våren 2025.

Mål om sjølvforsyning

Vedtak nr. 565, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen arbeide etter et mål om at 50 pst. selvforsyning, korrigerert for import av fôr, skal nås innen 2030.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

I medhald til Meld. St. 11 (2023–2024), skal alle tiltak i jordbrukspolitikken framover vurderast opp mot korleis dei påverkar målet om auka sjølvforsyning. I Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, er det ei eiga liste over tiltak i jordbruksavtalen som særskild bidreg til auka sjølvforsyning. Landbruks- og matdepartementet arbeider kontinuerleg med å følgje opp punkta på denne lista, og regjeringa vil arbeide etter eit mål om 50 pst. sjølvforsyning, korrigerert for import av fôr, skal bli nådd innan 2030. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 565, 18. april 2024 med dette er følgt opp.

Offentleg utgreiing om framtidens matsystem

Vedtak nr. 560, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig starte arbeidet med en offentlig utredning som kan legge grunnlag for en stortingsmelding om fremtidens matsystemer, der folkehelse, klima, natur og landbruks- og matpolitikk blir satt i sammenheng.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Regjeringa vil snarleg setje ned eit offentleg utval som skal følgje opp Stortingets vedtak. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 560, 18. april 2024 med dette er følgt opp.

14.2 Stortings sesjon 2022–2023

Oppheve lov om endring av jordlova

Vedtak nr. 928, 16. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om å oppheve lov om endring av jordlova (oppheve forbudet mot nydyrking av myr).»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggslovingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023*, jf. Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa la 5. april 2024 Prop. 79 L (2023–2024) *Lov om endringer i viltloven mv. (endret*

betegnelse på organ i viltforvaltningen og oppheving av lovvedtak om nydyrking og nedbygging av myr) fram for Stortinget. Stortinget handsama proposisjonen 28. mai 2024, jf. Innst. 331 L (2023–2024). Lov 11. juni 2021 nr. 82 om endring av jordlova er med dette oppheva. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 928, 16. juni 2023 med dette er følgt opp.

Bruk av kart i tilskottssystemet

Vedtak nr. 867, 16. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, utrede hvordan bruk av datakart kan sikre høyere presisjon i tildeling av tilskuddsmidler og målrette arealtilskudd mot arealer som ligger brakk, som for eksempel et teigbasert tilskudd. Utredningen skal være klar før de ordinære jordbruksforhandlingene i 2024.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023) *Jordbruksoppgjøret 2023*, jf. Innst. 487 S (2022–2023).

I jordbruksoppgjeret 2024 blei partane samde om at det, innanfor ordninga *Bærekraftig matproduksjon og verdiskaping i nord*, skal settjast i gang ei prøveordning med eit teigbasert tilskott i utvalde kommunar med stor del areal som det ikkje blir søkt tilskott for. Formålet med prøveprosjektet er å hindre attgroing av areal, og målet er å lage gode system og prøve ut ordningar som kan forvaltast på ein god måte. Landbruksdirektoratet er i gang med å utforme ei slik ordning, som etter planen blir sett i gang frå 1. januar 2025. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 867, 16. juni 2023 med dette er følgt opp.

Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon

Vedtak nr. 866, 16. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, legge fram en strategi for økt selvforsyning og trygg matproduksjon basert på norske ressurser, og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med statsbudsjettet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023) *Jordbruksoppgjøret 2023*, jf. Innst. 487 S (2022–2023). Vedtaket er følgt opp med framlegginga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer*

og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 866, 16. juni 2023 med dette er følgt opp.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 702, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at Mattilsynet i større grad anmelder alvorlige brudd på dyrevelferdsloven.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023) gjeldande representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Mattilsynet har styrkt arbeidet med dyrevelferds kriminalitet og ferdigstilt retningslinjer for samarbeid mellom politiet og Mattilsynet. Tal på meldingar til politiet har auka dei siste åra, og dette vil bli følgt opp vidare framover. Temaet vil òg inngå i arbeidet med dyrevelferds meldinga. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med meldinga.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 701, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at dyreeiere som ikke etterkommer pålegg fra Mattilsynet etter alvorlige og gjentatte brudd på dyrevelferdsloven, lettere fratras retten til å drive med husdyrhold.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Oppfølging av kronisk dårlege dyrehald har vore eit prioritert område for Mattilsynet dei siste åra, og retningslinjer for oppfølging av desse dyrehalda er reviderte. Departementet har motteke fleire innspel om tilsynet sin verkemiddelbruk, og temaet vil inngå i arbeidet med dyrevelferds meldinga. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med meldinga.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 700, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen fremme lovforslag om å inkludere dyrevelferdsloven § 37 i opplistingen i straffeprosessloven § 216 b første ledd bokstav b.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024. Dyrevelferds kriminalitet og strafferamma etter dyrevelferdslova vil vere ein del av meldinga. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med meldinga.

Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar

Vedtak nr. 545 av 23 mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen avklare om handlingsrommet for donasjon av overskuddsmat til veldedige formål fra cruiserederier og skipshandlere mv. reelt begrenses av EU/EØS-regler, og avstemme regelverket i Norge med EU-land, med forbehold om at norske veterinærmyndigheter anser dette som forsvarlig.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:116 S (2022–2023), jf. Innst. 220 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om dispensasjon frå toll- og avgiftsregelverk mv. som hindrar donasjon av mat til velgjerande formål.

Departementet har gitt Mattilsynet i oppdrag å avklare handlingsrommet. Dei har komme med ei utgreiing og konkludert med at donasjon av overskott av mat frå cruiseskip og skipshandlarar ikkje vil vere forsvarleg og ikkje kan gjerast innanfor rammene av det gjeldande EØS-regelverket for veterinær grensekontroll. Grunngevinga er at donasjon frå cruiseskip og skipshandlarar inneber særleg stor risiko med tanke på dyrehelse og risiko for spreiding av smittsam dyresjukdom. Regelverket for veterinær grensekontroll har detaljerte krav til dokumentasjon og til kontroll ved utpeika veterinære grensekontrollstasjonar på grensa. Av praktiske grunnar er det vanskeleg for cruiseskip og skipshandlarar å oppfylle desse krava. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 545, 23. mars 2023 med dette er følgt opp.

Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog

Vedtak nr. 519, 14. mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå dagens metode for innsamling, registrering og kontroll

av viktige naturverdiar i norsk skog, og vurdere tiltak for å sikre at intensjonen med miljøregistrering er ivare tatt, og at miljøregistreringen har tilstrekkelig kvalitet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:40 S (2022–2023), jf. Innst. 191 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om ein ny skogpolitikk.

Landbruks- og matdepartementet gav i brev av 9. mai 2023 Landbruksdirektoratet i oppdrag å setje i gang ein feltkontroll av miljøregistreringar i skog. Landbruksdirektoratet har saman med Landsskogtakseringa ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), utvikla eit kontrollopplegg som skal gjennomførast i feltsesongane 2024 og 2025.

Vidare går NIBIO gjennom instruksjonen for miljøregistreringar i skog, med sikte på å kunne evaluere både instruksjonen og oppfølginga av den etter over 20 år med miljøregistreringar. Arbeidet blir utført i 2024 og 2025. Departementet legg til grunn at det blir avslutta etter feltsesongen i 2025. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når gjennomgangen er utført.

Utval matkastelov

Vedtak nr. 95, 1. desember 2022:

«Stortinget ber regjeringen sette ned et utvalg for å utrede matkastelov med mål om at loven skal tre i kraft i 2024.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa sette i februar 2023 ned eit utval som skal greie ut heilskapleg tiltaks- og verke-middelbruk for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030, og korleis ei matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Rapport frå utvalet kom i januar 2024, og det er lagt opp ein prosess for korleis dette skal følgjast opp.

